Det bør også setjast av midlar til ulike prosjekt slik at Gol kommune kan vera meir aktiv og tilstades for å marknadsføre kommunen som ein attraktiv arbeidsplass.

2200.1204 Lærlingar

Dersom kommunen skal klare å levere tenester i framtida, trengs det rekruttering til fleire fagarbeidaryrke. Det er difor svært viktig at kommunane kan tilby læreplassar innan barne- og ungdomsarbeidar og helsefagarbeidar, IKT og kontorfag.

Det blir budsjettert med inntak av tre nye lærlingar kvar haust i økonomiplanperioden.

Utrekna beløp er brutto, rekna ut frå inntak hausten 2010 med eit løp som følgjer hovudmodellen med %-vis opptrapping av løna. Vi får tilskot til ordninga frå Kommunenes Opplæringskontor, denne blir budsjettert som inntek.

I samarbeid med KS-Buskerud, dei andre kommunane i Hallingdal og Hallingdal sjukestugu, vart det starta eit rekrutteringsprosjekt hausten 2007 for å få ungdom til å velje utdanning som helsefagarbeidar. Tiltaket har gitt gode resultat, og har vore med og styrka det vidaregåande skuletilbodet i Hallingdal. Utfordringa vil vera å få desse elevane til å velje læreplass framfor påbygging til studiekompetanse. Rekrutteringsprosjektet blir vidareført og det er difor viktig at kommunane har læreplassar å tilby desse elevane i planperioden. I 2010 vil det vera 30 elevar (mot 6 i 2008) som går ut frå helse-/sosialfag ved ÅI vidaregåande skule. Målet må vera at dei fleste av desse skal velje læreplass – då må vi ha ein plass å tilby!

2200.1204 Livsfase-/seniorpolitikk

Gjennom Hovudtariffavtala kap. 3. pkt. 3.2.3 er kommunen forplikta til å utvikle virkemiddel for å motivere medarbeidarar til å stå lenger i arbeid. Eitt av dei viktigaste måla i IA-avtala er også å hindre utstøying frå arbeidslivet og utsette pensjoneringsalderen, om denne blir vidareført og korleis, veit vi ikkje før dei sentrale partar har gjort sine vurderingar og eventuelt forhandla fram ei ny avtale med regjeringa.

"*Livsfasepolitisk plan med vekt på seniorar*" er vedtatt gjeldande frå 2008. Planen skal evaluerast innan 01.12.2010. Økonomiske tiltak som ligg i planen, er berekna og innarbeid i budsjett 2010. Trass i pensjonsreforma og vidareføring av tenestepensjonen etter noverande modell, vil det framleis bli ei stor utfordring å behalde medarbeidarane lengst mogleg. Seniorpolitiske tiltak må vidareførast i perioden, men kanskje med andre virkemiddel enn dei som ligg der i dag. Særleg bør ordninga med redusert stilling og full løn (blir budsjettert per avdeling) vurderast nøye fordi dette har vist seg å vera eit kostnadskrevjande tiltak.

2200.1204 Trainee-program

Vi har hatt kontakt med KS om ein trainee-ordning. Dette går ut på at KS formidlar kontakt med høgskule- / universitetsutdanna ungdom som er interesserte i ein jobb i det offentlege, for å lære meir og kvalifisere seg etter avslutta utdanning. KS står for rekrutteringsarbeidet, medan kommunen må betala løn (minsteløn fastsett av KS) og ei deltakaravgift som mellom anna dekkjer rekrutteringskostnader, kurs for den som skal følgje opp trainee-en og erfaringssamlingar så lenge løpet varer (2 år). Kommunar som har hatt trainee-ar har meldt tilbake at dei er svært fornøgde med dette og at dei har rekruttert fleire faste medarbeidarar på denne måten.

2200.1208 Opplæring, utvikling og leiaropplæring

Felles leiaropplæring for kommunane i Hallingdal (Coaching og relasjonsleiing) er planlagt vidareført med ei gruppe i 2010, slik at nye leiarar tilsatt i 2008/09 også får same tilbod. Det er ein føresetnad at vi får OU-midlar frå KS også til dette opplegget.

Vi vil saman med dei andre kommunane i Hallingdal halde fram med å samarbeide om opplæringstiltak og foreslår difor å vidareføre denne budsjettposten i planperioden.

Årsbudsjett 2010

Kommentar til årsbudsjettet

Unnateke det som er ført opp som nye tiltak, vil Økonomiplan 2010-2013 for Løns- og Personalavdelinga vera ei framskrivning av budsjett 2009/10 i samsvar med merknader ovanfor og årlege justeringar i rådmannenss budsjettdirektiv. På noverande tidspunkt er det ikkje andre kjende behov for nye eller endra tiltak enn det som er sett opp og kommentert i det ovanstående.

2.1.3 SEKRETARIATET

Mål 2010-2013

Sekretariatet skal

- ha mottak og utsending av post
- ha ei felles post- og arkivteneste i kommunen
- ha heilskapleg fagansvar for og koordinering av all arkivteneste
- ha fagkompetanse på sentrale lovverk knytta til kommunal forvaltning og offentleg innsyn
- praktisk/teknisk klargjere saker til politiske utval når dei er ferdigstilte for handsaming
- syte for politisk sekretariat til styre, nemnder og råd, støtte og rådgje medlemene av desse
- bistå i utvikling av samarbeidsforhold mellom politikk og administrasjon og vera politisk sekretariat, spesielt for ordførar og politiske organ i kommunen
- effektivisere vedtak som er kurante, og som ikkje krev oppfølging frå avdeling og ansvarleg sakshandsamar
- ha funksjon som kommunens eigedomsskattekontor
- vera med å leggje til rette for utvida bruk av GAB-registra og andre registre som er retta mot generell bruk i kommunen
- vera med å leggje til rette for meir effektiv innbyggjardialog ved å gjera tenester som handtering og innsyn i saker og dokument elektronisk tilgjengelege
- effektivisere intern dokumentflyt og tilgang på dokument, inkludert elektronisk/digitalt
- som vertskommune, ha regionalt ansvar for og vidareutvikle felles kontorstøtte for sak/arkiv

Tiltak 2010 - 2013

Bemanning, kontor, arbeidsoppgåver

Sekretariatet har i overgangen 2008-2009 fått på plass tre nye arbeidsplassar i dei same lokala som vi før hadde 2, dels 3.

Eigedomsarkivet (byggningsarkivet) er ved årsskiftet 2008/2009 erstatta av nytt. Det gamle rullearkivet er flytta og blir brukt til andre arkivformål i kommunen.

Personale er også på plass slik at sekretariatet nå skal ha kapasitet til å sette i gang førebuingsarbeidet med ytterlegare samordning av posthandtering og arkivtenester slik det har vore føresett gjennom tidlegare vedtak m.a. å *avklare rolla til sekretariatet i forhold til kva avdelingane kan forvente*. Dette omfattar forventningar, rutiner, arbeidsfordeling m m. jf k.sak 14/07 i samband med evalueringa av kommunens organisasjon frå 1.1.2004 om at kommunen må *avklare rolla til sekretariatet i forhold til kva avdelingane kan forvente*. Dette har m.a.med prioritering av oppgåver, post/saker inn og ut i kommunen, arkiv, samhandling og dokumentflyt, og forholdet til eigen administrativ organisasjon, den politiske organiseringa og i høve til innbyggjarar, publikum, media

Ei generell, men viktig betraktning: Tiltak og arbeid som følgjer ymse eigne eller felles prosjekt i Hallingdal, og som skal kommunisere med post-/arkivsystema krev stadig meir arbeid i utgreiingsfasen, og i og etter gjennomføring, driftsmessig. Integrasjon som dette er så viktig at det er framleis behov for å minne om det.

Eigedomsskatt – utviding eller ikkje

Hausten 2008 og i 2009 har formannskap og kommunestyre klarert for å utgreie eventuell utviding til å omfatte heile kommunen og ikkje som nå berre tettstadskatt og verk og bruk (som inkluderer kraftanlegg). I løpet av tidleg sumar 09 har også Nes kommune vedteke eit liknande utgreiingsarbeid. Det vil bli drøfta eit nærare samarbeid. Utgreiinga må uansett situasjonen med Nes vera så klargjerande at kommunestyret kan ta standpunkt til utviding eller ikkje i løpet av budsjettprosessen hausten 09. Blir det utviding så vil det samtidig ligge til rette for felles nytaksering med dei som i dag

er pålagt eigedomsskatt og der vi likevel nærmar oss omtakseringstidspunktet på 10 år (for Gol tettstad/kommunedelplanen og verk/bruk).

Gol kommune må vurdere å opprette ei (prosjekt)stilling der prioritert oppgåve vil vera førebuing av utvida eigedomsskatt, nytaksering av dagens skattepliktige og ny taksering ut frå utvidinga til heile kommunen. *Heilt avgjerande for å kunne gjennomføre utvidinga av eigedomsskatten vil vera innsatsen den enkelte kommune gjer når det gjeld grunnlagsmateriale som matrikkelen og GAB.* Sjølv om vi i Gol meiner å vera bra å jour for dei siste åra er det utan tvil ein betydeleg og betydningsfull innsats som framleis må på plass av data om eigedomar.

| Budsjettkap. | NYE tiltak og endringar | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 |
|--------------|--|------|------|------|------|
| 2100.1206 | Vurdere oppg. og organisatoriske spm | 50 | 50 | 0 | 0 |
| 2100.1206 | Utvikling og kommunalt-regionalt samarbeid | 100 | 100 | 100 | 100 |

Kommentar til tiltak i økonomiplanperioden 2010-2013

Forslag til ei utvida ramme til sekretariatet er ei vidareføring av kva som var presentert i førre handlingsprogram, eit årleg ikkje-spesifisert beløp på driftssida. Dette kan godt liggje på formannskapetets disposisjonskonto. Det kan liggje på varierende moglege tiltak, slik som å etablere låsbare postboksar eller installasjon av låsesystem på rom til folkevaldes interne posthyller og det vil vera relevant i høve vurderingar av organisatoriske sider ved staben og avdelingane der.

I løpet av 2010/2011 vil kommunen på nytt måtte vurdere bemanning og organisering i sekretariat og stab også uavhengig av resultatet av eigedomsskatten. Det finansielle ved eigedomsskatten vil vera sjølvfinansierende, og sjølv sagt meir enn det.

2.1.4 PLAN OG UTVIKLING - IKT

Mål 2010-2013

IKT-avdelinga skal

- utvikle det regionale samarbeidet vidare, eventuelt som eiga regional eining
- utnytte effektiviseringspotensiale i regionalt samarbeid
- bistå avdelingsleiarane ved val og innføring av fagsystem og koordinere dette regionalt
- vidareutvikle kommunens IKT-infrastruktur
- syte for at interne støttefunksjonar/superbrukarar har nødvendig kompetanse
- opprette plassar til lærlingar innan IKT faget
- vidareutvikle dei eksterne IKT-tenestene mot publikum

Tiltak 2010-2013

IKT - lokalt

- Tidsregistreringssystem integrert mot aktuelle fagsystem
- Ny kabling på kommunehuset grunna nye krav til hastigheit med meir

IKT - Hallingdal

Mange av tenestene på IKT er flytta over til sentrale løysingar i Hallingdal. Dette stiller krav til samordning av applikasjonar i Hallingdal. I tillegg krev den raske teknologiutviklinga i samfunnet store krav til funksjonalitet.

Tiltak som er under arbeid

- Nytt datanett mellom kommunane i Hallingdal
- Skulane i Hallingdal - utbygging og samordning
- Søknadsskjema på web
- Nye modular felles programvare
- Kvalitetssystem

Nye tiltak

- Samhandlingsplattform
- Intranett
- Samordning av telefonsentralar

Økonomiplan 2010-2013

INVESTERING – IKT-avdelinga sitt framlegg:

| Budsjettkap. | NYE tiltak og endringar | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 |
|--------------|-------------------------|------|------|------|------|
| | Telefoni | * | | | |
| | Trådlaust | * | | | |
| | Nye behov | * | 200 | 200 | 200 |
| | Kabling | 900 | | | |
| | Hallingdalsmagneten | 555 | 555 | 600 | 600 |

Kommentar til investeringstiltak i økonomiplanperioden 2010 – 2013

* Tala er ikkje utarbeidd ennå.

Kabling er utsett til 2010

Kommentar til driftstiltak i økonomiplanperioden 2010-2013

Driftsbudsjettet for 2010 er ikkje utarbeidd ennå.

Mål 2010-2013

Næringsutvikling

- Utarbeide ein næringsplan/reiselivsplan
- Følgje opp målsetjingane i ei til kvar tid gjeldande planar
- Følgje opp prioriterte tiltak i Utviklingsplan Gol tettstad sitt handlingsprogram
- Tilby potensielle og etablerte gründerar kvalifisert etablerarretteing og informasjon gjennom Hallingdal Etablerarsenter
- Gol skal vera blant dei fremste reiselivskommunane i landet.

Jordbruk

- I samsvar med nasjonale føringar skal Gol kommune ha eit sterkt fokus på jordvern i forvaltninga
- Utarbeide beitebruksplan for Gol kommune
- Gjennomføre prioriterte tiltak i revidert "Handlingsplan for landbruket i Gol"
- Næringsavdelinga skal fylla ei viktig rolle som formidlar av informasjon til landbruksnæringa innanfor fagområdet
- Samarbeide med faglag og næring om aktuelle prosjekt til dømes (40 000: 4 auke sauetalet i Buskerud)
- Vera tilgjengeleg og serviceinnstilt og ha fokus på brukarane og Gol-samfunnet.

Skogbruk, vilt- og fiskeforvaltning

- Utarbeide ein ny oversiktsplan for skogbruket i Gol med bakgrunn i ny skogtakst
- Delaktig i utsiktsryddeprosjekt gjennom å føreslå aktuelle strekningar
- Oppretthalde hogstkvantumet og gjennomføre nyplanting slik at ein kan auke den framtidige produksjonen av kvalitetsvirke samt auke skogens opptak av CO₂ i samsvar med ønsket frå klimaplanen
- Utgreie mulegheitene for utvikling av effektive system for utnytting av fjellbjørke-skogen i bioenergisamanheng
- Ta omsyn til MIS-registreringane i skogen, viltkartet, bestandsplanene for hjortevilt og driftsplanen for Hallingdalselva i planarbeid
- Syte for balansert hjorteviltforvaltning der omsyn til skog, biologisk mangfald og trafikksikkerheit er teke vare på
- Vurdere område som kan vera aktuelle for frivillig vern og bidra til å gjera ordninga kjend for skogeigarar i Gol.

Naturforvaltning og miljøvern

- Ta omsyn til registreringane av biologisk mangfald i planarbeid
- Revider datagrunnlag for biologisk mangfald
- Følgje opp varmeplan i Gol sentrum og medvirke til realisering av alternative energikjelder i heile kommunen
- Følgje opp arbeidet med registrering og tilsyn av aktuelle ureiningskjelder
- Stimulere og motivere bedrifter og verksemder til å verte Miljøfyrtårn
- Gje innbygarane i Gol kommune god tilgang på miljøinformasjon
- Medverke til forvaltingsplan for Hallingdalsvassdraget i samsvar med vassdirektiv frå EU.

Tiltak 2010-2013

- Utarbeide næringsplan/reiselivsplan
- Utarbeide ein ny oversiktsplan for skogbruket i Gol med bakgrunn i ny skogtakst
- Auke skogens opptak av CO₂ i samsvar med ønsket frå klimaplanen gjennom å stimulere til auka planting av skog. Dette føreset lovnad om kommunalt tilskot
- Vurdere område som kan vera aktuelle for frivillig vern og bidra til å gjera ordninga kjend for skogeigarar i Gol
- Delaktig i utsiktsryddeprosjekt gjennom å føreslå aktuelle strekningar

- Gjennomføre prioriterte tiltak i revidert handlingsplan for landbruket
- Utarbeide beitebruksplan for Gol kommune
- Bidra med eigeninnsats i klima – og energiplan for Hallingdal og Valdres
- Stimulere og legge til rette for realisering av bioenergisentral(ar) i Gol kommune
- Gjennomføring av revidering av biologisk mangfald-data og kartlegge nye naturtyper/arter.

Økonomiplan 2010 – 2013

Generelt

Dei føreslåtte drifts- og investeringstiltaka er hovudsakleg oppfølging av politiske vedtak gjort dei siste fem åra, og desse må derfor innarbeidast i budsjettet for økonomiplanperioden 2010-2013.

INVESTERING - Næringsavdelinga sitt framlegg:

| Budsjettkap. | NYE tiltak og endringar | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 |
|--------------|---|------|------|------|------|
| | 2.) Investering i eit nytt og betre kartgrunnlag for framtidig planlegging som eit ledd i ny skogbruks-plan | 100 | 100 | 100 | |
| | 2a) Praktisk bruk av varmeplan for Gol sentrum, stimulere til vidare arbeid både for kommunens eigne bygg og for store private bygg 2b) Bidra til å utvikle mulegheiter når det gjeld utnytting av bioenergi i Gol | 250 | 250 | 250 | 250 |
| | 4) I samsvar med ny samfunnsdel i ny kommuneplan og klimaplan - gje tilskot til skogplanting i med 1 kr/per utsett plante | 100 | 100 | 100 | 100 |
| | 4.) Revidere næringsplan og reiselivsplan for Gol | 100 | 100 | | |
| | Fond for tilskot ved kjøp av mjølkekvote i kommunen | 100 | 100 | | |
| | 6.) Utarbeiding av ny beitebruksplan i Gol | 50 | | | |
| | 7.) Revisjon av nykartlegging av biologisk mangfald i Gol | 50 | 50 | | |
| | 8.) Kristenbråten | 500 | 300 | | |

Kommentar til investeringsstiltak i økonomiplanperioden 2010-2013

Praktisk bruk av Varmeplan for Gol sentrum

Det vart i 2007 gjort eit forprosjekt for bruk av bioenergi Gol sentrum som no vert brukt som varmeplan. Fleire varmesentralar med pellets som energikjelde er skissert. Planen vert brukt som verktøy i arbeidet med å få realisert varmesentral(ar) i samarbeid med private aktørar og Hallingdal bioenergi. Gol kommune ynskjer fyrst og fremst å vera ein tilretteleggjar for bruk av ikkje fossilt brennstoff, og med bakgrunn i dei skogressursane som finst i kommunen og i resten av Hallingdal, er det naturleg å tenkje bioenergi.

Når det gjeld kommunale bygg med olje-kjelar, er det framtidiretta å tenkje alternativt til elektrisitet når kjelane skal skiftast ut.

Gol kommune skal vera ein pådrivar for å leggje til rette for bruk av bioenergi i framtidige bustadfelt og hyttefelt. Vidare ynskjer næringsavdelinga å kunne bidra til å sjå på mulegheiter innan utnytting av fjellbjørkeskogen og kantryddingar til bruk i bioenergi.

Det bør derfor setjast av ressursar til dette.

Tiltak i reviderte "Handlingsplan for landbruket i Gol"

Tiltak 5 og 6 er gjennom den reviderte handlingsplanen vedtekne som investeringstiltak for å kunne realisere hovudmåla i handlingsplanen.

Eigedomen Kristenbråten

Kommunestyret behandla i møte 05.05.2009 sak 14/09. Det vart gjort slikt vedtak:

Planar for framtidig bruk av eigedomen Kristenbrøten:

1. Med bakgrunn i eit kostnadsoverslag for rehabilitering av bygningane og inneståande beløp på Kristenbrøten, fondskonto, ca kr 300 000, blir alle husa/bygningane på Kristenbrøten teke vare på slik som skissert i alt 1 i kostnadsoverslaget frå Håkon Skrindo.
2. a) Området Kristenbrøten blir avsett til mogleg framtidig barnehage.
b) Det blir samtidig sett av areal til ei mogleg ny tomt til Hallingdal Krisesenter.
3. Fram til ny barnehage eventuelt blir etablert, skal Kristenbrøten kunne bli tatt i bruk som naturbase med dei krav ein naturbase krev.
4. Utarbeiding av reguleringsplan for området vert starta opp når kommunen har ledig plankapasitet.
5. Ytterlegare økonomiske midlar til oppgradering og bruk av eigedomen i samsvar med gåveføremålet må vurderast i samband med handsaminga av økonomiplan 2010-2013.
6. Rådmannen har ansvar for praktisk oppfølging.

Dette er eit tiltak som ikkje er prioritert spesielt frå næringsavdelinga, men som burde vore innlemma i Gol Byggdrift KF.

I tillegg til dei 300 000 kronene som alt står på konto, trengst det ut frå rapporten frå Håkon Skrindo ytterlegare 500 000 kroner.

Tilskot fjellveggar/stølsveggar

I handlingsplanen for landbruk er det føreslått at kommunen skal innføre årleg tilskot til fjellveggar/stølsveggar i kommunen. Her har kommunalteknisk avdeling ein sum til viktige fjellveggar/gjennomfartsveggar. Det er ikkje budsjettert med midlar utover dette.

Grøn omsorg

Landbruket har naturlege føresetnader for å auke livskvaliteten for mange menneske. "Grøn omsorg" er eit samleomgrep for tilrettelagde tilbod frå gardbrukarar som ynskjer å nytte gardsbruket sitt i aktivt arbeid for barn, unge og vaksne med særskilte behov.

I "Handlingsplan for landbruket i Gol" er Grønn omsorg nemnt som eitt av fleire aktuelle tilleggsnærings tiltak i landbruket. Det er viktig å få fleire tilbydarar av "Grønn omsorg / Inn på tunet"- tiltak i kommunen, og det er viktig at avdelingane set av midlar til kjøp av slike tenester.

ANDRE TILTAK (IKKJE POLITISK HANDSAMA):

Investering i nytt og betre kartgrunnlag for framtidig planlegging som ledd i ny skogbruksplan

Det vil i 2010 (2011) koma nye planar for skogbruket i Gol. Desse planane vil kvar enkelt skogeigar få tilbod om å kjøpe til ein redusert pris ved bruk av ulike ordningar; - skogfond, sentrale midlar gjennom Geovekst og rentemidlar av skogfond. I samsvar med Geovekst- samarbeidet er også kommunen med og betaler sitt bidrag. Dette bidraget er det utbyggings-avdelinga som betaler ut frå kva det er dei ønskjer å kartleggje. Kort fortalt så har utbyggingsavdelinga og næringsavdelinga blitt einige om å kartleggje heile Gol med en god kvalitet som bidrar til å gjera alle framtidige vedtak betre, sikrere og enklare.

Skogbruket har i utgangspunktet sagt seg villig til å dekkje dei kostnadene som går med til å dekkje skogen heilt opp til tregrensa, det som er over tregrensa, må kommunen dekke.

Eksakt sum for dette er i skrivande stund litt usikkert, men det er stadfesta at dette beløpet kan delast opp og betalast over ein 3-årsperiode.

Revisjon av nykartlegging av biologisk mangfald i Gol

Fylkesmannen i Buskerud har sett i gang prosjekt for kommunane i Buskerud som gjeld ny kartlegging av biologisk mangfald og kvalitetsikring av kartlagte data i DN's naturbase. Det er sett av ca 100 000 kroner til kvar kommune som vil vera med, øymerka "biologisk mangfald" pluss noko til viltkartlegging. Gol kommune vil vera på dette. Det er samstundes høve for kvar kommune til å gå inn i prosjektet med eigne midlar og dermed få utvida omfanget av arbeidet. Sett i lys av naturmangfaldet i

Gol og stadig utbyggingspress, vil det vera klokt av Gol kommune å få god og oppdatert kunnskap om dei naturverdiane kommunen har.

DRIFT - Næringsavdelinga sitt framlegg:

| Budsjettkap. | NYE endringar | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 |
|--------------|---------------------------|------|------|------|------|
| | Ingen framlegg til drift. | | | | |

2.2.2 UTBYGGINGSAVDELINGA

Mål 2010-2013

OPPMÅLING/GEODATA

1. Sørge for at det ligg føre offentleg oppdatert kartgrunnlag for dei føremål som er fastsette i plan- og bygningslova
2. Kunne tilby kartgrunnlag så nøyaktige og detaljerte som det krevst, for eit kvart privat og offentleg utbyggingstiltak som måtte komme opp
3. Oppdatert digitalt planregister tilgjengeleg for alle brukarar på internett
4. Tilfredsstillende tidsfristar i ny matrikkellov og forskrift.

REGULERING/PLAN

1. Gjennom planarbeidet leggje til rette for berekraftig utvikling til beste for kvar og ein, samfunnet og framtidige generasjonar
2. Kommunens planlegging skal syte for opne prosessar med medverknad for alle berørte interesser og offentlege instansar
3. Prinsipp om universell utforming, omsyn til barn og unges oppvekstmiljø og prinsipp om estetisk utforming av bygg og omgjevnader skal vektleggjast
4. Gjennom arealbruken sikre langsiktige behov blant anna gjennom kvalitetskrav og bruk av omsynssoner
5. Alle planar skal skildre verknader av utbygging og tiltak for miljø og samfunn samt eigne krav til risiko og sårbarheitsanalysar
6. Ta initiativ til interkommunalt plansamarbeid med regionale styresmakter og nabokommunar
7. Gjennom generell planføresegn pålegge at nye utbyggingsområde skal tilretteleggjast for vassboren varme
8. Utarbeide lokale klima- og miljøplanar som rettsleg bindande kommunedelplanar.

BYGGJESAK

1. Sikre at tiltak blir i samsvar med lov, forskrift og planvedtak
2. Ta i bruk ByggSøk som eit offentleg system for elektronisk kommunikasjon i plan- og byggjesaker. Målet er effektivisering hos private og kommunar
3. Leggje til rette for godt forma bumiljø og bustadområde
4. Dokumentere krav til energieffektivitet gjennom sakshandsaminga
5. Utarbeide og iverksetje tilsynsordning.

Økonomiplan 2010 - 2013

INVESTERING - Utbyggingsavdelinga sitt framlegg:

| Budsjettkap. | NYE tiltak og endringar | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 |
|--------------|---|------|------|------|------|
| | Innspel til 2010 prosjekt og Geodataplan | 100 | 100 | 100 | 100 |
| | Interkommunal tilsynsordning (vidareføring) | 200 | 210 | 220 | 230 |

Kommentar til investering i økonomiplanperioden 2010 – 2013

Gol kommune har heilt sidan starten vore med i Geovekstsamarbeidet. I perioden 2010 – 2013 er det Nes, Gol og Hemsedal som står for tur når det gjelder nykartlegging. Det er gjort ein gjennomgang på aktuelle område saman med partane i Geovekstsamarbeidet. Arealet for laserskanning i Gol er endra frå 255 km² til å dekkje heile kommunen 531,2 km² etter ønskje frå næringsavdelinga som skal ha skogtaksering i heile kommunen. Kostnadsfordeling mellom avdelingane er ikkje gjort, slik at årleg investeringssum er retningsgivande.

Kommuneplan for Gol 2001-2010 – utdrag av mål for verksemda

Vassforsyning og avløpsrensing

- "Hovudplan vassforsyning" og "Hovudplan avløp" skal vera retningsgjevande for prioritering av tiltak på vass- og avløpssektoren. Innbyggjarane og verksemdene i kommunen skal til kvar tid ha tilstrekkeleg vatn av drikkevasskvalitet.
- Kommunale vass- og avløpstenester skal bli sikra gjennom gode kvalitetssikringsystem, rutiner og informasjon.
- Beredskaps- og vaktordningar på kommunale vass- og avløpsanlegg skal vurderast i planperioden.
- Gol kommune skal ha 100 % dekningsgrad på kommunale kostnader med vass- og avløpstenester.
- Vasskvaliteten i Tisleifjorden, Hallingdalselva og Hemsil skal vere eigna for bading og rekreasjon.

Renovasjon

- Målsetjingane i Avfallsplan for Hallingdal og Krødsherad skal gjennomførast i løpet av perioden.
- Gol kommune skal stimulere føretak som er baserte på avfallsminimering og gjenvinning.

Kommunale vegar

- Kommunale vegar i Gol skal ha tilfredsstillande standard for dei behov vegane skal tene.
- Nye kommunale vegsystem skal forankrast i kommuneplanens arealdel og ha standard som tilfredsstillar statlege retningslinjer.
- Det skal bli utarbeidd handlingsplan for utbetring av kommunale vegar med tanke på å gjennomføre prioriterte tiltak i løpet av planperioden. Alle vegar som ut frå grunnforhold m.m. kan ha asfaltdekke, skal ha fast dekke i løpet av planperioden.
- Investeringar og andre ressursar lagt ned i gatemiljøet i Gol sentrum skal ivaretakast ved eit godt vedlikehald.

Mål 2010 - 2013

Vatn og avløp

- Gjennomføre tiltak prioritert i Hovudplan vatn og avløp med tilhøyrande handlingsplanar med særleg vekt på utbygging av Gol vassverk og vassforsyningsanlegga generelt.
- Følgje opp krav i rammeløyvet for utslepp.
- Vidareutvikle driftstenestene med fokus på HMS, kompetansehevande tiltak og IT-baserte løysingar.

Renovasjon

- Gjennomføre mål i Avfallsplan for Hallingdal

Vegsektoren- kommunale vegar

- Betre standarden av kommunalt vegnett ved å tilføre midlar i samsvar med handlingsplanen.
- Følgje opp tiltaksplanen i Trafikktryggleiksplan for Gol kommune.
- Vidareutvikle driftstenestene med fokus på HMS, kompetansehevande tiltak og IT-baserte løysingar.

Tiltak 2010 - 2013

- Slutføre utbygginga av Gol vassverk med ny vassbehandling i samsvar med hovudplan
- Etablering av ny hovudvassleidning på strekninga Gol vassverk - Hemsil II og ny hovudleidning langs Rv52 på strekninga Hesla bru- Heslasvingen.
- Rehabilitering av vatn- og avløpsledningar i samsvar med hovudplanar.
- Utbygging av leidningsnett på Golsfjellet sone 3-6 i samsvar med plan.
- Gjennomføre tiltak i Avfallsplan for Hallingdal.

- Utbetring og asfaltering av det kommunalt vegnett i samsvar med behova i handlings-planen innanfor gitte økonomiske rammer.
- Følgje opp tiltaksplanen i Trafikktryggleiksplan for Gol kommune.
- Vidareutvikle driftstenestene med fokus på HMS, kompetansehevande tiltak, IT-baserte løysingar og utstyr som er nødvendig for ei god tenesteyting.

Økonomiplan 2010 - 2013

INVESTERING – Kommunalteknisk avdeling sitt framlegg:

Tiltak som ligg inne i Økonomiplan 2009-2012, er føresett oppretthaldne.

| Budsjettkap. | Videreføring av tiltak – jf. Økplan 2009-2012 | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 |
|--------------|---|----------------------------|--------------|------------|------|
| 0.4310 | <u>Vassforsyning</u> 1. Sanering/rehabilitering leidningsnett 2. Utskifting h.leidning del III (prosjekt 124) 3. Traktor teknisk drift – delfinansiering 25 % | 200 2 300 125 | 200 1 900 | 200 | |
| 0.4320 | <u>Avløp</u> 1. Sanering/rehabilitering leidningsnett 2. Tilkobling av bustader-Gol reinsedistr. 3. Traktor uteavdelinga 25% del avløp 4. Rehabilitering avløpsleidning Hagaskogen (prosj. 140) | 300 400 125 1 500 | 300 400 | 300 | |
| 0.4330 | <u>Renovasjon</u> 1. Ingen nye tiltak | | | | |
| 0.4350 | <u>Kommunale vegar</u> 1. Trafikktryggleikstiltak kommunal eigendel (frå drift) 2. Asfaltering/utbetring av vegar (frå drift) | 100 300 | 100 300 | 100 300 | |

Tiltaka i tabellen nedanfor er nye tiltak som kjem i tillegg til eksisterande økonomiplan. Tabellen viser både tiltak i økonomiplanperioden 2010-2013 og årsbudsjettet for 2010.

| Budsjettkap. | NYE tiltak og endringar | 2010 | 2011 | 2012 | 2 013 |
|--------------|---|-------------------|------------|------|--------------|
| 0.4310 | <u>Vassforsyning</u> 1. Sanering/rehabilitering leidningsnett (utvida 2011) 4. Utviding av Heslasvingen høgdebasseng | | 1 800 | | 200 4 000 |
| 0.4320 | <u>Avløp</u> 1. Sanering/rehabilitering leidningsnett (utvida i 2011) 2. Tilkobling av bustader-Gol reinsedistr | | 1 800 | 400 | 300 |
| 0.4330 | <u>Renovasjon</u> Sjå forslag til nye driftstiltak | | | | |
| 0.4350 | <u>Kommunale vegar</u> 1. Trafikktryggleikstiltak kommunal eigendel 2. Asfaltering/utbetring av vegar 3. Utskifting av traktor (delfinansiering)-sjå vatn/avløp 4. Utskifting av utstyr 5. Asfaltering av p-plass v/austre avkøyring Rv7 | 500 250 100 | 800 100 | 800 | 100 800 |

Kommentar til investeringstiltak i økonomiplanperioden 2010-2013

Vassforsyning og avløp

Løyvingane til sanering av leidningsnett og tilkopling av bustader i Gol reinsedistrikt er forlengta med eit år i samsvar med hovudplan for vatn og avløp. For 2011 er midlane for sanering utvida med totalt 3,6 mill kroner fordelt på vatn og avløp. Midlane skal nyttast til utskifting av hovudleidningar langs rv 52 på strekninga Tingstugu- Heslasvingen.

Det er lagt inn 4,0 mill kroner til utviding (nytt bassengkammer) i Heslasvingen høgdebasseng i siste del av planperioden. Firmaet COWI har i ei nettanalyse i 2008 rekna at det om nokre år er behov for auka kapasitet/volum for å tene utbyggingsplanane i sentrum i samsvar med kommunedelplanen.

Det er behov for å finne løysing på deling- og/eller byggje eit eige basseng i tilknytning til høgdebassenget på Tuppeskogen. Dette vil betre forsyningssituasjonen ved drift og vedlikehald av bassenget. I løpet av 2010 må ein planlegge løysing som grunnlag for å investeringsmidlar for gjennomføring ved neste rullering av Øk-planen 2011-14.

Revideringa av Hovudplan vatn og avløp i 2009/10 vil avklare framtidige nye investerings- og driftstiltak i perioden f.o.m. 2011.

Kommunale vegar

Gol kommune vil i 2009 bruke vel 2,0 mill.kroner av regjeringa sin tiltakspakke til vegføremål. I behovsanalyse til Øk-plan 2009-2012 var det føreset at vedlikehaldsmidlane måtte aukast med 1,3 til 1,5 mill kroner i året i planperioden. Sjølv om tiltakspakka bidreg til å rette opp delar av etterslepet, vil det framleis vera behov for å auke midlane til veg framover. Kommunalteknisk avdeling har difor føreslått at midlane til utbetring av kommunale vegar aukar med 500 000 kroner i 2010 og deretter 800 000 mill kroner f.o.m. 2011. Dette kjem i tillegg til dei 300 000 kronene som ligg inne i ØK-plan 2009-2012.

På grunn av klager gjennom fleire år frå naboar om støvplager er det lagt inn forslag om midlar til asfaltering av p-plass ved austre avkøyring frå Rv7 til Gol i 2011. Alternativet til asfaltering kan vere at plassen blir stengt i sommarhalvåret.

Det er lagt inn forslag om utskifting av traktor med 500 000 kroner i 2010. Av dette manglar avdelinga 250 000 kroner som skal budsjetterast på vegsektoren. Det er dessutan teke med midlar til utskifting av utstyr til traktor i 2010 og 2011.

Når det gjeld andre tiltak, blir det vist til kommentarer frå budsjettbehandlinga for 2009.

DRIFT – Kommunalteknisk avdeling sitt framlegg:

| Budsjettkap. | NYE tiltak og endringar | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 |
|--------------------|---|------------|------------|------------|------------|
| 4310/4320 | <u>Vassforsyning og avløp</u> Generell løns- og prisstigning inkl. endringar i driftsbudsjettet som følgje av vedtatte utbyggingar er lagt direkte inn i driftsbudsjettet slik som føreset. Auke i lønsbudsjett vatn og avløp (tilsvarande 60%), midlertidig i 2010 (ikkje videreført 2011). Beløpet er ikkje lagt inn i deltaljbudsjettet. | 240 | | | |
| 4330 | <u>Renovasjon</u> Oppretting av fleire returpunkt i Gol kommune | 150 | | | |
| 4350/4351/ 4352 | <u>Kommunale vegar</u> Auke i drift/vedlikehald kommunale vegar Auka behov for vedlikehald/asfaltering i Gol sentrum | 100 200 | 100 200 | 100 200 | 100 200 |

Kommentar til driftstiltak i økonomiplanperioden 2010-2013

Ein føreset at investeringar og endringar i driftstiltak som vart vedtekne i Økonomiplan 2009-2012 blir uendra. Tabellen viser både endringar og nye tiltak i økonomiplanperioden 2010-2013 og årsbudsjettet for 2010.

Vatn og avløp

Her er det lagt inn driftstiltak i samsvar med Hovudplan avløp og Hovudplan vassforsyning. Utover dette er det føreteke ein del interne omrokkingar i driftspostane for 2010. Dette representerer ikkje

nye tiltak. Driftskostnader med ny vassbehandling på Gol vassverk (utbygging i 2009) er lagt inn direkte i driftsbudsjettet f.o.m 2010. Det samme er kostnaden knytta til krava om akkreditert prøvetaking på avløpsanlegg f.o.m. 2010.

Det er også forslag om ein mellombels auke i lønsposten for vatn og avløp tilsvarande 60% fagarbeidarstilling. Årsaka er at fleire medarbeidarar nyttar ordninga med redusert stilling (over 62 år), og at det er behov for å rekruttere personell. Lønsauken er tenkt nytta til overlapping i 2010 og såleis ikkje vidareført i 2011. Dersom dette blir vedtatt, må kostnaden leggjast inn gebyrgrunnlaget for 2010.

Kommunale vegar og gatelys

For utbetring og asfaltering blir det vist til kommentarer til investeringsbudsjettet.

Det er i driftsbudsjettet forslag om å auke vedlikehaldsposten for kommunale vegar med 100 000 kroner per år f.o.m. 2010 til meir forefallande arbeid på vegnettet.

I 2009 er det innhenta nye tilbod på drift og vedlikehald av trafikkareal i Gol sentrum. Tilboda viser at dei årlege kostnadene aukar betydeleg, men likevel innanfor ramma i budsjettet. Auken fører til at det ikkje blir att midlar til asfaltering/større vedlikehald av vegnettet i sentrum. Det er difor sett opp eit behov for auke på 200 000 kroner til dette føremålet. Det er også behov for midlar til utskifting av planter/tre som gjer skade på fortau og belegningsstein.

Renovasjon

Det er lagt inn forslag om å løyve 150 000 kroner til etablering av returpunkt for kjelde-sortering i 2010.

Kommunale gebyr for vatn, avløp og renovasjon - VAR-tenestene

Rekneskapet for 2008 viser at inntektene frå tilknytingsgebyra er langt mindre enn budsjettet. Dette er det tatt hensyn til i budsjettet for 2009, og det er ikkje noko som tilseier at dette vil endre seg monaleg i 2010 og framover.

Investeringsnivået er i all hovudsak basert på prosjekt i noverande ØK-plan, men med visse justeringar. Den største endringa er forslag om 3,6 mill kroner til slutføring av VA-leidningar på strekninga langs rv52, Tingstugu- Heslasvingen i 2011.

Rentenivået på lån dei siste åra stemmer godt med det administrasjonen har lagt til grunn for utrekninga av kapitalkostnader og gebyr. Store og nødvendige investeringar samt endringar i rentenivået vil setje preg på gebyrnivået i åra framover. VAR- tenestene skal vere sjølvfinan-sierande.

Gebyra for renovasjon og slamtømming av private avløpsanlegg vil i all hovudsak basere seg på budsjett frå Hallingdal Renovasjon.

Endringane i gebyrsatsane for vatn, avløp og renovasjon vil ein ikkje ha klare før detaljbudsjettet er lagt fram i september, og det er berekna nytt gebyrgrunnlag basert på sjølvkostprinsippet.

Oppsummering

Kommunalteknisk avdeling sitt forslag til budsjett og økonomiplan vil i stor grad vere finansiert ved gebyrintekter for tenester som vatn, avløp og renovasjon. Sjølv om kommunalteknisk avdeling har gjennomført og framleis står framfor store investeringar med påfølgjande nye driftsoppgåver, har det vore ei svært nøktern budsjettering i drifts- og vedlikehaldsmidlane. Hovudplan for vatn og avløp (2009/10) vil danne grunnlag for framtidig drifts- og investeringsnivå på desse tenestene. Som tidlegare nemt, og sjølv om tiltakspakka i 2009 er ei stor hjelp, er det framleis behov for auke i midlar til vedlikehald, oppgradering og asfaltering av det kommunalt vegnett. Det er difor gjort framlegg om og tilrådd ein vesentleg auke i midlane til dette føremålet.

Mål 2010-2013Gol barnehage sine mål for 2010-2013

- Auke talet på plassar slik at lokale behov for heiltids- og deltidsplassar både over og under 3 år er dekkja.
- Kontinuerleg fagleg utvikling av personalet bl.a. ut frå endra statlege direktiv og drift av barnehagen. (Jf. barnehagelov og rammeplan for barnehagen frå 2006).
- Tilpasse fagleg og administrativ bemanning i forhold til etterspurnad og kommunen si organisering
 - Oppretthalde dagens norm for pedagogisk bemanning i barnegruppene.
 - Få tilsett førskulelærarar i alle vikariat og ved behov for nyrekruttering.
 - Tilby nok stillingsressursar til barn som har spesielle behov i barnehagen.
 - Nok tid til administrasjon ut frå oppgåver og krav som blir stilte.
 - Nok og kvalifiserte vikarar.
- Ruste opp og vedlikehalde bygningane og utleikeplassane minst ut frå pålegg etter tilsyn.
- Tilpasse bygningane i forhold til barna og personalet sine behov.
- Sørgje for at barnehagen har det utstyret som er nødvendig til drift og administrasjon.

Tiltak 2010-2013**INVESTERING**

I investeringstiltaka er det lagt inn planar for utviding som dekkjer behovet for faste plassar ut frå søknader og lovbestemt rett til barnehageplass for alle som har fylt eitt år innan 31.08. ved hovudopptaket i mars same år. Kommunen må da godta at det i periodar vil vere noko ledig kapasitet av barnehageplassar ved enkelte barnehagehus.

Barnehageplassar i sentrum

1. Avdeling Vesterhuset
 - Påbyggjing av ei ny avdeling for inntil 24 plassar over 3 år og personalavdeling i Vesterhuset må planleggjast med start 2010. Samtidig må vedlikehald og noko ominnreiing av dei tre gamle avdelingane utførast. Dette krev også noko utvida leikeareal og parkeringsareal mot aust. Driftsutgiftene for reinhald og vaktmeister må aukast ved opning av ny fjerde avdeling. Ved auka drift per 6 nye plassar krev det ei heil ny stilling, som pedagogisk leiar eller fagarbeidar/assistent, utrekna etter kor mange plassar barnehagen har. Denne avdelinga er tenk som erstatning for dei tre utvida gruppene i Vesterhuset og Breidokk i 2009/2010. Auka drift utover dette er berre aktuelt viss det blir ekstra stor søknad ved neste opptak. Ein eventuell auke kan finansierast med statleg driftstilskot, skjønsmidlar og foreldrebetaling. Investeringa blir fullfinansiert med investeringstilskot/momskompensasjon, øyremerka skjønsmidlar og lån. Alle låneutgiftene kan betalast med skjønsmidlar over drift, i form av husleige.
2. Vidare utbyggjing av barnehagelokale for å få alle barnehageplassar i faste lokale som erstatning for avdeling Fagerlund eller ved auka behov for plassar
 - Dette bør sjåast i samanheng med byggjing av ny barneskule og kva dei gamle skulebygga skal brukast til.
 - Bruke garden Kristenbråten som tomt til ny barnehage. Kan finansierast på same måte som dei andre med investeringstilskot/skjønsmidlar/lån viss denne finansieringsmåten blir vidareført etter 2010.

Administrasjon/personalet

1. IKT-opprusting /programvare i barnehagane og administrasjonen.
2. Pedagogiske leiarar treng berbar PC, trådløst nettverk og tilgang på skrivar ved kvar avdeling.

Bygningane

Alle bygningane er gamle utanom Breidokk og Hallingmo som har hatt ei totalrenovering. Fleire treng

totalrenovering eller årleg oppussing inne og ute. Ein del arbeid må bli utført etter vernerunde våren 2009.

3132 -Vesterhuset

1. Utbyggjing og ombyggjing: bygge på ny avdeling med inntil 24 plassar og personalavdeling, påbyggjing, ombyggjing og oppussing av dei tre gamle avdelingane jf. tidlegare behov både innvendig og utvendig, utbetre brannvarsling og ventilasjon.
2. Utvendig: nye installasjonar på leikeplassen, utskifting jf. tilsyn i 2009 og generell utbetring. Utvide uteleikeplassen mot aust til grøntareal og auke parkeringsareal ved utviding.

3133 - Breidokk - Ingen nye tiltak

3134 - Rotneim

1. Innvendig: diverse oppussing, utskifting og utbetningsarbeid av fleire rom m.a. kjøkken, luft, solskjerming.
2. Utvendig: takoverbygg og rekkverk ved ny inngang for bl.a. vognplassar, utbetring og sikring av uteleikeapparat (jf. tilsyn 2009), utbetre drenering og ny kurs til motorvarmar, måling.

3135 - Åsgardane

1. Innvendig: noko utbetring i begge etasjane.
2. Utvendig: måling, takoverbygg ved ny inngangsdør og vognoppstilling, reparere og skifte ut leikeapparat (jf. tilsyn 2009), utbetring av gjerde mot parkering og utvide parkeringsareal.

3136 - Øygdane

1. Innvendig: diverse oppussing og utbetningsarbeid av nokre rom i begge etasjene m.a. luft, solskjerming.
2. Utvendig: utbetring og sikring av uteleikapparater (jf. tilsyn 2009), overbygg på plattingen til barnevogner, utvendig rømningsstrapp, snøfangar mot nord, måling og utvide parkeringsareal.

3137 - Hallingmo

1. Kjellar: tiltak for å unngå at vatnet fryser om vinteren.
2. Utvendig: høgare gjerde mot vegen pga. snø om vinteren, setje inn dør i garasjen.

3138 – Fagerlund

1. Nokre utbetringar for å få godkjenning for vidare barnehagedrift etter 01.07.10.

DRIFT

Barnehageplassar

1. Tilby faste tilfredsstillande bygg til alle barnehageplassar, og plassar der brukarane ynskjer dei.
2. Opnings- og lukketida i Gol barnehage: utvide opningstid etter søknad frå føresette så langt det er mogleg.
3. Vurdere om friplasssystemet skal bli endra ved å overføre dette frå sosialavdelinga til barnehageavdelinga.

Personalet

1. Nok ressursar til å ivareta barn som treng spesialpedagogisk hjelp, bl.a. logoped og anna tilretteleggjing.
2. Vidareføre Friskliv-prosjektet med gratis frukt/grønt for både tilsette og barn, og fysisk tilretteleggjing/trim for tilsette i Gol barnehage.
3. Nok ressursar til tilfredsstillande opplæring, vidareutdanning og utvikling for dei tilsette jf. kompetanseplan og opplæringsplan for Gol barnehage.

Bygningane

1. Lage plan for innvendig og utvending vedlikehald og utbetringar av alle bygningar i Gol barnehage ut frå behov som er skisserte over, starte opp med gjennomføring av planen umiddelbart.

Transport

1. Arbeide vidare med å få til eit samarbeid med andre avdelingar om leasing av minibuss og bil for personalet som treng dette i arbeidet med barna eller til bruk ved møteverksemd.

Økonomiplan 2010-2013

INVESTERING – Gol barnehage sitt framlegg:

| Budsjettkap. | NYE tiltak og endringar | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 |
|----------------------|--|-----------------------|----------|------|------|
| 3130- 3137 | IT-utstyr/digitalt verktøy Innkjøp av PC-utstyr til å bruke jf. krav i rammeplan IT utstyr til bruk for barna. Innlegging av trådlaust nettverk og utstyr - fem hus | 50 100 50 40 | 50 50 | 50 | 50 |
| | Leasing av minibuss/bil i samarb. m. andre avd. | 60 | 60 | 60 | 60 |
| 3132- Vesterhuset | Utbygging av ei ny avd. og personalavdeling, oppussing/påbygging av dei tre andre avdelingane, utviding og utbetring av uteleikeplassen og parkering | 9.500 | | | |
| 3134- Rotneim | Innv. oppuss., støydemp., betre lufting og barnesikre omnar, solskjerming i 2. høgda, skifte kjøkken | 40 | 40 | 100 | |
| | Takoverbygg v. ny inngang og vognoppstillingsplass | 80 | | | |
| | Måling av barnehagen utvendig | | 100 | | |
| | Utbetring og drenering av leikeplassen og huset | 20 | | 100 | |
| | Ventilasjonsanlegg | | | | 700 |
| 3135- Åsgardane | Utbetring av uteleikeplassen, gjerde, utvide parkeringsplassen | 30 | 100 | | |
| | Støydemping av tak, innvendig oppussing | 20 | | 30 | |
| | Måling av barnehagen utvendig, skifte noko kledning | 100 | | | |
| | Takoverbygg v. ny inngang og vognoppstillingsplass | | 80 | | |
| 3136- Øygdane | Innvendige utbetringar, lydtemp. i tak, ny brannvegg, Solskjerming og betre lufting i 2. høgda | 50 | 40 | | |
| | Utbetre branntrapp, tak over soveplass, snøfangar | 50 | | | |
| | Utbetre og utvide parkeringsplassen og leikeplassen | 50 | | | |
| | Måling av barnehagen utvendig | | 100 | | |
| | Ventilasjonsanlegg | | | | 700 |
| 3137- Hallingmo | Ny varmekabel for vasstiltførsel, utbetring av gjerdet, dør i garasjen | 30 | 20 | | |
| | Betre parkeringstilhøve for personalet | 100 | | | |
| 3138- Fagerlund | Moglege utbetringar for å halde fram med barnehagedrift | 50 | | | |

Kommentar til investeringsdelen i økonomiplanperioden 2010-2013

Generelt

Ikkje gjennomførte tiltak som ligg inne i Økonomiplan 2009-2012 frå barnehagen, er vidareførte. Investeringane gjeld vidareføring av auka drift, vedlikehald og utbetringar av eksisterande bygningar, uteleikeplassar og parkeringsplassar. Utgiftene skal takast frå barnehagen sitt budsjett, frå vedlikehald bygg og frå investeringstilskot og skjønsmidlar øyremerka barnehagedrift.

Vedlikehald

Det er behov for ein del generelt vedlikehald av bygningane både utvendig og innvendig utanom Breidokk og Hallingmo. I tillegg viser erfaring at det alltid oppstår nye ting i løpet av året.

Vesterhuset

Nytt for 2010 er det sett inn bygging av ny avdeling og personalavdeling. Same utviding og utbetring som Breidokk i 2009. Dette blir finansiert med øyremerka tilskot. Utearealet må utvidast og utbetrast.

Breidokk

Barnehagen har fått ei utbygging og totalrenovering ferdigstilt juni 2009.

Rotneim

Det er behov for ein del mindre utbetringar inne, i tillegg til ventilasjon og solskjerming. Takoverbygg ved inngangen og vognoppstillingsplass er påkrevd. Utbetring kjøkkenet.

Åsgardane

Takoverbygg ved ny inngang er heilt nødvendig slik at ein samtidig får overbygd vognoppstillingsplass. Det er også viktig med lydemping i grendasalen. Parkeringsarealet er veldig lite, og pga. trafikksikring må gjerdet bli høgare.

Øygdane

Det er behov for ein del mindre utbetringar inne i tillegg til ventilasjon og solskjerming. Takoverbygg over vognoppstillingsplass og utbetring av branntappa. Parkeringsarealet er framleis lite.

Hallingmo

Parkeringsstilhøva for tilsette bør bli betre, - høgare gjerde for å betre tryggleiken mot vegen.

Fagerlund

Dette er ei avdeling som førebels er godkjend for eitt år.

DRIFT – Gol barnehage sitt framlegg:

| Budsjettkap. | NYE tiltak | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 |
|----------------|--|------|------|------|------|
| 3132.2011 | Drift av 6 nye plassar ved utvida avdeling i Vesterhuset | 100 | | | |
| 3132.2011 | Drift av ny fjerde avdeling i Vesterhuset | | 300 | 300 | 300 |
| 3133.2011 | Drift av 12 nye plassar ved to utvidinga avdelingar i Breidokk (Blir overførte til Vesterhuset viss den blir utvida) | 200 | | | |
| 3132-3138.2011 | Frukt og grøntordning held fram | 30 | 30 | 30 | 30 |
| 3130.2011 | Frisklivsprosjekt m. fysisk tilrettelegging/trim for personalet | 15 | 15 | 15 | 15 |
| 3130.2011 | Mogleg endring av betalingsordning for familiar med dårleg betalingsevne, overføring frå sosialavd | 100 | 100 | 100 | 100 |

Kommentar til nye driftstiltak i økonomiplanperioden 2010-2013

Tildelte skjønsmidlar blir lagde inn for å kompensere all auka drift vedtatt i 2009 saman med andre tilskotsordningar og foreldrebetaling.

Endring av talet på faste barnehageplassar

Vesterhuset – utviding av 6 plassar over tre år.

Breidokk – utviding av 12 plassar for barn over tre år.

Ved fast utviding i Vesterhuset vil alle 18 plassane bli lagde til ny fjerde avdeling.

Fagerlund – utviding av 24 plassar over 3 år i mellombels lokale.

Gol kommune vil med utvidinga i 2009 mest sannsynleg ha nok barnehageplassar i tida framover. I tabellen er det lagt inn auke av drift.

Friskliv i barnehagen:

Ordninga med frukt og grønt starta i 2007, og er veldig godt moteke av både tilsette og føresette i barnehagen. Gol barnehage har skrive under på avtale om å fremje Friskliv i barnehagen både for barn og tilsette og søker om å dekkje ein del av kostnaden gjennom midlar frå Frisklivsprosjektet. I tillegg til prosjektmidlane må noko av utgiftene dekkjast over budsjettet.

Gol Byggdrift Kommunalt Foretak:

Det er lagt inn vidareføring av foretaket sine tenester til vaktmeistertenester og reinhald og med auke av ny avdeling Fagerlund. Dette vil bli finansiert med skjønsmidlar.

MÅL FOR GRUNNSKULEN

Visjon: Skulen i Gol – beste arena for læring og vekst

LÆRINGSUTBYTE

Overordna mål for læringsutbytte:

1. Grunnskuleopplæringa skal leggja godt grunnlag for kvalifisering til vidare utdanning og yrkesliv.
2. Opplæringa skal sikre gode basisferdigheiter i lesing, matematikk og engelsk.
3. IKT-opplæringa skal vera ambisiøs og skal gjera elevane til kompetente brukarar av digitale verktøy.
4. Opplæringa skal utvikle gode haldningar til miljø og berekraftig utvikling lokalt og globalt.
5. Skulen skal medverke til glede ved fysisk aktivitet og aktiv bruk av naturen.
6. Elevane skal bli kjende med og ta del i kulturelle opplevingar.
7. Skulen skal medverke til utvikling av sosial kompetanse og demokratisk forståing.

Arbeidsmål:

- Når det gjeld lesing, skal 90 % av elevane i Gol prestere over kritisk grense i 2.klasse.
- Resultata av nasjonale prøver i lesing i 5.klasse skal liggja over landsgjennomsnittet.
- Resultata av nasjonale prøver i matematikk i 8.klasse skal liggja over landsgjennomsnittet.
- Resultata av nasjonale prøver i engelsk i 5.og 10.klasse skal liggja over landsgjennomsnittet.
- Grunnopplæringa skal gje elevane eit godt utgangspunkt og medverke til at talet på elevar frå Gol som fullfører vidaregåande skule eller lærekontrakt, blir over landsgjennomsnittet.
- Skulen skal leggja til rette for at elevane gjer seg kjende med lokalt næringsliv.
- I samarbeid med næringsliv, ungt entreprenørskap og andre lokale aktørar skal elevbedrift vera ein del av skulen sitt tilbud til elevane.

LÆRINGSSTRATEGIAR

Overordna mål for læringsstrategiar:

1. Alle elevar skal vera kjende med og forstå måla for opplæringa.
2. Alle elevar skal bli seg bevisste eiga læring og få hjelp til å utvikle gode lærings-strategiar.
3. Alle elevar skal utvikle gode haldningar til læring: Å lære er viktig.
4. Skulen skal medverke til at føresette på Gol blir aktive medspelarar i skulen og blir seg bevisste kor viktig foreldrerolla er i barns læring.

Arbeidsmål:

- Mappevurdering¹⁾ og utviklingssamtaler skal vera viktige element i elevvurderinga.
- Dei føresette skal få nok og relevant informasjon om mål for opplæringa, innhaldet i undervisninga og sitt eige barns utvikling.
- Den internetbaserte læringsplattforma It's learning skal vera ein arena for informasjon og læring både for elevar og føresette på alle årstrinn.
- Skulen må kontinuerleg arbeide med god folkeskikk og positiv elevåtferd som ein føresetnad for god læring.

¹⁾ Ei mappe består av ei systematisk samling elevarbeid som viser elevens innsats, framskritt og prestasjonar på eitt eller fleire område. Det er ei form for pedagogisk dokumentasjon, elevaktiv med rettleiing frå lærar, med føremål å beskrive og tydeleggjera kva og korleis eleven lærer, kva eleven ynskjer å oppnå, korleis eleven tenkjer rundt eiga læring og kva slags støtte som trengs.

LÆRINGSMILJØ

Overordna mål for læringsmiljø:

1. Læringsmiljøet skal organiserast slik at kvar einskild elev kan oppleve meistring kvar dag.
2. Skulen i Gol skal ha eit inkluderande læringsmiljø der det er rom for mangfald.
3. Skulebygg og uteareal skal vera estetisk og funksjonelt.
4. Organiseringa av undervisninga skal fremje nære og gode relasjonar mellom elev og lærar.
5. Timeressursen må vera tilstrekkeleg til å sikre eit godt forsvarleg pedagogisk tilbod til alle elevar.
6. Dei spesielle behova til elevar med framandkulturell bakgrunn må møtast med tidleg innsats.
7. Leiarar og personale skal vera kompetente og myndiggjorde.
8. Det skal vera god tilgang på læremiddel.
9. Skulen skal ha tydeleg lokal forankring.

Arbeidsmål:

- Leiarane skal vera nære, tydelege og kunne utøve god personalleiing.
- Leiarane skal vera fagleg oppdaterte.
- Leiarane skal vera synlege og tilgjengelege for elevar og føresette.
- Lærarane skal ha relevant og høg kompetanse.
- Personalet i skulen skal vera engasjert, motivert og utviklingsorientert.
- Lærarane skal vera kompetente IKT-brukarar og bruke digitale verktøy aktivt i undervisninga..
- Klasseromma skal vera pedagogisk tilrettelagde og ha god orden.
- Det må føregå kontinuerleg opprusting av digitale læremiddel og lærebøker.
- Elevar med spesialpedagogiske behov skal få eit likeverdig opplæringstilbod i samsvar med sakkunnig tilråding.
- Ressursar til spesialpedagogiske tiltak skal koma i tillegg til ressursar til ordinære pedagogiske oppgåver.
- Elevar med framandkulturell bakgrunn skal sikrast ekstra ressursar slik at dei så fort som mogleg kan ta del i ordinær undervisning og oppnå eit likeverdig læringsutbyte i alle fag.
- Skulen skal delta i jamnleg tverrfagleg samarbeid med barnehage, PPT, barnevern, helsestasjon og psykisk helsevern.
- Lokalsamfunnet skal nyttast aktivt som arena både når det gjeld næringsliv, kultur, tradisjon og fritidsaktivitetar.

- - -

Gol kommune sakkarakterut når det gjeld ressursar til grunnskulen.

NY SKULE I GOL

Ei politisk oppnemnd arbeidsgruppe har siste året arbeidd med ei utgreiing om ny 1-10-skule i Gol. Utgreiinga vil koma til politisk behandling i oktober 2009.

Å byggje ny skule i Gol vil vera eit stort økonomisk løft for kommunen. Mange vil stille seg spørsmålet om kommunen har råd til dette. Eit anna spørsmål er om det å byggje ny skule likevel vil gje mest for pengane og den beste utnyttinga av midlane.

Gol skule og Gol skule Glitrehaug har behov for rehabilitering og påbygg. Dette er beskrevet og dokumentert i fleire politiske saker. Glitrehaug er mellombels løysing på åttande året. Elevar som startar i 1.klasse blir tilrådd å starte på Herad skule i staden for Gol skule sjølv om den ligg nærast. Å transportere elevar som kunne gått til Gol skule, til Herad skule kan koste kommunen om lag 40 000 kroner per elev per år.

Herad skule manglar kroppsøvingssal, tilfredsstillande undervisningsrom i faget mat og helse, eitt klasserom og fleire grupperom.

Gol ungdomsskule manglar undervisningsrom og grupperom, ikkje minst til spesialundervisning. Skulen er ikkje tilfredsstillande tilrettelagt for funksjonshemma og har ikkje eige stellerom for elevar med spesielle behov. Spesialromma og personalrommet må rehabiliterast.

Gol vaksenopplæring driv undervisning i det gamle kommunehuset på dispensasjon i påvente av avklaring om det ved bygging av ny skule blir frigjevne eigna lokale som kan takast i bruk.

Dersom Gol kommune vel å ikkje byggje 1-10 skule i løpet av 3-4 år, må rehabiliterings- og utbyggingsarbeidet ved dei fire skulebygga setjast i gang, og det må skaffast ny og føremålstenleg tilhaldsstad for Gol vaksenopplæring med ein gong.

Full rehabiliteringskostnad ved Gol skule vart i 2001 vurdert til 70-80 % av nybygg. Gol skule har om lag 320 elevar. Med auke i elevtal (60 elevar x 7 klassar) og arealnorm på 18 m² (erfaringstal ombygging) kan det bety ein kostnad på rundt 130 mill kroner. Då er behova ved Herad skule, Gol ungdomsskule og Gol vaksenopplæring ikkje løyste.

I Økonomiplan 2010-2013 må det setjast av midlar både til planarbeid knytta til skuleanlegget og til arbeid knytta til pedagogisk plattform og organisering av den nye skulen.

GJESTEELVAR

Ved omsorgsovertaking/fosterheimsplassering kan barn og ungdom frå Gol koma til å vera elevar i andre kommunar i kortare eller lengre periodar. I slike tilfelle må Gol kommune betala kostnaden ved desse elevplassane til vertskommunen. Ofte vil dette også gjelde ressursar relaterte til rett til spesialundervisning etter opplæringslova § 5.

På felleskapittelet for grunnskulen post 13500 er det sett av midlar til slike utgifter. Denne posten har årleg vorte justert i samsvar med prosentsatsen i budsjettdirektivet slik som for prisstigning på kjøp av varer og tenester. Posten er i realiteten relatert til lønsutgifter som har ei heilt anna utvikling. Den årlege justeringa som har vorte gjort, held derfor ikkje tritt med utgiftene knytta til spesialundervisninga.

I situasjonar der utgiftene i samband med slike ordningar er kjende, og ein veit at dei vil vara ved over tid, må posten justerast i samsvar med lønsutviklinga i den aktuelle perioden.

I periodar utan behov for kjøp av slike tenester frå andre kommunar, blir desse midlane ikkje brukte, men "leverte" attende i reknskapet for det aktuelle året.

I økonomiplanperioden 2010-2013 er det nødvendig at posten blir justert i samsvar med kjende behov – slik budsjettala viser.

SKULESKYSS

I samsvar med opplæringslova har Buskerud fylkeskommune ansvaret for å organisere skuleskyssen for kommunane.

For elevar med rett til skuleskyss på grunn av avstand eller som har behov for skyss ut frå funksjonshemmingar av ulike slag eller andre helsemessige forhold, har fylkeskommunen også det økonomiske ansvaret. Kommunen betaler då ein eigendel for slik skyss.

Kommunen har økonomisk ansvar for all skyss knytta til det lova nemner som "særleg farleg eller vanskeleg skuleveg" der rett til fri skyss på grunn av avstanden mellom heim og skule ikkje er utløyst.

Vestviken Kollektivtrafikk AS (VKT) har på vegne av Buskerud Fylkeskommune ansvaret for kollektivtransport og skuleskyss i Buskerud.

Frå 01.01.2009 innførde VKT eit nytt sonesystem. Det medfører mellom anna at det blir brukt ein ny metode for utrekning av kommunal del for elevar i grunnskulen. Det vil også bety endringar i kostnaden per elev ved skyss der kommunen har fullt økonomisk ansvar. Dette skal vera ei forsøksordning i to år. Intensjonen er at det skal bli lettare å rekne ut venta kostnad og enklare å utarbeide budsjettal. VKT har lagt til grunn for den nye metoden at kommunane ikkje skulle få annan auke i sine skyssutgifter enn ordinær årleg prisauke for ordinære reiser.

I tillegg til omlegginga av sonesystemet har skuleskyssordningane vore ute på ny anbudsrunde våren 2009. Dette vil også gje utslag på kostnaden knytta til skuleskyss.

VKT har signalisert at dei nye takstane kan reknast å vera klare i november 2009.

Fordi tala ikkje er klare frå VKT, blir budsjettposten for skuleskyss ikkje tilført nokon auke ut over prosentsatsane frå budsjettdirektivet.

Det blir heile tida arbeidd grundig med å oppretthalde ein forsvarleg, men nøktern skuleskyss.

Mål 2010-2013

Herad skule sine mål er identiske med Mål for skulen i Gol, vedtatt i Kommunestyret 27.03.07, K-sak 10/07

Handlingsprogram 2010-2013

LÆRINGSUTBYTE

INVESTERING

- Skulen må ha gode og oppdaterte lærebøker. Det trengst framleis nye lærebøker etter læreplan 06 - Kunnskapsløftet. Styrking av basisfaga på dei lågaste trinna medfører større behov for lærebøker.
- For å styrke undervisninga og gje betre læringseffekt i matematikk og naturfag, trengst det mykje konkretiseringsmateriell på alle trinn.
- Skulen må fornye og byte ut digitalt utstyr for å styrke alle faga – med særleg vekt på basisfaga og naturfag. Moderne utstyr og programvare er difor heilt naudsynt.

DRIFT

- Lærevanskar må møtast med tidleg innsats. Statlege midlar til dette frå hausten 2009 vil bli brukt til å styrke norsk- og matematikk-opplæringa på 1. og 2. trinn
- Læringsutbytet til elevane i lesing og matematikk blir jamnleg kartlagt. Skulen har arbeidd eitt år med innføring av og kursing i SOL (Systematisk observasjon av lesing). Til hausten vil verktøyet vere i bruk på alle trinn.
- Elevar med spesial-pedagogiske behov må sikrast eit likeverdig opplæringstilbod. Det må utarbeidast eit system for tildeling av ressursar til desse elevane.
- Herad skule har hatt ei sterk auke i elevar som treng spesialpedagogisk hjelp dei siste åra. For å gje dei det tilbodet dei har krav på, jobbar skulen aktivt med tilretteleggjing og kvalitetssikring av tilbodet for desse elevane.
- Språkutviklingsplan 0-16 år for Gol kommune skal vera eit verktøy for å kvalitetssikre norskopplæringa på alle trinn.
- Datanettverk og digitalt utstyr må driftast og vedlikehaldast på ein forsvarleg måte utan at det går ut over timeressursen til elevane. Herad skule vil komande skuleår stå utan personell med særskild IKT-kompetanse. Det har vore arbeidd aktivt med å skaffe denne kompetansen utan å lukkast. Ein må difor vurdere ei tilknytning til HD-nett på line med dei andre skulane i kommunen. Likeeins må det arbeidast for at kommunen skal drifte maskinparken.
- Fysisk aktivitet blir forskriftsfesta for elevar på mellomtrinnet frå og med skuleåret 2009/2010. På Herad skule vil alle elevar frå 3.-7.årstrinn få dagleg fysisk aktivitet.
- Elevane skal ha tilgang til kulturelle opplevingar som t.d. konsertar, teaterframsyningar og utstillingar. Tilknytning til Den kulturelle skulesekken vil sikre elevane tilbod av høg kvalitet og samtidig gi ei god finansieringsordning.

LÆRINGSSTRATEGIAR

INVESTERING

- Herad skule arbeider vidare med SOL. Skulen vil investere i fleire læremiddel til eit "SOL-bibliotek".
- Bruk av digitale læremiddel styrkar læringa for dei fleste elevar. God programvare tilrettelagt for den enkelte elev vil og gje elevar med lærevanskar større moglegheiter for læring.

DRIFT

- SOL (Systematisk observasjon av lesing) er eit godt og nyttig verktøy for å kartlegge leseutviklinga til elevane. Det gjev og konkrete og gode tilbakemeldingar til elevar og foreldra.

- Skulen held fram med EYLP – stasjonsundervisning i den fyrste lese- og skriveoppøringa (1. – 3. trinn).
- Det er viktig for alle i Gol at det blir skapt ein kultur for læring. Herad skule vil skape desse haldningane til læring gjennom mellom anna:
 - god og variert undervisning
 - undervisning og lekser mest mogleg tilpassa den enkelte elev
 - god tilgang på ulike læremiddel
 - bruk av digital portfolio (digitale mapper)
 - to elevsamtaler i månaden for alle elevar
 - stille krav om god arbeidsinnsats
 - tett foreldresamarbeid
 - godt og trygt miljø
- Læringsplattforma It's learning må vidareutviklast som kjelde for både informasjon og læring.

LÆRINGS MILJØ

INVESTERING

- Herad skule framstår i dag som eit funksjonelt og godt vedlikehalde skulebygg.
- Dersom kommunen vel å behalde skulestrukturen slik den er i dag, vil det likevel vere behov for store utbyggingar og utbetringar for å framstå som ein moderne og fullt utbygd skule:
 - Fullføring av byggesteg 2 – gymsal ved Herad skule
 - Fullføring av byggjesteg 2 – spesialrom for faget mat&helse
 - Tilbygg med nytt klasserom
 - Tilbygg med gruppe/spesialrom for å gje eit godt nok tilbod til det aukande talet på elevar med behov for spesialpedagogisk hjelp.
 - Nytt ventilasjonsanlegg
- Nødvendig vedlikehaldsarbeid elles:
 - Solskjerming mot R7
 - Gjerding/reparasjon av gjerde rundt heile skulen
 - Reparasjon av port ved nedre inngang
 - Nye ballnett mot skråning
 - Beising
- Administrasjonen må halde fram arbeidet med effektivisering og kvalitetssikring av det administrative arbeidet. Fagsystemet Oppad bør utviklast til å kunne handtere sensitive elevopplysningar og til å leggje timeplanar.
- Det blir eit krav å ha mentorar for nyutdanna lærarar frå hausten 2010. Mentorane må ha tilleggsutdanning med minimum 10 stp.
- Godt kvalifiserte lærarar er grunnlaget for ein god skule. Kommunen må utvikle eit system for å sende minst 2 lærarar på lønna vidareutdanning kvart år.

DRIFT

- For å oppretthalde ei forsvarleg drift over lengre tid, må administrasjonsressursen for rektor aukast til 100%. I tillegg må effektiviseringstiltak med mellom anna scanning av post/sentral postføring/arkivering gjennomførast. Saman med nytt administrasjonssystem (Oppad) vil dette effektivisere drifta av skulen monaleg.
- Arbeidet med rekruttering av godt kvalifiserte lærarar må halde fram. Gol kommune må vera ein pådrivar i arbeidet for ei desentralisert lærarutdanning.
- For å imøtekoma behovet for etter-og vidareutdanning blant lærarane, må skulen sikrast tilstrekkeleg med vikarressursar.

Økonomiplan 2010 – 2013

INVESTERING – Herad skule sitt framlegg:

| Budsjettkap. | Nye tiltak og endringar | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 |
|--------------|---|------|------|------|------|
| | Utbygging av skulekjøkken (ikkje prissett) | | | | |
| | Utbygging av kroppsøv avd. (ikkje prissett) | | | | |
| | Klasserom og grupperom (ikkjeprissett) | | | | |

| | | | | | |
|-----------|---|-----|-----|----|----|
| | Solskjerming mot rv.7 | 75 | | ? | |
| | Oppgradering av sløydsal | | 100 | | |
| 3112.2021 | Digitalt utstyr. Ny maskinvare og digitalt utstyr for å gjennomføre bruk av digitale verktøy som basisferdighet jf. Kunnskapsløftet | 40 | 40 | 40 | 40 |
| | To interaktive tavler (SmartBoard) | 50 | 50 | | |
| | Utgifter nye lærebøker | 50 | | | |
| | Kontormøblement arbeidsrom og møterom | 40 | | | |
| | Mentorutdanning | 100 | | | |

Kommentar til investeringstiltak i økonomiplanperioden 2010 – 2013

3112.2221: Alle tiltak til innvendig og utvendig renovering og oppussing må sjåast opp mot planar om å bygge ny skule.

3112.2010: Frå 2010 vil det bli pålagt kommunane å ha mentorar for nyutdanna lærarar på skulane. Det føreligg tilbod om gratis skolering av mentorar i 2009/2010 (som i 2008/2009), men skulen må dekkja utgifter til vikarar, reise og opphald for aktuelle lærarar. Dette har ikkje skulen hatt midlar til å kunne prioritere.

DRIFT – Herad skule sitt framlegg :

| Budsjettkap. | Nye tiltak og endringar | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 |
|--------------|--|------|------|------|------|
| 3112.2021 | Vidareføre spesped-stilling. | 360 | 360 | 360 | 360 |
| | Drift av IL@skolen | 17 | 17 | 17 | 17 |
| | Administrasjonsressurs : Auke til 100% adm.ressurs for rektor | 250 | 250 | 250 | 250 |
| | Drift av IKT-nettverk/elevmaskiner | 100 | 100 | 100 | 100 |
| | Friskliv/Gratis skulefrukt til alle elevane. Kr 2,50 per elev per dag | 30 | 30 | 30 | 30 |

Kommentar til driftstiltak i økonomiplanperioden 2010 – 2013

Elevane

Skulen har ut skuleåret 2010 ei 80% spes.ped-stilling. Behovet for spesialundervisning har auka så kraftig dei to siste åra, at det no er heilt naudsynt å gjere denne stillinga permanent.

Administrasjon

Administrasjonsressursen ved Herad skule er på eit absolutt minimum. Rektor ved Herad skule må gjere akkurat dei same oppgåvene, delta i dei same møta og oppfylle dei same krava overfor arbeidsgjevar som administrasjonane ved dei andre skulane i Gol må.

Med om lag 15 fleire elevar enn ved omorganiseringa i kommunen, og ein dramatisk auke i elevar som treng spesialundervisning og/eller spesielt tilrettelagt undervisning, blir arbeidsbyrden for rektor svært stor. Situasjonen er no slik, at rektor ved Herad skule er kommunens best betalte sekretær.

IKT-drift

Drift av datanettverk med omlag 60 elevmaskiner krev mykje arbeid. Komande skuleår har skulen ikkje personell med særskild IKTutdanning/kompetanse. Skulen har heller ingen ressurs til å leige inn denne kompetansen.

Difor må skulen få tilført denne ressursen på annan måte; anten ved at det blir leigt inn folk, eller at Herad skule òg kjem under HD-nett, og at kommunen står for drifting av maskinparken. Med så stor maskinpark både for elevar og lærarar, er brukarstøttesystemet **ikkje** ei god nok løysing.

Mål 2010-2013

Gol skule sine mål er identiske med Mål for skulen i Gol, vedtatt i Kommunestyret 27.03.07, K-sak 10/07

Handlingsprogram 2010-2013**LÆRINGSUTBYTE****INVESTERING**

- Skulen må ha gode og oppdaterte lærebøker. Det må framleis kjøpast inn nye bøker etter ny læreplan 06 Kunnskapsløftet. Fleire timar i teorifag på dei lågaste trinna medfører større behov for lærebøker.
- God undervisning i matematikk krev rikeleg med konkretiseringsmiddel på alle trinn.
- God undervisning i naturfag krev god tilgang på utstyr til ei praktisk tilnærming til faget.
- Digitalt utstyr er ein føresetnad for gode grunnleggjande ferdigheiter i bruk av digitalte verktøy. Skulen må halde fram med fornying av elevmaskiner og lærarmaskiner og investeringar i nytt utstyr.

DRIFT

- Gode kunnskapar og ferdigheiter i norsk, matematikk og engelsk krev tilpassa opplæring. Timeressursen må styrkast for å få til ei lærardekning som for samanliknbare kommunar.
- Lærevanskar må møtast med tidleg innsats. Statlege midlar til dette frå hausten 2009 vil bli brukt til å styrke norsk- og matematikk-opplæringa frå 2.-4. årstrinn.
- Læringsutbytet til elevane i lesing og matematikk blir jamnleg kartlagt. Systematisk observasjon av lesing (SOL) er eit satsingsområde for skulen frå og med hausten 2009.
- Elevar med minoritetsspråkleg bakgrunn må få solide kunnskapar i grunnleggjande norsk. Timar til slik opplæring må aukast i samsvar med auken i elevtalet. Gol skule vil skuleåret 2009/2010 ha ca 53 elevar med anna morsmål enn norsk. Det utgjer 17 % av elevtalet.
- Elevar med spesial-pedagogiske behov må sikrast eit likeverding opplæringstilbod. Det må utarbeidast eit system for tildeling av ressursar til desse elevane.
- For å sikre eit kvalitativt godt tilbod for barn med spesial-pedagogiske behov, bør det leggjast til rette for eit stabilt fagmiljø. Gol skule må organisere og finne rom for ei spesial-pedagogisk avdeling .
- Språkutviklingsplan 0-16 år for Gol kommune skal vera eit verktøy for å kvalitetssikre norskopplæringa på alle trinn.
- Datanettverk og digitalt utstyr må driftast og vedlikehaldast på ein forsvarleg måte utan at det går ut over timeressursen til elevane.
- Fysisk aktivitet blir forskriftsfesta for elevar på mellomtrinnet frå og med skuleåret 2009/2010. På Gol skule vil alle elevar frå 3.-7. årstrinn få dagleg fysisk aktivitet.
- Elevane skal ha tilgang til kulturelle opplevingar som t.d. konsertar, teaterframsyningar og utstillingar. Tilknytning til Den kulturelleskulesekken vil sikre elevane tilbod av høg kvalitet og samtidig gi ei god finansieringsordning.
- Elevane skal sjølve få vera med på skapande og kreative prosessar og få ta del i den lokale kulturarven. Midlar gjennom Den kulturelle skulesekken finansierer ulike prosjekt med lokale kulturformidlarar innan t.d. lausdans og teaterprosjekt.

LÆRINGSSTRATEGIAR**INVESTERING**

- Læreverk som fremjer gode lese- og læringsstrategiar er ein del av arbeidet med systematisk observasjon av lesing (SOL) Skulen må investere i innkjøp av slike læremiddel.

DRIFT

- Arbeidet med elevvurdering må halde fram. SOL (Systematisk observasjon av lesing) vil vera eit nyttig verktøy for tilbakemeldingar til elevar og foreldre om leseutviklinga.
- Elevsamtaler er eit viktig verktøy for elevvurdering og bevisstgjerjing om eiga læring. Store klassar gjer det tidkrevjande å ha hyppige elevsamtalar, og timeressursen strekk ikkje til. Klassar på maks. 20 elevar vil gjera det lettare å gjennomføre jamnlege elevsamtalar.
- Kultur for læring må styrkjast. Det bør vurderast å innføre formell elevvurdering f.o.m. 7.årstrinn når lovverket gjer dette mogleg.
- Lekser er eit viktig virkemiddel for å lære gode arbeidvanar. Lekser skal vera repetisjon av innlært lærestoff, utanåtlæring og ikkje minst lesetrening. For elevar som av ymse grunnar ikkje får utført lekser heime, bør skulen organisere leksehjelp.
- Gode foreldresamtalar er avgjerande for å styrkje heimens medverknad i fokus på læring.
- Foreldremøte er ein viktig arena for samarbeidet mellom heim og skule. Det må arbeidast kontinuerleg for å heve deltakinga på alle trinn.
- Læringsplattforma It's learning må vidareutviklast som kjelde for både informasjon og læring.

LÆRINGSMILJØ

INVESTERING

- Gol skule treng eit funksjonelt og estetisk skulebygg. Skulen vil halde fram med arbeidet for ein ny felles grunnskule.
- Dersom ikkje kommunen vedtar planar for bygging av ny skule, må eit omfattande renoveringsarbeid iverksetjast både på storskulen og på Glitrehaug. Dette må omfatte nye grupperom til alle klasserom og større arbeidsrom for alle tilsette.
- Nødvendig vedlikehaldsarbeid ved skulen er:
Utskifting av gjerde rundt heile storskulen, utskifting av markiseduk på storskulen, solskjerming av undervisningsrom mot aust på Glitrehaug, utskifting av lysarmatur i vestibylene på storskulen, og måling av klasserom.
- Alle elevar bør ha bord og stol i rett høgde. Det trengs nye elevbord og stolar til 2 klasserom
- Administrasjonen må halde fram arbeidet med effektivisering og kvalitetssikring av det administrative arbeidet. Fagsystemet Oppad bør utviklast til å kunne handtere sensitive elevopplysningar og til å leggje timeplanar.
- Det blir eit krav å ha mentorar for nyutdanna lærarar frå hausten 2010. Mentorane må ha tilleggsutdanning med minimum 10 stp.
- Godt kvalifiserte lærarar er grunnlaget for ein god skule. Kommunen må utvikle eit system for å sende minst 2 lærarar på lønna vidareutdanning kvart år.

DRIFT

- Dersom Glitrehaug skal oppretthaldast som avdeling for 1. og 2.klasse, må skulen tilførast ein administrasjonsressurs på min. 25 % til dette.
- Åtferdsprosjektet for Hallingdal vil halde fram som eit satsingsområde. Skulen arbeider med kompetanseheving for personalet og intensiverer arbeidet med haldningar for god åtferd blant elevane. Arbeidet er finansiert gjennom skjønnsmidlar frå Fylkesmannen.
- Kunnskapar om skikk og bruk på nettet blir stadig viktigare for barn og ungdom. Skulemiljøutvalet ynskjer å arbeide for å forbygge mobbing og dårleg spåkbuk på internett og SMS.
- Arbeidet med rekruttering av godt kvalifiserte lærarar må halde fram. Gol kommune må vera ein pådrivar i arbeidet for ei desentralisert lærarutdanning.
- For å imøtekoma behovet for etter-og vidareutdanning blant lærarane må skulen sikrast tilstrekkeleg med vikarressursar.

SFO

INVESTERING

- Garasje som vart sett i stand til snikkarbu, må beisast utvendig.
- SFO må ha eit forsvarleg varslingsystem for brann.

DRIFT

- Alle barn som har behov for det, bør kunne gå på SFO. Satsar for foreldrebetaling bør vera omtrent på landsgjennomsnittet.

- SFO vil tilby leksehjelp for barn frå 1.-4. klasse som har vanskar med å få gjort lekser heime.
- SFO ynskjer eit nærare samarbeid med kulturskolen. Midlar frå Den kulturelle skulesekken vil kunne finansiere ulike samarbeidsprosjekt.

Økonomiplan 2010-2013

INVESTERING – Gol skule sitt framlegg:

| Budsjettkapittel | Nye tiltak og endringar | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 |
|------------------|---|------|------|------|------|
| 3111.2221 | Ombyggjing/utbyggjing for å få til grupperom og arbeidsrom for lærarar (ikkje stipulert pris) | | | | |
| | Utskifting av gjerde på storskolen. Pris ferdig oppsett gjerde. | 80 | 75 | | |
| | Solskjerming i undervisningsrom mot aust Glitrehaug. | 20 | | | |
| | Ny markiseduk på storskolen | 125 | | | |
| | Gjerde mot Hemsedalsvegen på Glitrehaug | 60 | | | |
| | Måling av klasserom og arbeidsrom for tilsette | 50 | 50 | | |
| 3111.2021 | Innkjøp av tilleggsmodul til skuleadm. system | 10 | | | |
| | Klasseromsinventar til to klasserom | 70 | | | |
| | Konkretiseringsmiddel matematikk | | 20 | 20 | |
| | Naturfagsutstyr | | 20 | 20 | |
| | IKT-utstyr: Utskifting og supplering | 50 | 50 | 50 | 50 |
| | Nye lærebøker | 100 | | | |
| | Mentorutdanning | 100 | | | |
| 3121.2151 SFO | Brannsikringstiltak SFO jf. Tilsynsrapport 15.07.03 (ikkje kostnadsrekna) | | | | |

Kommentar til investeringstiltak i økonomiplanperioden 2010-2013

3111.2221 Alle tiltak til innvendig og utvendig renovering og opprusting må sjåast opp mot planar om å byggje ny skule.

3111.2010 Frå 2010 vil det bli pålagt å ha mentorar for nyutdanna lærarar på skulane. Det føreligg tilbod om gratis skolering av mentorar i 2009/2010 (som i 2008/2009), men skulen må dekkja utgifter til vikarar, reise og opphald for aktuelle lærarar. Dette har ikkje skulen hatt midlar til å kunne prioritere.

DRIFT - Gol skule sitt framlegg:

| Budsjettkapittel | Nye tiltak | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 |
|------------------|---|-------|-------|-------|-------|
| 3111.2021 | Drift av IL@skolen/ Frisklivstiltak | 90 | 90 | 90 | 90 |
| | Kompetanseheving jf. Kunnskapsløftet. | 100 | 100 | 100 | 100 |
| | Administrasjonsressurs til Glitrehaug. | 132 | 132 | 132 | 132 |
| | Auka timerressurs for betre tilpassa opplæring. | 2 025 | 2 025 | 2 025 | 2 025 |
| | Auka timerressurs p.g.a. fleire framandspråklege elevar | 83 | 200 | 200 | 200 |
| | Leksehjelp | 110 | 110 | 110 | 110 |
| | Tid til medråderett Glitrehaug | 20 | 20 | 20 | 20 |
| | Fortsatt drift av IL@skolen | 90 | 90 | 90 | 90 |
| | Auke i post for fritt skolemateriell | 6 | 6 | 6 | 6 |
| | Auke i post for arbeidsmateriell | 5 | 5 | 5 | 5 |
| | Drift av IKT-nett på skulen | 200 | 200 | 200 | 200 |
| 3121.2151 SFO | Auke i budsjettpost for læremiddel. | 9 | 9 | 9 | 9 |
| | Ikkje auke i satsar for foreldrebetaling | 40 | 40 | 40 | 40 |

Kommentar til driftstiltak i økonomiplanperioden 2010-2013

3111.2021 - Tilpassa opplæring er eit krav i den nye læreplanen, Kunnskapsløftet. Målet om tilpassa opplæring for alle er vanskeleg å nå med så store elevgrupper som ved Gol skule.

Kostratal frå 2008 viser at Gol kommune har ein gjennomsnittleg lærardekning på 1 til 13,3 mot 1 til 11,1 i same kommune-gruppe. Ei lærardekning som tilsvarar 1 til 11,2 vil for Gol skule medføre ein auke på 4,5 lærarstillingar. Kostnaden vil vera ca 2 mill kroner.

Etter dagens reglar skal klassane ikkje vera større enn det som er pedagogisk forsvarleg. Den grensa er no nådd, med dei skjerpa krava til tilpassa opplæring som ligg i Kunnskapsløftet.

Gol skule opplever ein stadig større del fleirspråklege elevar. Det er ikkje uvanleg å få nye elevar som ikkje kan eit ord norsk. Midlar til norskopplæring av framandspråklege er ikkje lenger øyremerka, men lagt inn i rammeoverføringane. Dersom ein framleis legg utreknings-modellen frå rundskriv F-08-03 til grunn, vil det medføre ein auke på 10 timar i veka til særskilt norskopplæring og tospråkleg fagopplæring. Auken vil koste 200 000 kroner i året.

Leksehjelp til framandspråklege elevar og andre som vil ha behov for det, er utrekna etter 5 lønntimar til morsmåslærarar og 4 lønntimar til assistent.

Kommunen har innvilga eigne midlar til innkjøp av PC-ar til elevane og andre digitale hjelpemiddel. Dette utstyret må også driftast. Drifta blir i dag tatt av ordinær timeressurs. Det må no setjast av eigne midlar som tilsvarar ei halv stilling til dette.

Auke i elevtalet dei siste åra utgjer omtrent ein klasse eller 8 %. Utgifter til skrivebøker, formingsmaterieill osv. har berre auka med 2 % årleg i denne perioden. Det fører til stadig overforbruk på desse driftspostane. Budsjettpostane for *Fritt skulematerieill* og *Arbeidsmaterieill* bør derfor auke med 8 %.

SFO

Satsane for foreldrebetaling for SFO i Gol kommune ligg høgare enn gjennomsnittet i same kommune-gruppe, Buskerud og heile landet. Skilnaden i 2008 var 11,5 % mellom Gol og landsgjennomsnittet.

Årsbudsjett for 2010

Gol skule har utarbeidd forslag til driftsbudsjett for 2010 med bakgrunn i budsjett for 2009, rekneskap 2008 og budsjettdirektiv datert 04.06.09. Driftsbudsjettets taldel for 2010 er lagt inn i Økoplansystemet.

Kommentar

3111 Gol skule -Lønnsbudsjettet

- Lønnspostane for assistentar (10100) og lærarar (10101) er lagt inn etter vedtatte stillingsheimlar og med noverande regulativlønn og tillegg.
- Lønn for lærarar i norsk for framandspråklege elevar og morsmåslærarar er lagt inn på 10101 2024 etter vedtatte stillingsheimlar.
- Kompensasjon for redusert undervisningsplikt for 10 arbeidstakarar over 55/60 år: Dette utgjer 73 % stilling. Vikarutgiftene er lagt inn på 10205.
- Gol skule har 5 lærarar som skal ha ei ekstra ferieuke. Vikarutgiftene er lagt inn på den same posten. Dette utgjer ei 13 % stilling.
- Kompensasjon for redusert arbeidstid for 2 arbeidstakarar over 62 år er lagt inn på post 10206 (Vikarløn seniortiltak)
- På posten for anna lønn (10500) ligg stipulerte utgifter til godtgjersle for delt dagsverk, godtgjersle for leirskule og klesgodtgjersle for lærarar.
- På post for overtid (10400) ligg godtgjersle for arbeid på 17.mai.

3121 SFO - Lønnsbudsjettet

- Lønn er stipulert etter bemanning ved skulestart 2009.(post 10100).
- Brukarbetaling er stipulert etter inntekter for september 2009. I tillegg er det lagt inn ein auke på 5 % i samsvar med budsjettdirektivet.. Det blir i økonomiplanen føreslått å ikkje auke satsane for brukarbetaling.

Mål 2010-2013

Gol ungdomsskule sine mål er identiske med Mål for skulen i Gol, vedteke i kommunestyret 27.03.07.

Handlingsprogram 2010-2013**LÆRINGSUTBYTE****INVESTERING**

- Skulen treng gode og oppdaterte lærebøker i alle fag. Utsiftinga av bøker må halde fram slik at alle fag har bøker godkjent etter L 06.
- Til realfaga trengs det ekstra innkjøp av læremiddel. Emnet teknologi og design føreset bruk av oppdaterte dataprogram.
- Ny maskinvare og digitalt utstyr til elevbruk.
- Oppdatering og vedlikehold av datamaskiner til elevar og lærarar.

DRIFT

- Gode kunnskarar i faga krev utstrekt tilpassa opplæring. Det er viktig med god lærardekning og at timeressursen vert halden på eit godt nivå.
- Læringsutbyttet til elevane vert jamnleg kartlagt gjennom bruk av karakterar på testar og prøvar. Satsing på lesing i alle fag er eit prioritert område for skulen i perioden.
- Elevar med minoritetsspråkleg bakgrunn må sikrast gode kunnskarar i grunnleggjande norsk. Det er spesielt viktig der elevane kjem til Gol i ungdomsskulealder.
- Elevar med spesialpedagogiske behov må sikrast eit likeverdig opplæringsbehov. Det må utarbeidast eit system for tildeling av ressursar til desse elevane. For skuleåret har 30 elevar fått tilråding om spesialpedagogiske tiltak. Dette utgjør 18 % av elevtalet.
- Språkutviklingsplan 0-16 år for Gol kommune skal vere eit verktøy for å sikre god kvalitet på norskopplæringa.
- Elevane skal ha tilgang til kulturelle opplevingar og ved at skulen brukar tilbod frå den kulturelle skulesekken sikrar ein god kvalitet på tilbodet.
- Datanettverk og digitalt utstyr må driftast og vedlikehaldast utan at det går ut over timeressursen til elevane.

LÆRINGSSTRATEGIAR**INVESTERING**

- Skulen satsar på å ha godkjende lærebøker i alle fag frå og med dette året. I tillegg skal det satsast på å ha varierte konkretingsmaterieell spesielt i realfaga.
- Bruk av digitale hjelpemiddel er nyttig for dei fleste elevane. God programvare i tillegg til skulebøker vil fremje tilpassa opplæring for elevane.

DRIFT

- Læringsplattforma It's learning må vidareutviklast til å betre informasjon og til å fremje betre læring.
- Drifting av elevmaskiner er relativt kostbart. Det bør vurderast om elevane skal få kvar sin datamaskin når dei startar på ungdomsskulen. Kostnaden vil vere 200-250 000 kroner kvart år.
- Det er viktig å skape kultur for god læring på skulen. Det vil Gol ungdomsskule å fremje gjennom god og variert undervisning tilpassa den enkelte elev, gi elevane eit trygt og godt arbeidsmiljø i tillegg til å stille krav om god arbeidsinnsats.
- Skulen vil tilby leksehjelp minst to dagar i veka etter skuletid.
- Gjennomføre minst to elevsamtalar i året der eleven og læraren ser på utviklingsmulegheiter.
- Ha eit godt foreldresamarbeid
- Ha ei god deltaking på foreldremøta.

LÆRINGSMILJØ

INVESTERING

- Skulen i Gol treng eit funksjonelt og estetisk bygg. Gol ungdomsskule vil arbeide for at det skal bli ein felles skule i Gol.
- Dersom ikkje kommunen vedtek planar for bygging av ein ny skule, må det til store renoveringsarbeid på delar av skulen. Det vil omfatte nye grupperom samt ventilasjon og oppbevaring av kjemikaliar på naturfagrom og kunst og handverkrom. Det må også skiftast vindauge på skulen. Renovering av garderobe og kjøkken på pauserommet til lærarane.
- Anna nødvendig vedlikehald er: Markiser og solskjerming på klasserom, utskifting av ytterdørar, oppussing av elevtoalett.
- I forhold til universiell utforming så har ikkje rullestolbrukarar tilgang til alle klasserom.
- Innføring av fagsystemet Oppad vil vere med å effektivisere og kvalitetssikre det administrative arbeidet. Systemet må utviklast til å kunne handsame konfidensielle opplysningar.
- Det vert krav om å ha mentorar for nyutdanna lærarar. Mentorane skal ha ei tilleggsutdanning på minst 10 stp.
- Skulane treng godt kvalifiserte lærarar. Krav til fagutdanning har endra seg over tid, og kommunen bør leggje til rette for at minst to lærarar kan få permisjon med lønn for å ta vidareutdanning i fag skulen treng.

DRIFT

- Åtferdsprosjektet for Hallingdal held fram som satsingsområde. Skulen legg til rette for kompetanseheving blant lærarane og jobbar med å gi elevane gode og positive haldningar.
- Delta og gjennomfør opplegget med Vær Røykfri.
- Halde fram med MOT som satsingsområde.
- Halde fram med IL@skulen som satsing på fysisk aktivitet og utdanning av elevar som instruktørar.
- Det må jobbast for å rekruttere godt kvalifisert lærarar ved tilsetjingar.
- For å imøtekoma behova for vidare- og etterutdanning må skulen sikrast tilstrekkeleg vikarressurs.

Økonomiplan 2010-2013

INVESTERINGAR – Gol ungdomsskule sitt framlegg:

| Budsjettkap. | Nye tiltak og endringar | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 |
|--------------|--|------|------|------|------|
| 31142021 | Nye lærebøker i samband med Kunnskapsløftet. | 100 | 50 | 50 | 100 |
| | Ny maskinvare og digitalt utstyr for å gjennomføre bruk av digitale verktøy som basisferdigheit jf. Kunnskapsløftet | 100 | 100 | 100 | 100 |
| | Innkjøp av skuleadministrativt system. Nødvendig for å kunne administrere nasjonale prøver. | 50 | | | |
| | Datanett til alle undervisningsrom jf. bruk av digitale verktøy som basisferdigheit i Kunnskapsløftet. Oppgradering av det trådlause nettverket. | 40 | 40 | 20 | 20 |
| | Realfagsutstyr | 20 | 30 | 10 | 10 |
| | Mentorutdanning | 100 | | | |
| 31142221 | Måling av korridorar og undervisningsrom | 20 | 10 | 10 | 10 |
| | Utskifting av vindauge | 300 | 300 | | |
| | Solskjerming i undervisningsrom | 40 | 20 | | |
| | Opprusting av personalavd. | 50 | 50 | | |
| | Renovering av elev-toalett | 100 | 100 | | |
| | Grupperom | 50 | 50 | 20 | 20 |
| | Vask fysikksal og ventilasjon | 80 | | | |
| | Avtrekk lakkrom | 80 | | | |

Kommentar til investeringstiltak i økonomiplanperioden 2010-2013:

All renovering og vedlikehold på bygningane må sjåast opp mot planar om bygging av ny skule på Gol.

DRIFT - Gol ungdomsskule sitt framlegg:

| Budsjettkap. | Vidareføring av tiltak – jf. Økplan 2006-2009 | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 |
|--------------|---|------|------|------|------|
| 31142021 | Data / IKT i skulen; elevmaskiner og program | 140 | 140 | | |
| | Kompetanseheving | 87 | | | |
| | Friskliv i skulen, | 100 | 100 | | |
| | Tilskot til tematur 10.klasse | 100 | 100 | 100 | 100 |

| Budsjettkap. | Nye tiltak og endringar | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 |
|--------------|---|------|------|------|------|
| 31142021 | Auka timeressurs for å gi elevar som startar på Gol ungdomsskule 2009 eit fullverdig tilbud | 900 | 900 | 400 | 400 |
| | Drift av datanettet | 200 | 200 | 200 | 200 |
| | Auka timeressurs for betre tilpassa opplæring | 470 | 470 | 470 | 470 |
| | Drift av IL@skolen | 148 | 148 | 148 | 148 |
| | Vedlikehold og oppgradering av datamaskiner | 100 | 100 | 100 | 100 |
| | Utvide ekskursjonsbudsjettet for å fylgje årsplanar for fag | 100 | 100 | 100 | 100 |
| | Utvide bibliotekarstilling | 120 | 120 | 120 | 120 |

Kommentar til driftstiltak i økonomiplanperioden 2010-2013

- Gol kommune har sett av ekstra midlar til å støtte opp om skulane. Det er godt å vise til at dei midla vert vidareført. Skulane har samarbeidd om fordeling av desse midlane som er IKT i skulen og Friskliv i skulen. Frukt og grønt for ungdomsskulen er innarbeidd i rammeoverføringane til kommunen.
- Gol ungdomsskule vil frå og med skuleåret 2009/2010 ha 30 elevar som har fått tilråding om spesialpedagogiske tiltak frå PPT. Dei vil ikkje kunne få eit godt nok tilrettelagt undervisningstilbod i klassen utan at det er ein ekstra lærar tilgjengeleg. Det er svært viktig å gjennomføre det spesialpedagogiske tiltaket som er sett i gang på barneskulen. Dette har absolutt høgaste prioritet. Skal skulen gjennomføre eit forsvarleg skuletilbod for dei aktuelle elevane, må det avsetjast ekstra lønnsmidlar til dette opplegget. Det føreligg faglege vurderingar og tilrådingar frå barnevern, BUP og PPT.
- For å få gjennomført ekskursjonane som ligg i årsplanane, og som er lagt opp etter intensjonane i Kunnskapsløftet, er det lagt opp til at post 311420211203 må aukast med 100 000 kroner.
- Avvikling av eksamen og gjennomføring av måla for dataundervisning krev at skulen har mange maskiner tilgjengeleg. Dette utstyret må driftast, og det må setjast av eigne midlar til ei slik stilling. Stillinga må vere på minst 50%.

Årsbudsjett 2010

Kommentarar

3114 Gol ungdomsskule

- Lønn for lærarar i norsk for framandspråklege elevar og morsmålslærarar er lagt inn på 10101 2024. Timetal og lønn er stipulert etter rundskriv F-08/03 og 08/04 ADA, men er lagt inn etter stillingsheimlar sidan denne ressursen frå hausten 2006 er lagt inn i rammeoverføringa til kommunen.
- Det er 3 lærarar som er ferdige med vidareutdanninga si dette året. Dei vil derfor få endra stillingskode og dermed lønnsauke. Dette utgjer auka lønnsutgift på 84 000kroner.
- Kompensasjon for redusert arbeidstid for 3 arbeidstakarar over 62 år er lagt inn på post 10206 (Vikarlønn seniortiltak)
- Kompensasjon for redusert arbeidstid for arbeidstakarar over 55/60 år:

Gol ungdomsskule har inneverande skuleår seks lærarar med redusert undervisningsplikt etter avtaleverket. Dette utgjer 55 % stilling som må dekkjast opp, og det utgjer ein auke i lønnsutgiftene på 30 000 kroner i forhold til forrige år.

- Gol ungdomsskule har fire lærarar som skal ha ei ekstra ferieveke. Vikarutgiftene er lagt inn på 10205.
- Ekstra ferieveke for sekretær og barne- og ungdomsarbeidar er lagt inn på 10100.
- På posten for anna lønn, 10500, ligg stipulerte utgifter til godtgjersle for delt dagsverk, løn for 17.mai, godtgjersle for leirskule og klesgodtgjersle for lærarar.
- Posten for lærebøker, 11050, er heva så mykje som mogleg innanfor vedtatte ramme på grunn av store behov i samband med Kunnskapsløftet.
- Inventar er framleis eit prioritert område. Det er sett av 108 000 kroner til dette, post 12000.
- Post 12900 er auka til 153 000 kroner etter vanleg prisjustering. Dette er midlar som vert refunderte til Gol Bibliotek for 1/3 stilling som bibliotekar. Bruken av biblioteket og samarbeidet med dei tilseier at denne stillinga bør justeras topp til 1/2 stilling. Det er derfor ført opp i handlingsplan ein auke på 120 000 kroner slik at det kan bli ei halv stilling

Frå juni 2009 har Gol kommune og Folkeuniversitetet Buskerud, Vestfold, Telemark ein samarbeidsavtale om Læringscenteret Gol vaksenopplæring – Folkeuniversitetet Hallingdal.

Handlingsprogrammet tek berre for seg den kommunale delen av Læringscenteret

Kommuneplanen sine hovudmål for vaksenopplæringa 2001 - 2010:

Kommunen vil gje vaksenopplæring i samsvar med krava som er stilt i lovverket. Undervisninga skal så langt råd er målrettast mot den einskilde sitt behov for kompetanse.

Visjon: Læringscenteret Gol vaksenopplæring ynskjer å fremje livskvaliteten hjå elevane ved å utvikle evna til meistring og deltaking i skule og samfunn.

Mål 2010-2013

Læringscenteret Gol vaksenopplæring sine mål for 2010-2013

1. Framandspråk. Lov om Norskopplæring for nyankomne innvandrere

- a) Læringscenteret Gol Vaksenopplæring skal kunne gje tilbod om norsk med samfunns-kunnskap for innvandrarakar slik at deltakarane skal gå opp til og bestå norskprøve på rett nivå.
- b) Læringscenteret Gol Vaksenopplæring skal tilpasse undervisninga til midlane som fylgjer ny finansieringsordning.
- c) Læringscenteret Gol Vaksenopplæring skal vidareutvikle samarbeide med dei andre kommunane i Hallingdal.
- d) Læringscenteret Læringscenteret Gol vaksenopplæring vil stille seg positiv til å inngå eit samarbeid med fylkeskommunen om ein introduksjonsklasse for minoritetsspråklege elevar med rett til vidaregåande opplæring som treng opplæring i grunnleggjande norsk.

2. Grunnskuleopplæring

- a) Grunnskuleopplæring. Opplæringslova § 4A-1.
 - Læringscenteret Gol Vaksenopplæring skal gje tilbod om grunnskuleopplæring for vaksne til dei som melder behov for slik opplæring.
 - Læringscenteret Gol Vaksenopplæring skal vidareføre det interkommunale samarbeidet i Hallingdal på grunnskuleområdet. Det er inngått forplikande avtale med Nes kommune. Det er sett i gang arbeid med å forhandle fram ein avtale med ein kommune til.
- b) Grunnskuleopplæring Spesialundervisning. Opplæringslova § 4A-2.
 - Læringscenteret Gol Vaksenopplæring skal gje tilbod om spesialundervisning for vaksne, i samsvar med Individuell opplæringsplan for den einskilde.
 - Læringscenteret Læringscenteret Gol vaksenopplæring prøver ut spesialundervisning i mindre grupper som supplement til eineundervisninga. Det er eit ynskje å auke talet på slike grupper.
 - Læringscenteret Gol Vaksenopplæring administrerer logopedi og afasibehandling for vaksne og gjer avtale med NAV om refusjon av utgiftene til behandling.
- c) Kvalifiseringsprogrammet: I samarbeid med NAV gje grunnskuleopplæring etter opplæringslova §4A-1 og/eller 4A-2 for aktuelle deltakarar.

3. Introduksjonsprogram for Innvandrarakar. Lov om introduksjonsordning.

- Deltakarar på Introduksjonsprogram skal etter at programmet er ferdig, ha nådd mål om norskopplæring jf. pkt 1a.
- Deltakaren skal vera i løna arbeid eller i kvalifiseringstiltak i regi av NAV-arbeid, eller ha byrja på vidare skulegang
- Læringscenteret Gol Vaksenopplæring skal skaffe eit tilstrekkeleg tal ulike typar språk-praksisplassar i kommunale verksemder.

- Læringscenteret Læringscenteret Gol vaksenopplæring vil arbeide for å få til interkommunal samarbeidsavtale om Introduksjonsprogram.

Tiltak 2010-2013

Investerings- og driftsoversikta nedanfor omtalar tiltaka.

Økonomiplan 2010-2013

Budsjettet til Læringscenteret Gol vaksenopplæring er delt i fire hovuddelar:

| | |
|-----------|--|
| 131502131 | Grunnskuleopplæring etter opplæringslova § 4A1 |
| 131502133 | Spesialundervisning etter opplæringslova § 4A2 |
| 131502134 | Framandspråkopplæring |
| 131502732 | Introduksjonsprogram |

INVESTERING – Læringscenteret Gol vaksenopplæring sitt framlegg:

| Budsjettkap. | Nye tiltak og endringar | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 |
|---------------|--|------|------|------|------|
| 1230031502134 | Måling fasade Lysbo | 110 | 110 | 110 | |
| 1230031502134 | Oppussing toalett 1. etg. | 70 | 70 | | |
| 1200031502134 | Elevpultar. Utskifting. 15 stk pr år | 20 | 20 | 20 | 20 |
| | Stolar og elevpultar auka elevtal hausten 2010 | 40 | | | |
| 3150 | Husleige-Drift Lysebo | 300 | | | |
| 3150 | Husleige- drift andre lokalitetar | | 750 | 750 | 750 |

Kommentar til investeringsdelen i økonomiplanperioden 2010-2013

Oppussingsarbeid Lysbo

Læringscenteret held til i gamle og utslitne lokale. Fasaden talar for seg. Innvendig er det også lite tilfredstillande, men ymse småarbeid har gitt eit noko betre inntrykk av bygningen. Her er det eit toalettrom som treng oppussing og oppgradering. Det er heller ikkje tilgjenge for rørslehemma. Om lag 90 personar er knytte til vaksenopplæringa, anten som elevar eller tilsette. I tillegg kjem elevar ved Folkeuniversitetet Hallingdal som nyttar lokal på kveld og helg og dels på dagtid. Kommunen sitt opplæringsrom for data soknar også til desse toaletta.

Lokala i Lysbo har ein sansynleg driftskostnad på 200 000 kroner per år til energi, forsikring, avgifter m.m. I tillegg kjem utgifter til reinhald og vaktmeister på 160 000 kroner. Naudsynt oppussingsarbeid er gjort greie for ovanfor. I økonomiplanen blir det lagt opp til auka kostnader med husleige, anten som fylgje av oppgradering av Lysbo eller at Gol vaksenopplæring og Folkeuniversitetet kan ta i bruk nye og meir eigna lokale.

Andre lokalitetar

Lokala i Lysbo er ikkje tilfredstillande verken for undervisning eller annan aktivitet. Gol kommune må etter kvart finne ei løysing der vaksenopplæringa kan nytte lokale som er meir tidsmessig og ikkje minst ivaretek arbeidsmiljølova i høve til ventilasjon, støy og temperatur. Det bygningsmessige og interiørmessige er også svært dårleg forfatning.

I økonomiplanen blir det lagt opp til ei stipulert leige for vaksenopplæringa. Tilfredstillande lokale vil ein i samarbeid med Gol kommunale eigedomar A/S kunne leige for om lag 500.000 kroner per år. I tillegg kjem moms. Det må då også leggjast inn tilsvarende beløp i overføringar frå kommunen, men det er viktig å synleggjera også desse utgiftene.

Inventar/møblar

Då vaksenopplæringa tok til med samarbeid med andre kommunar, oppsto det eit akutt behov for møblar til elevane. Løysinga vart å overta kassabelt materiell der dette var å finne.

Samarbeidet med kommunane fungerer godt, og alt tyder på at samarbeidet har kome for å bli. Det er difor i gang eit arbeid med å etter kvart byte ut alt utrangert elevmøblement med nytt møblement.

Det som er skrive ovanfor om investeringar, føreset at det blir skaffa nye lokalitetar til Læringscenteret Gol Vaksenopplæring og Folkeuniversitetet i nær framtid i samband med realisering av Hallingmoprojektet.

Dersom Hallingmoprojektet ikkje blir realisert, eller at det ikkje blir funne ny tilhaldsstad for Vaksenopplæringa/Folkeuniversitetet, må det gjerast slike investeringar ved Lysebo:

- a) Fullstendig oppgradering av friskluftanlegget ved Lysbo
- b) Brannsikringstiltak med belysning, vatn, varslarar m.m., fleire rømningsvegar
- c) Nytt varmesystem (fyrkjele, varmesentral, ovnar)
- d) Tilgjenge for rørslehemma
- e) Nye toalett inkl toalett for rørslehemma
- f) Solskjerming
- g) Generell oppussing av klasserom med måling, nye innertak, golvbelegg, utskifting av dører
- h) Oppussing av administrasjonsavdeling med nye tak, oppussing kontor kordinator, garderober for tilsette
- i) Oppussing og ombygging av korridor 1. etg med nye golv, nytt golvbelegg
- j) Oppussing kopi-rom
- k) Lage garderober for elevar
- l) Nytt lagerrom og sanering av gammalt safe-rom
- m) Fullstendig oppussing av fasaden
- n) Nytt ytre tak på lite mellombygg
- o) Ferdigstilling av uteareal i bakgarden
- p) Det er ukjent kva standard det er på det elektriske anlegget generelt
- q) Det er ukjent kva standard det er på VVS anlegget ut over det som er nemnt ovanfor.

Desse utgiftene er ikkje kostnadsrekna.

DRIFT – Gol vaksenopplæring sitt framlegg:

| Budsjettkap. | Nye tiltak og endringar | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 |
|--------------|-------------------------|------|------|------|------|
| 31502751 | Introduksjonsprogram | 80 | 80 | 80 | 80 |

Kommentar til driftsdelen nye tiltak i økonomiplanperioden 2010-2013

Introduksjonsprogram

Drifting av programmet utanom skuleruta, i feriar og dagar utan undervisning.

Mål 2010 - 2013**Visjon, utarbeidd via verdidebatten: Omsorgstenester for meistring av eigen livssituasjon.**

Det skal framleis satsast på leiar- og kvalitetsutvikling med fokus på verdiane

- Brukardialog og kommunikasjon med brukarar
- Myndiggjorde medarbeidarar
- Tilretteleggjande leiing
- Heilskapeleg og tverrfagleg tenking

I 2008 vart det sett ned ei arbeidsgruppe som skulle utarbeide ein handlingsplan for omsorgstenesta i Gol kommune, den såkalla verdidebatten. Arbeidsgruppa har utarbeidd ein handlingsplan som har vore ute på høyring samt at det er vorte halde to folkemøte. Handlingsplanen vert lagt fram til endeleg handsaming i kommunestyret hausten 2009.

Omsorgsavdelinga skal :

- Ha ein bærekraftig og robust struktur med tydeleg leiarskap. Det må rettast fokus mot organiseringa med tanke på endringar i leiarstrukturen
- Vere ei visjonær, open og inkluderande eining med fleksibilitet og takhøgde
- Arbeide lojalt og målretta mot visjon og mål
- Yte tenester etter lov, forskrift og retningsliner og etter heilskapeleg og individuell vurdering innfor gitte rammer
- Utvikle avdelinga slik at omsorgsavdelinga kan fylle intensjonen i Samhandlingsreformen om meir akutt/intensiv behandling og auka fokus på rehabilitering og korttids plassar.
- Ha eit godt system for internkontroll
- Auke bruken av lågterskel - og alternative tilbod i kommunen
- Gjennomføre brukarundersøking i alle områda. Planlagt kvart andre år.
- Dokumentere i alle ledd i sakshandsaminga
- Dokumentere den løpande tenesteytinga
- Dokumentere løpande og rett i IPLOS
- Utarbeide lokal norm for legetenester i sjukeheim, - godkjent i K-sak 0028/08
- Ha fokus på brukarmedverknad
- Ha fokus på "Den kulturelle spaserstokken" og aktiv omsorg
- Auke samhandlinga med friviljuge, familie og lokalsamfunn
- Handtere personopplysningar etter retningsliner for informasjonssikkerheit og personvern
- Arbeide etter plan for omsorgstenestene som har fokus på
 - Framtidig tenestebehov
 - Bustadbehov
 - Demensplan
 - Utviklingshemma
 - Alderspsykiatri
 - Habilitering og rehabilitering
 - Rekruttering
 - Kvalitet i tenesten
- Bidra til interkommunalt samarbeid, mellom anna hospitering
- Ha fokus på heilskapeleg og tverrfagleg tenking med bakgrunn i ideane i Samhandlingsreformen
- Følgje årshjulet for avdelinga
- Utvikle eit internkontrollsystem innfor avdelingas verkeområde og vidareføre arbeidet med kvalitetsråd
- Bidra til at politikarane får naudsynt og korrekt informasjon om omsorgsavdelingas virke
- Motivere og bevisstgjere medarbeidarane til å bruke IKT verktøyet dagleg
- Gjennomføre medarbeidarundersøking i alle områda. Planlagt kvart andre år
- Ha fokus på respekt og medarbeidarmedverking

- Ha fokus på opplæring og kompetanseheving, planlagt vidareutdanning innan demensomsorg. (lagt til Gol)
- Ha fokus på livsfaseorientert personalpolitikk etter individuell vurdering
- Ha fortsett fokus på å redusere talet på ufrivillige deltidsstillingar
- Betre kvaliteten på samhandlinga mellom leiging og tillitsvalde og vernetenesta
- Ha fokus på Friskliv
- Følgje retningslinene i IA-avtala, nært samarbeid med NAV
- Vera med i prosjekt Aktiv Bedrift
- Gjennomføre undersøking om bustadbehov for menneske med psykisk utviklingshemming.

Tiltak 2010 - 2013

INVESTERING

- Utbetring av personalfasilitetar i Helsetunvegen: kontorplassar, møterom, spiserom, garderober, dusj etc., samarbeid med GBKF. jf. Statusrapport frå Ressurssenter for omstilling i kommunane (RO) – juli 2007.
- Fellesareal for brukarane i Helsetunvegen, jf. Statusrapport frå RO– juli 2007. samarbeid med GBKF.
- Programvare internkontrollsystem, jf. Revisjon frå helsetilsynet i september 2006. Fellestiltak Hallingdal.
- Gjennomføre K-sak 0049/08, påbygging Gol helsetun, område vest. Mål: 12 nye einerom.
- Arbeide vidare med planar om ombygging Gol helsetun, område aust (underetasje og stue samt flytting av kontora frå stua og spisesal). K-sak 0049/08
- Utviding og utbetring av institusjonskjøkkenet (auka kapasitet). Arbeidet skal sjåast i samband med ombygging av underetasjen.
- Vurdere mulegheiter for flytting av vaskeritjenester til arbeidssenteret, i samarbeid med GBKF.
- Oppgradering av Gol helsetun aust ODA og ADA.
- Vidareutvikle det oppstarta arbeidet med sansehageprosjektet.

DRIFT

- Ein større del av rammetilskotet knytta til innbyggjarar med omfattande bistandsbehov må prioriterast brukt til fordel for denne gruppa.
- Driftsmidlar til nye avlastingsbustader i Helsetunvegen (bygd 2006)
 - Bemanning i dei 2 nye bustadane i Helsetunvegen (bygd 2006)
 - Husleige to avlastingsbustadar i Helsetunvegen, ein av desse er barneavlastningsbustad
 - Auka kostnader på legemidlar; to avlastingsbustader i Helsetunvegen
 - Auka kostnader til mat; to avlastingsbustader i Helsetunvegen
- Følgjer av vedtak som etter klage er omgjorde hjå Fylkesmannen i Buskerud:
 - Miljøarbeidarteneste 1:1 brukar i Helsetunvegen med utagerande åtfærd
 - Miljøarbeidartenester 1:1 brukar som bur heime
 - To nye brukarar på arbeidssenteret med 1:1 kontakt
 - Bemanning kommunal barneavlastning; førebels 0,6 årsverk
 - Utvida tilbod om BPA (borgarstyrt personleg assistanse), omsorgsløn, støttekontakt og privatavlastning, jf. Omsorgsmeldinga
 - Alternative arbeidstilbod; t.d. Inn på tunet/Grøn omsorg – tiltak eller oppmuntringspengar, jf. St.meld.nr. 25, Omsorgsmeldinga, Rundskriv Nr I-5/2007 Aktiv omsorg frå Helse- og omsorgsdepartementet og Rundskriv A-28/2007 frå Arbeids- og inkluderingsdepartementet
 - Utviding av SFO til og å gjelde ungdomsskule/vidaregåande skule sine elevar med spesielle behov. (Blir i dag definert som heimetjenester og blir kosta av omsorgsavdelinga)
- Bemanning tilpassa behovsdokumentasjon/bemanningsplan.
- Gradvis utskifting av nedslite inventar og utstyr (komfort og ergonomi).
- Heildøgns bemanning i Torstadvegen, tilpassa heildøgns pleie- og omsorg, jf. revisjonen frå helsetilsynet i september-06. Behov for nattvakt, felles Torstadvegen ,Furuvegen samt til 12 nye sjukeheimsplassar =1,7 årsverk.
 - Bemanning av institusjonen etter følgjande norm:
Bemanning nye institusjonsplassar, 12 sjukeheimsplassar –5 årsverk rekna ut frå standard norm bemanning. Ekstra nattevakt er ikkje rekna med her. Dersom ein ikkje får ei nattevakt

fast i Torstadvegen / Furuvegen, må ein opprette nattevakt i tilknytning til dei 12 nye sjukeheimsplassane.

- Utvikling av dagsentertilbod til eldre som bur heime, og som treng sosiale aktivitetar - auke itil 0,5 årsverk aktivtør.
- Driftsauke kjøkken – 0,9 årsverk (som følgje av nye sjukeheimsplassar).
- Driftsauke merkantilt - 0,5 årsverk (som følgje av nye sjukeheimsplassar).
- Utvikling av transportløysingar for arbeid/dagsentertilbod.
- Desentralisert sjukepleiarutdanning.
- Gerica og IPLOS ansvarleg, 0,5 årsverk.
- Det er gjort vedtak i alle Hallingdalskommunane om eit samarbeid med Folkeuniversitetet i Buskerud/Vestfold/Telemark og Diakonhjemmets høgskole, om desentralisert sjukepleiarutdanning. Dette hadde oppstart januar 2009. Det er planlagt oppstart av nytt kull januar 2010.
- Administrasjonsutvalet slutta seg til innstilling frå rådmannsutvalet i Hallingdal om økonomisk tilskot til eigne medarbeidarar som startar på denne utdanninga som vil ta 4 år. Omsorgsavdelinga vil legge inn støtte for 2 nye studentar ved oppstart 2010. Rekna utgifter er innarbeidd i budsjett 2010 og vidareført i økonomiplanen basert på tal studentar med tilsetjingsforhold i Gol kommune.

Økonomiplan 2010 - 2013

INVESTERING - Omsorgsavdelinga sitt framlegg:

| Budsjettkap. | NYE tiltak og endringar | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 |
|--------------|--|-------|--------|-------|------|
| 3431.2532 | Utbetring av personalfasilitetar i Helsetunvegen; Kontorplassar, møterom, spiserom, garderober, dusj etc., jf. Statusrapport frå RO (ressurscenter for omstilling i kommunane) – juli 2007. Prosjektering 2009 | 0 | 50 | 2 000 | 0 |
| 3431.2542 | Fellesareal for brukarane i Helsetunvegen, jf. Statusrapport frå RO (ressurscenter for omstilling i kommunane) – juli 2007. Prosjektering 2010 | 0 | 50 | 2 000 | 0 |
| 3400.1207 | Programvare internkontrollsystem. Jf. Revisjon frå helsetilsynet i september 06. | 100 | 0 | 0 | 0 |
| 3420.2532 | Ombygging Gol helsetun, område aust (u-etg og stue, samt flytting av kontora frå stua). | 0 | 46 500 | 0 | 0 |
| 3410.2533 | Utviding og utbetring av institusjonskjøkkenet (auka kapasitet) Aircondition for kjøkken Gol Helsetun (GBKF) | 100 | 800 | 0 | 0 |
| 3400.2541 | Inventar inngangsparti, kontor og møterom | | 150 | 0 | 0 |
| 3420.2532 | Inventar ny stue | | 150 | 0 | 0 |
| 3420.2532 | Inventar korttids plassar | 200 | 50 | 0 | 0 |
| 3410.2533 | Kjøkkenmaskinar | 100 | 30 | 0 | 0 |
| 3420.2341 | Sansehage/erindringsrom | 25 | 25 | 5 | 5 |
| 3420.2532 | Alarm-/ringesystem på aust og vest | 1 000 | 0 | 0 | 0 |

Kommentar til investeringstiltak i økonomiplanperioden 2010-2013

3431.2532 Fasilitetar i Helsetunvegen

Helsetunvegen PU -bustader har ingen fasilitetar med tanke på pauserom . Det er no teke i bruk ein av leilegheitane til dette føremålet i påvente av eventuell bygging av fellesareal. For at personalet skal kunne drive forsvarleg etter arbeidsmiljølova, og følgje opp strenge krav om dokumentasjon, er det viktig at dette blir prioritert. Det er for tida ingen stader der ein kan oppbevare personopplysningar o.l., noko som er forbode.

3431.2542 Fellesareal for bebuarane i Helsetunvegen

Bebuarane har ingen plass dei kan samlast for måltid og aktivitetar. Dette gjer drifta lite effektiv ved ekstra måltid i helger og høgtider og ved ulike kveldsaktivitetar. Dei nyttar no leilegheit saman med personalet.

3400.1207 Programvare internkontrollsystem

Avdelinga må byggje opp eit omfattande internkontrollsystem for å ivareta krav frå styresmaktene, jf. Revisjon frå Helsetilsynet 2006. Ventar på fellesløyning Hallingdal.

3420.2532 Inventar og utstyr

Det er m.a. ynskjeleg med utskifting av fleire senger og madrassar og betre lys til pasientar og personale på pasientromma (spesielt avd. aust som har dårlegast utstyr). Det må også reknast med hjelpemiddelutstyr ved særskilte behov. Det trengs også oppgradering på møblement i fellesareal.

3420.2532 Ombygging Gol helsetun, område aust (u-etg og stue, samt flytting av kontora frå stua). Underetasje aust er i UKL-sak 58/99 omgjort til fem omsorgsbustader, og aldersavdelinga fekk status som sjukeheimsavdeling. Vedtaket er aldri sett i verk.

I saksutgreiing i 1999 er det sagt at romma i underetasjen er lite eigna som sjukeheimsrom. Avdeling aust u.etg. er ikkje eigna til sjukeheims plassar grunna smale dører, felles bad for to rom, ingen servicerom (skyllerom, anretning osv.) og ingen fellesrom.

Sett ut frå dagens krav til standard, vert det vurdert slik at romma i underetasjen er lite eigna til omsorgsbustader. For å oppfylle dagens krav til standard, ville ein måtte foreta ei re-habilitering av avdelinga. Dette gjeld spesielt bad og kjøkken. Fellesareal er det ikkje lagt til rette for, og det er heller ikkje høve til å få til dette ut frå fysiske forhold.

Det føreligg utgreiing (teikningar og kostnadsoverslag) for ombygging og påbygg av "gamle" aldersavdeling og underetasjen.

Hovudstua aust (1.etasje) må gjerast større ved å flytte kontora i stua ned til den gamle fysioterapiavdelinga i underetasjen. Ny hovudinngang vil og ligge her. Kontora ligg i dag i stua/spisesal til fastbuande på avd.aust.

Det er naudsynt med oppgradering av garderober, dusj og toalett for tilsette.

Omsorgsavdelinga har per i dag for lite kontor plass slik at avdelinga har måtta teke i bruk kontor som ligg i fysioavdelinga. Helseavdelinga har varsla at dei treng meir plass og gjerne vil ha kontora til eigen disposisjon. Dette gjer behovet for kontor plass i underetasjen endå større.

3410.2533 Utviding og utbetring av institusjonskjøkkenet (auka kapasitet)

Kjøkkenet har behov for større plass dersom dei skal klare å oppretthalde den produksjonen dei har i dag. Det er dårleg tilrettelagt for bakeavdeling og lite rom for kontor plass for kjøkkensjef. Det er tenkt ei lita utviding av kjøkkenet for mellom anna å få plass til maskiner som kan auke kapasiteten. Det er stort behov for airconditionsanlegg ved kjøkkenet. Dette er ei investering som GBKF må gjera. Verneombodet har kome med merknad til dei dårlege arbeidstilhøva for tilsette ved kjøkkenet grunna dette. Sommarhalvåret er spesielt vanskeleg.

3420.2541 Inventar inngangsparti, kontor og møterom

Det er ynskjeleg å få flytta hovudinngang til underetasje og få til ein "resepsjon" som kan vera i kombinasjon med kontor til merkantilt personale. Det er ynskjeleg med eit oversiktleg og informativt inngangsparti slik at besøkjande/pårørande lett kan finne fram.

3420.2532 Inventar ny stue

Stua på aust treng rehabilitering og oppgradering dersom ein får flytta kontor til under etasjen.

3420.2532 Inventar korttidsplassar

Det er tenkt at eine avdelinga på aust kan nyttast til korttids/rehabiliterings plassar. Grunna samhandlingsreformen vil det truleg i framtida verta større etterspørsel etter denne type plassar. For å kunne få ei funksjonell rehabiliteringsavdeling, vil det vera naudsynt med ei viss oppgradering av romma. Avdelinga er frå slutten av 1970 talet og det er lite som er gjort av oppgradering i desse åra.

3410.2533 Kjøkkenmaskinar

Kjøkkenet har behov for oppgradering av maskiner for å tilfredsstille kvalitetskrava som vert stilte frå mattilsynet. Det er viktig at ei såpass stor produksjonsavdeling har sikkert og kvalitetsmessig rett utstyr for å kunne levere fullgode produkt.

3420.2532 Alarm-/ringesystem på aust og vest

Alarm/ringjesystema på Helsetunet er ikkje funksjonelt korkje for bebuarar eller personalet. Det er ynskjeleg med eit varslingsystem som tilfredsstiller dagens krav til standardar. Eit ringesystem som er funksjonelt, og sikkert sikrar tryggleiken for bebuarane.

Det er ynskjeleg at ringjesystemet på eksisterande avdeling hadde vorte skifta samtidig med at ny avdeling får sitt ringjesystem. Ein prioriterer å få til same type system overalt.

3420.2341 Sansehage for demente

Ein sansehage er ein miljøterapeutisk metode som blir brukt i arbeidet med personar med demens. Målet med sansehagen er å betre den daglege livskvaliteten og aktivitetmulegheita for demenslidande. Mulegheita til å gå ut i frisk luft kan både dempe uro, minske stress, virke roande og auke konsentrasjonen. I sansehagen får ein i tillegg til trivsel, utfordringar og opplevingar som gjev både fysisk og mental stimulering, noko som også vil bidra til å redusere medisinerer.

Sansehagen skal innehalde blomar, buskar og tre som appellerer til syn og luktesans og med ein tilrettelagt turveg gjennom, slik at både rullestolbrukarar og dei med rullator kan gjera seg nytte seg av han. Sansehagen kan og innehalde gjenstandar som gir erindringsopplevingar. Det er viktig at hagen er tilpassa lokale miljø. Arbeidet er i gang med planlegging om vidareføring i åra framover.

3431 Bustader til psykisk utviklingshemma

Om ein prioriterer dei resterande trygdebustadene i Helsetunvegen (tre stk) til personar med utviklingshemming i framtida, vil ein truleg ikkje ha behov for å byggje nye bustader dei neste fire åra. Ein må då ha ein bevisst politikk på at nokre av desse brukarane bør ha høve til å skaffe seg privat bustad.

DRIFT – Omsorgsavdelinga sitt framlegg:

| Budsjettkap. | Vidareføring av tiltak – Økplan 2008-2011 | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 |
|--------------|---|------|------|------|------|
| 3400.2531 | Sak 0002/04, tiltak sjukefråvær | 50 | 50 | 50 | 50 |
| 3400.2531 | Sak 0050/04, utvikling leiarskap | 20 | 20 | 15 | 15 |
| 3430.2544 | Tryggleiksalarm via Hjelp 24 (flytta frå investering) | 50 | 50 | 50 | 50 |

| Budsjettkap. | Nye tiltak og endringar | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 |
|-------------------|--|-------|-------|-------|-------|
| 3431.2542 og 2341 | Nye årsverk i tenester til utviklingshemma | 4 250 | 4 250 | 4 250 | 4 250 |
| 3431.2532 | Husleige ein leilegheit i Helsetunvegen som er teken i bruk til personal/fellesareal | 120 | 120 | 120 | 120 |
| 3431.2532 | Auka kostnader på legemidlar; to avlastingsbustader i Helsetunvegen. | 20 | 20 | 20 | 20 |
| 3431.2532 | Auka kostnader til mat; to avlastingsbustader i Helsetunvegen, samt SFO ordning for elevlar i vidaregåande skule. | 35 | 35 | 35 | 35 |
| 3400 | Administrativ leing (økonomikonsulent, løn utover budsjettet) | 50 | 50 | 50 | 50 |
| 3410.2533 | Driftsauke kjøkken, 0,9 årsverk | 0 | 360 | 360 | 360 |
| 3410.2532 | Skyssgodtgjering Frivillige | 20 | 20 | 20 | 20 |
| 3411 | Utvida tilbod om; (Jf. Omsorgsmeldinga) | 200 | 250 | 300 | 300 |
| 2543 | BPA (borgarstyrt personleg assistanse), | | | | |
| 2542 | omsorgsløn, | | | | |
| 2342 | støttekontakt og | | | | |
| 2542 | privatavlasting. | | | | |
| | SFO | | | | |
| 3411.2341 | Utvikling av alternative arbeidstilbod; Inn på tunet/Grøn omsorg – tiltak (sjå Næringsavdelingas tiltak). Jf. Omsorgsmeldinga. | 300 | 300 | 300 | 300 |

| | | | | | |
|-----------------|--|-----------------------|-----------------------|-----------------------|-----------------------|
| 3412.2532 | Natteneste 1,7 årsverk Torstadvegen | 765 | 765 | 765 | 765 |
| 3420. 2341 | Institusjonstenester • Aktivitør / vert 1 årsverk | 400 | 400 | 400 | 400 |
| 3420.2532 | Gradvis utskifting av nedslite inventar og utstyr (komfort og ergonomi). | 100 | 100 | 100 | 100 |
| 3420.2532 | Vidareutvikling av sjukepleierpool som følgje av samhandlingsreformen | 50 | 50 | 50 | 50 |
| 3420.2341 | Leasing av minibuss/bil i samarbeid med andre avdelingar | 60 | 60 | 60 | 60 |
| 3420.2532. | Årsverk nye plassar, 12 sjukeheimspl. • Direkte brukarretta oppgåver 5 årsverk • Auke i utgifter til kjøp av servicefunksjonar GBKF (stipulerte utg.) • Auka utgifter i årsverk til bemanning av omsorgsbustader. (3 årsverk) | 2 250 250 1 350 | 2 250 250 1 350 | 2 250 250 1 350 | 2 250 250 1 350 |
| 3420.2341 | Utvikling av dagsentertilbod til eldre som bur heime og treng sosiale aktivitetar. Jf. Omsorgsmeldinga | 300 | 200 | 100 | 50 |
| 3420.2341.11702 | Transport til/frå dagopphald. Underbudsjettert | 100 | 100 | 100 | 100 |
| 3431.2341.11702 | Transport til/frå arbeidssenteret (denne posten vil bli borte dersom ein leaser bil) | 50 | 50 | 50 | 50 |
| 3410.2533 | Auka utgifter til mat 12 nye sjukeheimsplassar | | 300 | 300 | 300 |
| 3420.2533 | Auka utgifter til medisin 12 nye sjukeheimsplassar | | 150 | 150 | 150 |
| 3420.2532 | Auka utgift medisinsk utstyr 12 nye sjukeheimsplassar | | 50 | 50 | 50 |
| 3400.2532 | Intravenøst prosjekt, felles Hallingdal | 5 | 5 | 5 | 5 |
| 3400.2532 | Utvikling av felles sjukepleierpool i Hallingdal, forprosjekt | 10 | 10 | | |
| 3430.2532 | Auka heimetenester, ressurskrevjande brukar | 450 | 450 | 450 | 450 |
| 3400.2532 | Tilskudd kompetanseheving, sjukepleiarutdanning | 480 | 560 | 480 | 480 |
| 3420.11100 | Auka utgift medisinsk forbruksvarer 12 nye sjukeheimspl. | 30 | 30 | 30 | 30 |

Kommentar til driftstiltak i økonomiplanperioden 2010-2013

Generelt

Svakheita i budsjettet per i dag er at det i hovudsak baserer seg på historiske data og ikkje i tilstrekkelig grad byggjer på reell situasjonsanalyse og behovsdokumentasjon (KOSTRA og IPLOS-data), jf. RO-rapport 2007. Det har i fleire år vore til dels store overskridingar på budsjettet til omsorgsavdelinga. Dette må ein forsøke å få kontroll over. Det er tilsett økonomikonsulent i omsorgsavdelinga som vil ha nøye gjennomgang og oppfølging av reknskap og budsjett.

Tenester til utviklingshemma

I rammetilskotet til Gol kommune, kriteriedata kolonne 10 og 11, ligg tilskot per innbyggjar med utviklingshemming respektive 0-16 år og eldre enn 16 år.

I 2007 er tala respektive 105 000 kroner og 500 000 kroner per person. Tilskotet for 2008 er enda ikkje kjent. Avdelinga har fleire registrerte personar med utviklingshemming og ressurskrevjande brukarar i 2008 enn i 2007.

Omsorgsavdelinga har per 01.01.2000 seks innbyggjarar 0-15 år og 28 innbyggjarar over 16 år med diagnose utviklingshemming. Fleire barn er under utgreiing. I tillegg har avdelinga 12 brukarar som ikkje er diagnostiserte og difor ikkje kjem inn under dette inntekssystemet.

I rammetilskotet til Gol kommune ligg det difor inne 6 x 105 000 kroner = 630 000 kroner og 28 x 500 000 kroner = 14 mill kroner, - til saman 14,6 mill kroner.

I tillegg kjem tilskott til ressurskrevjande brukarar som avdelinga søker særskilt for.

Stortinget har for innrapporteringa i 2008 vedtatt at innslagspunktet skal prisjusterast til 800 000 kroner. Den nye modellen for utrekning av toppfinansieringstilskotet inneber at kommunane vil få refundert ein

fast del av direkte lønsutgifter ut over innslagspunktet. Ressursinnsatsen må vera knytta til bestemte KOSTRA-funksjonar og KOSTRA-artar.

I 2009 blir refusjonsgraden auka til 85 % av dei faktiske lønsutgiftene. Kommunens innbyggjartal skal ikkje lenger leggast til grunn for utbetalinga. Ordninga vil med dette bli lettare å føresjå for kommunane. Tilskotet er øyremerka og blir gjeve på bakgrunn av innrapporterte reknskapsførte lønsutgifter til kvar enkelt mottakar for føregående år.

Kommunen har ikkje fått attendemelding på kva tilskotet for ressurskrevjande tenester 2008 vil utgjere. Departementet varsla at dette vil bli gjort kjent i løpet av juni 2009.

Som følgje av klager på vedtak om omfang av tenester, har Fylkesmannen omgjort vedtaka, og omsorgsavdelinga må yte tenestene. Dette dreiar seg om bemanning i dei to nye bustadene som vart ferdigstilte i Helsetunvegen i 2006, ny brukar som har flytta inn i ein av dei tidlegare avlastingsbustadene, ny brukar i ein av trygdebustadene, aukande kommunal avlasting og behov for kommunal barneavlasting.

Område aust/vest

Bemanning

Gol helsetun har 33 plassar aust og vest, samt 5 såkalla omsorgsbustader i u.etc. aust. Desse er aldri sette i drift som omsorgsbustader, men vert per i dag nytta til 8 sjukeheimplassar. Det er igangsatt bygging av 12 nye sjukeheimplassar. Dette vil medføre at avdelingane og servicefunksjonar vil krevje meir både i forhold til drift, inventar og personell.

Bemanning tilpassa behovsdokumentasjon

- jf. revisjonen frå helsetilsynet i september-06 og Statusrapport frå RO juli 2007.

Heildøgns bemanning i Torstadvegen, tilpassa heildøgns pleie- og omsorg, jf. revisjonen frå helsetilsynet i september-06. Behov for nattvakt felles med Furuvegen 1,7 årsverk. Det vert forsøkt å tilpasse bemanning i omsorgsbustader ut frå det reelle behovet til ei kvar tid. Bemanninga vil derfor variere til ei kvar tid. Dette må det takast omsyn til i budsjettssamanheng.

- Bemanning av institusjonen etter følgjande norm:

Det bør takast stilling til kor mange brukarar den einskilde tilsette på vakt skal ha ansvar for på Gol Helsetun.

Avdelinga sitt forslag:

Dagtid: 4 brukarar per tilsett

Kveldstid: 6 brukarar per tilsett

Natt: 20 brukarar per tilsett

- Bemanning nye institusjonsplassar – 5,00 årsverk

- Utvikling av dagsentertilbod til eldre som bur heime, og som treng sosiale aktivitetar - 1 årsverk aktivtør.

- Driftsauke kjøkken - 0,9 årsverk (som følgje av nye sjukeheimplassar)

- Driftsauke merkantilt - 0,5 årsverk (som følgje av nye sjukeheimplassar)

- Utvikling av transportløysingar for dagsentertilbod.

Vedrørande institusjonstenester

På grunn av avvikling av fleire rehabiliteringsplassar og færre liggedøgn i sjukehusa, kjem behovet for rehabilitering, medisinsk behandling og oppfølging i sjukeheimane til å auke. Som følgje av kommunestyrevedtak 17.06.08 bør ein fast del av sjukeheimplassane brukast til dette formålet. Det vert lagt inn auke i driftsbudsjett som følgje av nye plassar. Dette gjeld mat, medisinsk utstyr, medisin og medisinske forbruksvarer.

Vedrørande Helsetilsynets revisjon 2006

Helsetilsynet i Buskerud hadde revisjon av delar av heimesjukepleia i september 2006. Det vart funne to avvik og tre merknader. Avdelinga treng auka ressursar for å kunne iverksetje tiltak slik at avvika kan lukkast. Avdelinga har gjort merknad på dette tidlegare utan at det er teke til følgje i budsjettssamanheng.

Avvik:

- Bemanninga ved nokre av omsorgsbustadene er ikkje forsvarleg til ei kvar tid. (Bustadene som er tilrettelagde for heildøgnspleie og -omsorg).
- Pasientjournalane beskriv ikkje kva individuelle bistandsbehov som føreligg hjå den einskilde pasient.

Merknader

- Alle merknadene gjeld betring av eit ufullstendig internkontrollsystem.

Hovudmålet vil difor vere å betre forholdet mellom behov for tenester og tilgjengelege ressursar slik at avdelinga kan kome i posisjon til å gjere meir enn å berre dekke dei basale behova som mat og naudsynt stell.

Avdelinga er samstemd i at driftsmidlar til fleire årsverk må kome før eller saman med utbygging av fleire plassar for å redusere belastninga med overbelegg for personalet og unngå at dei nye plassane blir ståande ubrukne grunna mangel på tilsette.

Kommentar til postane

3431.2542 og 2341 Årsverk i tenester til utviklingshemma.

Tenestene som kommunen yter til psykisk utviklingshemma er lovpålagde etter lov om sosiale tenester. Omfanget av tenestene er betydeleg. Tenestetilbodet blir gjeve i brukarane sine eigne bustader og i forhold til arbeidssenter. Talet på brukarar er høgt i forhold til storleiken på kommunen og omfattar både barn og vaksne.

Avdelinga er ikkje driftsmessig dimensjonert for dei oppgåvene som skal gjerast. Tenestene blir smurde tynt utover, men Fylkesmannen overprøver omfanget av tenestene og omgjer vedtak. Gol kommune blir tilført midlar i rammetilskotet til innbyggjarar med utviklings-hemming. Sjølv om midlane ikkje er øyremerka, bør dei brukast berre i forhold til denne brukargruppa.

3431 2532 Faste utgifter avlastingsbustadar

Etter organisering med GBKF har avdelinga ikkje fått tilført midlar til faste utgifter i avlastingsbustadene. All avlastning skal vera gratis.

3431.2651 alt. GBKF, Brannvarsling

Det har vore testa ut at brukarane i desse bustadene ikkje tar initiativ til å kome seg ut av bustaden når branddetektoren blir utløyst. Det er difor viktig at brannvarslinga går til sentralen i Helsetunvegen slik den gjer i dei andre bustadene. Alternativ løysing, som er under utprøving, er via Tryggleiksalarm ved Hjelp 24 som er kopla til røykvarslar

3410.2533 Kjøkken

Grunna auka matproduksjon (utbygging ved Gol helsetun og aukande matombringning) treng kjøkkenet å bli tilført midlar for å halde produksjonen på noverande nivå.

3420 – 3230 Leasing av bilsaman med andre avdelingar

Det vert arbeidd med å få til eit fellesprosjekt med andre avdelingar for å lease bil som ein kan nytte til transport til og frå dagsenter, arbeidssenter og liknande. I dag må det nyttast drosje, og dette vert ein stor kostnad.

3411 Utvida tilbod om

- BPA (borgarstyrt personleg assistanse)
- omsorgsløn
- støttekontakt
- privatavlastning

Dette er kostnadseffektive løysingar som erstattar det vanlege tenesteapparatet og tek omsyn til valfridom for den einskilde brukaren (jf. Omsorgsmeldinga og diverse rundskriv).

3411.2731 Inn på tunet – grøn omsorg

Alderssamansetninga blant brukarar med psykisk utviklingshemming har endra seg dei seinare åra. Omsorgsavdelinga har fått fleire unge brukarar som er ferdige eller snart ferdige på Gol vidaregåande skule. Det krev at både miljøarbeidarteneste, jobb og aktivitetstilbod blir utvikla.

Landbruket har naturlege føresetnader for å auke livskvaliteten for mange menneske. "Grøn omsorg" er eit samleomgrep for tilrettelagde tilbod frå gardbrukarar som ynskjer å nytte gardsbruket sitt i aktivt arbeid for barn, unge og vaksne med særskilte behov.

I handlingsplanen for landbruk er "Grøn Omsorg" nemnd som eitt av fleire aktuelle tilleggs-næringstiltak i landbruket. Her er fleire aktuelle tilbydarar av ulike "Inn på tunet"-tiltak i kommunen, men ingen av avdelingane har fått avsett midlar til kjøp av slike tenester. Det bør derfor setjast av inntil 300 000 kroner til kjøp av slike tenester slik at ein kan skaffe seg erfaringar med om tilbodet er bra for brukarane.

Omsorgsavdelinga har allereie teke i bruk tenestene for nokre brukarar, men ynskjer dette prioritert i budsjettsamanheng.

3412.2532 Natt teneste

Torstadvegen, jf. Helsetilsynets revisjon. Dette gjeld også omsorgsbustader i Furuvegen. Her er det tenkt ei fellesløyising med nattevakt.

3420.2532. Nye sjukeheimsplassar

Det må presiserast at 12 nye sjukeheimsplassar må tilførast midlar til drift. Det vil også verta ein auke på servicefunksjonar som reinhald, vaskeri, merkantilt, kjøken.

3430.2532 Heimetenester/ auka behov i høve fast bemanning i omsorgsbustader.

Ein har det siste året sett behovet for å ha fast bemanning i nokre av omsorgsbustadene. Dette er resultat av at ein er streng i tildeling av bustader slik at dei som får tildelt bustad, har eit stort omsorgsbehov. Trygg omsorg og pleie er stort hjå denne brukargruppa.

Avdelinga har forsøkt å dekkje dette med personalet frå heimesjukepleie, men oppdraga er aukande der, og ein kjem i manko på stillingar.

Heimetenestene har også eit aukande behov for meir bemanning. Dette skuldast i hovudsak ein ressurskrevjande brukar som krev ca. 1 årsverk meir enn tidlegare.

Ulike fellesprosjekt Hallingdal – t.d. intravenøst prosjekt.

Hallingdalskommunane går saman om opplæring innan intravenøs væskebehandling på sjukeheim, heilt i samsvar med samhandlingsreformen.

Eit anna prosjekt er felles sjukepleiepool for betre å utnytte dei fagkvalifikasjonane som er samla i Hallingdal.

2.3.7 SOSIALAVDELINGA

Mål og tiltak 2010 - 2013

- Redusere talet på mottakarar av økonomisk sosialhjelp.
- Følgje opp sjukmelde og arbeidsledige slik at dei kjem attende i arbeid så snart som mogleg.
- Sørgje for god oppfølging og avklaring av deltakarar i Kvalifiseringsprogrammet (KVP).
- NAV Gol skal bidra til at brukarane opplever at dei får gode tenester.
- Samarbeide nært med Ruskonsulent, psykisk helsevern, omsorgsavdelinga og andre relevante samarbeidspartnarar til beste for brukarane.
- Ta imot 15 flyktningar i året, og arbeide for at Introduksjonsprogrammet framleis får brukarane raskt over i arbeid og aktivitet.

Økonomiplan 2010 - 2013

INVESTERING – Sosialavdelinga sitt framlegg:

| Budsjettkap. | NYE tiltak og endringar | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 |
|--------------|--|------|------|------|------|
| | Ombygging for at noverande datarom og kontor skal henge saman med resten av NAV-kontora. | 300 | | | |

Kommentar til investeringstiltak i økonomiplanperioden 2010 – 2013

I handlingsplanen for 2009 – 2012 blei det kommentert at det bør vere plass til 18 arbeids-plasser i NAV Gol. Det er nå 12 arbeidsplassar, og det er ikkje plass til fleire. Dette gjer at det ikkje er plass til fleire tilsette dersom det til dømes blir etablert regional stilling som gjeldsrådgjevar. Det er og ynskje om å kunne bruke noverande møterom som samtalerom.

Under utarbeiding av samarbeidsavtale mellom Gol kommune og NAV Buskerud har rådmannen signalisert at NAV Gol vil kunne disponere noverande datarom og kontor i fyrste etasje så snart som mogleg etter at serverane er flytta ned i kjellaren. Det er signalisert at desse romma kan bli frigjevne så snart server-rommet i kjellaren er ferdigstilt. For at bruken av desse romma skal bli god, må dei henge saman med dei noverande NAV-lokala. Det er naudsynt med bygningsmessige endringar.

Dersom ein hadde starta ombygginga i 2009, ville det framleis vere mogleg å få statlege omstillingsmidlar til ei slik ombygging slik at kommunen hadde dekkja 1/3 av utgiftene. Ved ei ombygging i 2010 må Gol kommune dekke alle utgiftene.

DRIFT – Sosialavdelinga sitt framlegg:

| Budsjettkap. | NYE tiltak og endringar | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 |
|---------------|--|------|------|------|------|
| 3300242110100 | 100% st., tiltakskonsulent for Kvalifiseringsprogr. / arbeid for sosialhjelp | 400 | 400 | 400 | 400 |
| 3300242110100 | Del av regional stilling som gjeldsrådgjevar | 93 | 93 | 93 | 93 |
| 3300242110100 | 30 % stilling som flyktningkonsulent | 120 | 120 | 120 | 120 |

Kommentar til driftstiltak i økonomiplanperioden 2010-2013

1. 100 % stilling, tiltakskonsulent for Kvalifiseringsprogrammet / arbeid for sosialhjelp
Samanlikna med dei andre kommunane i Hallingdal har Gol kommune flest personar som mottok sosialhjelp i løpet av året utan at det har vore fleire stillingar. 154 personar mottok sosialhjelp i 2008. Statistikken frå SSB viser at Gol har like mange tilsette i sosialtenesta som Ål og Hol. Bemanninga i sosialtenesta samsvarer ikkje med talet på klientar. Sosialtenesta har ikkje ressursar nok til å følgje opp deltakarane i kvalifiseringsprogrammet på ein god nok måte. Gjennom bruk av ei ny stilling og bruk av kommunale tiltaksplassar kan det stillast som vilkår for mottakarar om at dei skal stå i arbeid

for å kunne få sosialhjelp. Eit slikt tiltak vil kunne redusere utgiftene til økonomisk sosialhjelp betrakteleg. Det vil også vere svært aktuelt å gje deltakarane tilbod gjennom vaksen-opplæringa.

Kvalifiseringsprogrammet er eit kommunalt ansvar, og forvaltninga er lagt til det lokale NAV-kontoret. Føremålet med kvalifiseringsprogrammet er å forsterke innsatsen overfor personar som i dag er avhengige av sosialstønad over lengre tid. Det skal utarbeidast eit arbeidsretta program for alle som blir vurderte til å ha moglegheit til å kome ut i arbeid - også der vegen kan vere lang og usikker.

Direktoratet føreset at kommunane skal ha om lag 5 392 deltakarar i ordninga ved utgangen av 2009. Ut frå talet på deltakarar på landsbasis skal Gol kommune ha 8 deltakarar i programmet innan utgangen av 2009.

I vedlegg til brev datert 01.11.07 har direktoratet gjeve nærare 592 171 kroner i 2009 til delvis dekking av utgifter knytt til programmet. Det er forventa at tilskotet for 2010 blir av same storleik. I løpet av 1. kvartal 2010 skal kommunane rapportere korleis tilskotet for 2009 er nytta. Frå 2011 vil tilskotet bli lagt inn i rammetilskotet.

Løn til deltakarar i Kvalifiseringsprogrammet utgjer 2G eller 140 512 kroner per år eller 11 709 kroner per måned. Dette tilsvarer ei meirutgift på om lag 62 000 kroner per år per brukar samanlikna med økonomisk sosialhjelp. Kor stor meirutgifta per brukar blir, kan variere mykje, mellom anna avhengig av kor store utgifter til bustad klienten har.

Deltakarar i kvalifiseringsprogrammet treng svært tett oppfølging. Ut frå erfaringar i andre kommunar har departementet rekna kostnaden for kommunale tiltak til 10 500 kroner per måned per deltakar. Dette utgjer ei samla utgift på ca. 180 000 kroner per deltakar per år. For 8 deltakarar blir dette til saman 1 440 000 kroner. I den grad ein kan nytte statlege tiltaksplassar, vil kommunen få refundert ein del av utgiftene. Dersom deltakarane kjem ut i ordinært arbeid, vil det spare kommunen for store utgifter på sikt.

2. Del av interkommunal stilling som gjeldsrådgjevar.

I hovudskissa for etablering av NAV i Hallingdal er det beskrivi at oppretting av stilling som gjeldsrådgjevar er ei interkommunal oppgåve som kan leggjast til ressurseininga på Gol. Hovudskissa er utarbeidd i partnerskap mellom kommunane i Hallingdal og NAV Buskerud. I utvida partnerskap for NAV i Hallingdal der rådmennene i Hallingdal og direktøren for NAV i Buskerud møter, har leiaren for NAV Gol fått i oppdrag å lage eit utkast til saksutgreiing vedrørande regional stilling som gjeldsrådgjevar. Tanken er at dette skal vere eit utgangspunkt for handsaming av ei likelydande sak i alle dei seks kommunane. Saka bør kunne kome opp til politisk handsaming i løpet av hausten 2009.

I Vest-Telemark er det oppretta ei slik regional stilling. Erfaringane der viser at utgiftene til stillinga blir spart inn gjennom reduserte utgifter til økonomisk sosialhjelp. Dette skjer fordi ein kan kome tidlegare inn og få rydda opp i den økonomiske situasjonen slik at klienten blir sjølvhjelpen.

Det er eit sterkt ynskje frå alle NAV-kontora i Hallingdal at det blir oppretta ei slik stilling. Det ligg om lag 50 saker vedrørande gjeld til handsaming i NAV-kontora i Hallingdal. Kontora opplever at dei verken har ressursar eller kompetanse til å handtere desse sakene. Stillinga vil ha sin base ved NAV Gol.

3. Det er vedteke i UKL, Formannskap og Kommunestyre at det blir oppretta ei ny 30 % stilling som flyktningkonsulent. Denne blir lagt inn i budsjettet frå 2010. Det er tidlegare vedteke i Kommunestyret at Gol kommune i perioden 2009 – 2011 skal ta imot 15 flyktningar per år mot tidlegare 10 per år.

2.3.8 BARNEVERNET

Mål 2009 - 2012

- Prioritere tidleg hjelp til barn, unge og deira familiar.
- Framleis sikre eit godt tverretatleg samarbeid mellom barneverntenesta og andre avdelingar/etatar.
- Informere om kva barneverntenesta er, og kva ein kan vente seg av barneverntenesta.
- Etablere felles barnevernteneste for Hemsedal og Gol med oppstart i januar 2009.
- Framleis ha ei aktiv barnevernsvakt gåande.

Økonomiplan 2009 - 2012

INVESTERING - Barnevernet sitt framlegg:

| Budsjettkap. | NYE tiltak og endringar | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 |
|--------------|---|------|------|------|------|
| | Inventar til felles barnevern for Gol og Hemsedal og etablering i nytt bygg . | 100 | | | |
| | Data: kostnader ved byte frå Bvpro til Famila som fagsystem | 100 | | | |

Kommentarar til investeringar i økonomiplanperioden 2009-2012:

Mest sannsynleg går det mot ei etablering av felles barnevernteneste for Gol og Hemsedal. Denne tenesta blir då lagt til Gol. Truleg vil samanslåinga medføre meirutgifter. Vidare må nokre utgifter som gardiner, hyller og kontorinventar i forbindelse med etablering i nytt bygg takas med i budsjettet for 2009.

DRIF – Barnevernet sitt framlegg:

| Budsjettkap. | NYE tiltak og endringar | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 |
|--------------|--|------|------|------|------|
| | Lønsmidlar for å ha vakt i barnevernsvakta | 125 | 125 | 125 | 125 |
| | 25 % merkantil stilling | 90 | 90 | 90 | 90 |

Kommentar til drift i økonomiplanperioden 2009-2012:

Lønsmidlar for barnevernsvakta må takast med i framtidig budsjett. Vidare ser barneverntenesta at det er viktig med merkantile ressursar til arbeid med timelister, løn, arkivering og delar av arbeidet med internkontrollen. Barneverntenesta har i 2008 20 % merkantile ressursar (men berre budsjettert med 10 % i 2008) Ved ein auke på 5 %, og då til saman 25%, vil barneverntenesta kunne unngå å nytte fagressursane sine til merkantilt arbeide.

Mål 2010-2013

- Gol kommune skal arbeide målretta for god og likeverdig helse i heile befolkninga
- Kommunen skal motivere til og legge til rette for fysisk aktivitet og friluftsliv både for innbyggjarane og for tilsette

HELSE I PLAN

Det skal takast omsyn til helse i all planlegging.

Bygningar og tilrettelagt uteareal skal vera tilgjengelege for alle (universell utforming).

FØREBYGGING

Gol kommune skal arbeide for å fremje god helse i heile befolkninga i arbeid og fritid.

Livsstilssjukdommar skal førebyggjast gjennom fokus på kosthald, rus, tobakk, psykisk helse, kultur og fysisk aktivitet.

Kommunen skal gje tenestetilbod som brukaren i størst mogleg grad kjenner til, som skaper tryggleik, og der brukaren er aktivt medverkande

BEHANDLING OG REHABILITERING

Kommunen skal tilby nødvendig helsehjelp som dekkjer behov for pleie, omsorg, behandling og rehabilitering

Det skal arbeidast tverrfagleg for å samordne tilbod til menneske med psykiske vanskar, med særleg vekt på barn og unge.

Mål for miljøretta helsevern

- Halde seg oppdatert innan fagfeltet til miljøretta helsevern, og da særleg på områda inneklimate, mugg, støy og legionella
- Internett – Oppdatere nettside jamleg, det vil seie minst ein gong per kvartal. Leggje ut nyheiter samt generell oppdatering av stoff som alt ligg ute
- Vere med i kommunal planprosess der det er behov
- Støy – alltid ha fokus på støy i plansamanheng. Tenke førebygging av mogeleg framtidige støykonfliktar
- Radon – gjere data over radon og info om risikoområde i Hallingdal og tiltak tilgjengeleg for befolkninga
- Solarier- Kontrollere nye solarier løpande. Tilsyn av alle solarie med ein syklus på kvart tredje år. Neste tilsyn blir våren 2011
- Barnehagar, 35 i Hallingdal. Tilsyn av alle barnehagar blir gjennomført våren 2009. Neste tilsyn etter planen i 2012
- Skular, 26 barne-, ungdoms- og vidaregåande skular i Hallingdal. Kommande tilsyn er planlagt hausten 2009 – våren 2010
- Boblebad – Årleg kontroll av risikoanlegg. Andre er ikkje naudsynt å ta oftare enn vanlege basseng
- Basseng – Tilsyn kvart tredje år. Førre tilsyn var i 2006. Kommande tilsyn skal etter planen vere i 2009 og 2012. Dersom behov - oftare

Tiltak 2010-2013

- Ny stilling 60 % ingeniør. Gol sin del 70 600 kroner.

Kommentar

Bemannings situasjonen i MHV var tema på eitt av møta i 2008 i kommunelegeforum for Hallingdal. Kommuneoverlegane i Hallingdal er styringsgruppe for arbeidet med Miljøretta helsevern (MHV). Konklusjonen var at det er behov for auka bemanning i MHV for å kunne rekke over meir, både tilsyn og kunne vere meir aktiv i plansamanheng. MHV har per i dag ein stilling på 100 %. Frå MHV vart oppretta i 2002 til 2004 låg det 130 % stilling til MHV. I samband med statleg-gjeringa av det interkommunale Næringsmiddeltilsynet vart 30 % overført til Mattilsynet, og MHV satt igjen med berre 100%. Det er derfor ønskje om å få tilbake desse prosentane og samstundes auke med 30 % til, totalt

160 %. Dei offentlege tilrådingane for bemanning innafor miljøretta helsevern er 100% stilling per 10 000 innbyggjar. I Hallingdal bur det ca 20 000 menneske.

Mål for fysio- og ergoterapitenesta

- Ventetid for fysioterapi etter operasjonar, skadar og andre akutte tilstandar som kan forverrast utan behandling, skal vera mindre enn 1 veke
- Ventetid på fysioterapibehandling ved kroniske lidingar bør vera mindre enn 2-4 veker
- Fallførebyggjande trening for eldre med funksjonsvanskar skal prioriterast, og minst 10 personar skal få tilbodet i 2010
- Tilbodet til kreftpasientar skal haldast oppe og vidareutviklast
- Treningstilbodet i varmebassenget på Elverhøy bør nyttast av fleire. Det bør minst vera eit gjennomsnitt på 7 personar per gruppe
- Auka ressursar til fysioterapi til barn, vaksne og eldre. 60% stilling i 2010
- Auka ressursar til fysioterapi i Friskliv. 40% stilling i 2010
- Auka ressursar til ergoterapi, 50% i 2012. Auka innsats med funksjonstrening, tilrettelegging i heimen og formidling av tekniske hjelpemiddel i samband med oppretting av rehabiliteringsplassar ved Gol Helsetun
- Samsvar mellom oppgåveansvar og finansieringsansvar for den avtalebaserte fysioterapitenesta
- Auka ressursar til vaktmeisterteneste , 20% i 2012 for å ivareta aukande arbeidsmengde med tilrettelegging i heimen
- Utviding av fysioterapilokalet. Behov for å samle fagmiljø i fellesareal

Tiltak 2010-2013

- Auka fysioterapiteneste 2010
 - 100% kommunefysioterapeut;
 - o 60% til rehabilitering og habilitering, vaksne, eldre og barn
 - o 40% fysioterapeut til Friskliv
- Auka ressurs til rehabilitering og hjelpemiddelformidling 2011
 - * 50 % auka ergoterapeut
- 2010: Styrketreningsapparat, leggpress 37 000
- 2012: Tredemølle 60 000
- 2013: Behandlingsbenk, ekstra bredde 44 000
- Kartlegge det faktiske volum og ventetid i fysioterapitenesta
- Lage felles kriteriar for prioritering av pasientar
- Vidareføre fallførebyggjande treningsgrupper for personar med nedsett funksjonsevne
- Gjennomføre utdanning/ kompetansehevande tiltak i lymfødembehandling og rehabilitering av kreftpasientar
- Samarbeide med Gol Kommunale Foretak om å få til auka ressursar til vaktmeisterteneste
- Samarbeide med frivillige organisasjonar om å spreie opplysning, spesielt om helsefremmande aktivitet og tilbod som fins i kommunen
- Vera budd på regjeringas krav om å auke kommuna si finansieringsansvar
- 2 kontor som omsorgsavdelinga har brukt i fellesarealet blir overtatt av fysioterapitenesta

Kommentar

Auka ressursar til fysioterapi.

Gol kommune har i dag i alt 3,78 årsverk til fysioterapi, 1,7 årsverk som kommunefysioterapeut og 2,08 med driftstilskot. Kommunen har ei samla fysioterapidekning som ligg godt under gjennomsnittet for kommunane i Buskerud med 0,86 årsverk per 1 000 innbyggjarar. I følgje tal frå "Kommunehelseprofil" er gjennomsnittet for Buskerud 1,05 fysioterapiårsverk per 1 000 innbyggjarar. For å vera på Buskerud-gjennomsnittet må Gol ha 4,7 årsverk for fysioterapeut, altså ein auke på 1 årsverk.

For å kunne gje innbyggjarane i Gol ei tilfredsstillande dekning av fysioterapiteneste fram mot 2013, er det nødvendig å utvide omfanget av tenesta med 0,6 årsverk frå 2010. For å ivareta behovet for fysioterapi i fleire aldersgrupper, blir det føreslått at denne utvidinga kjem som 60 % fastlønna kommunefysioterapeut. Denne stillinga vil kunne kombinerast med 40 % auka ressursar til Friskliv. Meir fysioterapi-innsats i Friskliv vil gje ei god fagleg breidde i denne tenesta

Auka ressursar til ergoterapi

Gol kommune har i dag 0,5 stilling for ergoterapeut, dvs 0,11 årsverk per 1 000 innbyggjar. Gjennomsnittet for Buskerud er 0,25. For å nå dette gjennomsnittet, treng Gol 1,1 årsverk. Sak om ergoterapeut med permisjon frå Gol kommune til og med desember 2009, må takast opp i samband med budsjettet 2010.

Mål for helsestasjonen og skulehelsetenesta

- Auke bemanning med 50 % stilling til 100 % psykiatrisk sjukepleiar
- Auke bemanning med 100 % stilling som helsesøster
- Kartleggje behov for kompetanseheving blant tilsette
- Auka tilbod om legeteneste i skulehelsetenesta
- Samarbeid med Friskliv med fokus på barn og unge med overvekt
- Tenesta skal ha fokus på barn og unge som slit psykisk
- Helsestasjonen skal drive nettverksskapande arbeid med fokus på småbarnsfamiliar
- Heile tenesta skal ha fokus på tvangsgifte og kjønnslemlesting
- Styrke tilbodet om reisevaksinerings.

Tiltak 2010-2013

- Arrangere ettertreff ca kvar 3.md, og tematreff x 1 per md for småbarnsforeldre
- Lage undervisningsopplegg og ha rettleiing i ulike klassetrinn i skulen der helsesøster/lege er med
- Jobbe med Friskliv og eventuelt andre for å lage opplegg for familiar med overvektspromblematikk med fokus på kost og fysisk aktivitet
- Forsøke maks 1 veker ventetid for elevar i skulen med behov for samtale med helsesøster/psykiatrisk sjukepleiar
- Få MOT godt etablert i ungdomsskolen ved tett samarbeid med lærarar og rektor
- Tilby tette konsultasjonar/samtaler for familiar med spesielle behov og for familiar med annan kulturbakgrunn
- Arbeide for eit interkommunalt samarbeid, eventuelt eit felles vaksinasjonskontor i Hallingdal, for reisevaksinerings
- Revidere tuberkuloseplan i samsvar med forskrift frå 01.03.09 og ny rettleiar som kjem i 2009.

Mål for Helsestasjon for ungdom

- Lågterskeltilbod til all ungdom i aldersgruppa 16-20 år; skuleungdom, ungdom i arbeid, fastbuande ungdom og ungdom på hybel

Tiltak 2009-2013

- Samarbeide med skulehelsetenesta om førebyggjande arbeid når det gjeld kjønnslemlesting
- Kompetanseheving av helsesøstrene/jordmor innan HfU sitt arbeidsfelt
- Tilbod for 20 – 24 åringar.

Kommentar

Helsestasjon og skulehelsetenesta er sentral i det førebyggjande og helsefremjande arbeidet i kommunen. I St.meld.nr.20 (2006-2007) Nasjonal strategi for å utjamne sosiale helseforskjellar har regjeringa varsla at skulehelsetenesta skal vidareutviklast og styrkjast.

Mål for jordmortenesta

- Sikkerheitsnettverk og samarbeidsavtale mellom øvre og nedre jordmorvakttdistrikt
- Auke stillingsprosent i samarbeid med Hemsedal, Nes og Flå
- Sikre tilgjenge til vakthavande jordmor
- Styrke småbarnsfamiliane
- Arbeide med kvalitetssikring av svangerskapsomsorga og vakttenesta
- Samarbeide med NAV om tilrettelegging av arbeide for gravide
- Styrkje og vidareutvikle interkommunalt samarbeid innan jordmortenesta i Hallingdal og samarbeid med Ringerike sjukehus

Tiltak 2010-2013

- Samarbeide med Hemsedal, Nes og Flå om å planlegge auka stilling i vakttenesta for jordmødrene i nedre Hallingdal
- Kurs i svangerskaps-/ foreldrerettleiing, ha temakveld, opprette fedregrupper
- Opprette eit telefonnummer for vakthavande jordmor.

Mål for Friskliv

- Arbeide for å fremje god helse i heile befolkninga og redusere helseforskjellar
- Bidra spesielt til å fremje god helse og sunne vanar for barn og unge
- Byggje vidare på god start med partnerskap i fylkeskommunen og frivilljuge organisasjonar
- Konseptet er overførbart til andre bedrifter i kommunen
- Vidareutvikling av helsefremmande arbeidsplassar og seniortiltak
- Oppretthalde eit lågterskel tilbod for fysisk aktivitet, Frisklivsresept
- Sterkare tverretatleg samarbeid med barnehage, skular, vaksenopplæring, fysioterapiteneste, sosialkontor og helsestasjon
- Nærare samarbeid med NAV, Fretex, Vinn og HaVa BHT
- Fokus på "Helse i plan" i alt planarbeid i kommunen
- Halde fram med Aktiv bedrift
- Samarbeide tettare med fysioterapitenesta i forhold til lågterskelaktivitet
- Folkeopplysning om fysisk aktivitet og helse – motivering til en aktiv livsstil
- Sektorovergripende og samordna innsats for å fremje fysisk aktivitet i befolkninga.

Tiltak 2010-2013

- Kartleggje situasjonen i kommunen, bruke verktøya www.kommnehelseprofilportalen.no, og www.shdir.no
- Samarbeide med areal- og samfunnsplanleggjar
- Gjera "Aktiviteteshåndboken" kjent for helsepersonell
- Få med vidaregåande skule i Friskliv
- Samarbeide med Helsestasjonen i forhold til barn og unge med overvekt
- Samarbeide med Bedriftsidrettsforbundet og KLP om Aktiv Bedrift
- Møte med regionrådet vedrørende folkehelse
- Samarbeide med alle avdelingar for å utvikle folkehelse i kommunen
- Involvere skular, barnehagar, frivillige lag og organisasjonar og næringsliv i folkehelsearbeidet
- Arbeide for å etablere gode aktivitetstilbod for unge og eldre i samarbeid med frivillige lag og organisasjonar
- Lage kursopplegg for treningskontaktar
- Samarbeide med tilbydarar av støttekontakt
- Lågterskeltilbod knytta til hjelp til røykeslutt, auka fysisk aktivitet, seksuell helse, endring av kostvanar
- Arbeide for å styrkje tilbodet om Frisklivsresept med auka stillingsressurs.

Kommentar

Ein halvtime med dagleg fysisk aktivitet gir totalvern mot sjukdom og plager. Gevinst: 50 % auka sjansje for å unngå hjarte- og karsjukdomar, 50 % auka sjansje for å unngå diabetes, 30 % lågare risiko for auka blodtrykk og 10 til 50 % større sjansje for å unngå kreft. Til mindre aktiv ein har vore tidlegare, til meir har ein å hente ved å komme i gang med moderat fysisk aktivitet. Sjukdom på grunn av for lite fysisk aktivitet gir meir belastning på helsetenesta. Fysisk inaktivitet er årsak til 87 000 innleggingar på sjukehus og 2,2 mill ekstra besøk hos allmennpraktiserande lege kvart år. Netto meirforbruk i helsetenesta relatert til fysisk inaktivitet er på 2,4 milliardar kroner årleg.

Mål for psykisk helse:

- Leggje til rette for prosesser som styrkar meistring og eigenomsorg, funksjonsevne, samhandling og tilpassing i lokalsamfunnet. Med førebygging, tidleg oppdaging av sjukdom og tidleg behandling
- Bidra i utgreiing, planlegging og behandling av menneske med kombinasjon psykisk problem og rusproblem

- Tett samarbeid med relevante samarbeidspartnarar
- Vera ei rettleiande avdeling for samarbeidspartnarar
- Arbeide førebyggjande på fleire plan
- Bidra til at alle menneske med psykiske lidingar har tilfredstillende bustadsituasjon som er tilpasset deira behov
- Vidareutvikle miljøarbeidartenesta
- Bidra til at menneske med psykiske lidingar/problem i størst muleg grad får styrka sjølvbilete og livskvalitet
- Nytte brukarens og pårørandes innsikt, kunnskap og erfaringar i planlegging, drift og evaluering av tenesta både på individ- og system nivå.

Tiltak 2010-2013:

- Følgje opp menneske med psykiske lidingar og problem med samtalar og koordinerte tenester
- Sørgje for god oppfølging og avklaring av brukarar som har miljøarbeiderteneser
- Jobbe for å skape godt samarbeid med alle avdelingar
- Opprette terapigrupper for ulike lidingar ved behov
- Evaluere, justere og sørgje for at miljøarbeidartenesta blir brukt på best muleg måte. At målgruppa opplever å få nødvendig bistand og hjelp slik at dei meistrar tilværet (ADL)
- Auke den formelle kompetanse hos dei tilsette
- Jobbe tett interkommunalt og samarbeide rundt ulike prosjekter
- Støtte brukarorganisasjonar
- Prøve å leggje til rette for at brukarane får utnytta sine ressursar i forhold til arbeid, aktivitet, utdanning/skule og sosial kompetanse
- Førebyggje med å arbeide for reduksjon av negative konsekvensar av psykiske lidingar
- Førebyggje ved å rette merksemd mot risikogrupper og tidlig intervensjon (særleg barn og unge)
- Førebyggje ved å betre befolkningas psykiske helse generelt ved å spreie opplysning, forståing og kunnskap om psykiske lidingar
- Tilsette fleire miljøarbeidarar.

Kommentarar

Helsedirektoratet presiserar at kommunane må legge vekt på å identifisere barn og unge i risikogrupper, så som barn av foreldre med psykiske lidingar og/eller rusavhengige.

Mål for legekantoret

- Auke stillingsressurs medhjelpar med 1 x 100 % og 1 x 100 % sjukepleiar
- Alle legane er vidareutdanna til spesialistar i allmennmedisin
- Legekantoret har nødvendig utstyr, rutinar, kompetanse og kvalitetssikring
- Legekantoret er kopla opp til Helsenett
- Legekantoret er kopla opp til det nye NØDNETTET
- Kort ventetid på legetime
- Fokusere på førebyggjande helsearbeid
- Sikre legetenesta til alle aldersgrupper i kommunen i samsvar med Kommunehelseova og med vedtekne planar i kommunen
- Styrking av samfunnsmedisinsk kompetanse kommunalt eller interkommunalt
- Få betre tilkomst til legekantoret frå Gamlevegen for tilreisande som er ukjende i bygda og som ikkje finn fram på grunn av Lysebo-bygningen og uoversiktleg innkøyring
- Sjukepleiarane har spesialitet i klinisk og diabetes-sjukepleie
- Medhjelparane har helsesekretærutdanning
- Plan for legetenester i samsvar med Samhandlingsreformen

Tiltak 2010-2013

- Framkallarmaskin må bytast når han blir øydelagt
- Samarbeide med IKT Hallingdal for tilkopling Helsenett
- Fokusere på helsefremjande tiltak som aktivitet, kosthald og røyk i konsultasjonane
- Ny brukarundersøking om tenestene når det er nok mannskap i resepsjonen
- Utvide medarbeidarressurs med 2 x 100 % i 2011-2013. Kostnad: 1,2 mill kroner

Mål for legevakta

- Stabil legedekning
- Gode arbeidsforhold som gir trygge arbeidstilhøve
- Skriftleg avtale mellom Gol og Hemsedal legevakt-distrikt
- Medhjelpar tilstades under kveldsvakt kl 15.30-23.00.

Tiltak 2010-2013

- Arbeide for å skaffe leasingbil til utrykning på dag og til køyring til nattlegevakt.

Økonomiplan 2010-2013

INVESTERINGAR - Helseavdelinga sitt framlegg:

| Budsjettkap. | NYE tiltak og endringar | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 |
|--------------|---|------|------|------|------|
| 3220.2411 | NØDNETT | | 100 | 100 | 100 |
| 3220.2411 | Framkallarmaskin. Legekontor utskifting | | 200 | 200 | 200 |
| 3220.2411 | IT-utstyr. Legekontor utskifting | | 120 | 120 | 120 |
| 3220.2411 | Helsenett | 100 | 100 | 100 | 100 |
| 3221.2413 | Styrketreningsapparat leggpess | 37 | 37 | 37 | 37 |
| 3221.2413 | Tredemølle | | | 60 | 60 |
| 3221.2413 | Behandlingsbenk ekstra breidde | | | | 44 |

DRIFT - Helseavdelinga sitt framlegg:

| Budsjettkap. | NYE tiltak og endringar | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 |
|--------------|--|------|------|------|------|
| 3220.2411 | Fagstilling legekantor 100 % stilling | | 400 | 400 | 400 |
| 3220.2411 | Sjukepleier legekantor 100 % stilling | | 455 | 455 | 455 |
| 3221.2413 | Kommunefysioterapeut/Friskliv 100 % stilling | 475 | 475 | 475 | 475 |
| 3221.2413 | Fastlønstilskot fysioterapeut 100 % stilling | -150 | -150 | -150 | -150 |
| 3221.2413 | Ergoterapeut 50 % stilling | 240 | 240 | 240 | 240 |
| 3211.2322 | Psykiatrisk sjukepleier frå 50 til 100 % stilling | 240 | 240 | 240 | 240 |
| 3212.2415 | Miljøarbeidar 2 x 100 % stilling | | 730 | 730 | 730 |
| 3211.2322 | Helsesøster 100 % stilling | | 472 | 472 | 472 |
| 8311 2331 | Miljøretta helsevern 60 % stilling. | 70 | 70 | 70 | 70 |
| 3212.2415 | Interkommunalt stilling ambulant team stilling 20% | 95 | 95 | 95 | 95 |
| 3212.2415 | Kvilande nattevakt | 760 | 760 | 760 | 760 |

2.3.10 KULTUR- OG INFORMASJONSAVDELINGA

Hovudmåla for kultur er nedfelt i samfunnsdelen av "Kommuneplan for Gol 2008-2020", pkt. 2.2:

- Kulturminne skal sikrast gjennom vern og bruk
- Gol kommune skal leggje til rette for mangfald og kvalitet i kulturtilbodet med Hallingmo som naturleg midtpunkt
- Gol kommune skal medverke til å styrkje sosialt fellesskap gjennom tilrettelegging for aktivitet i frivillige lag og organisasjonar
- Gol kommune skal leggje til rette for fysisk aktivitet, både som førebyggjande helsearbeid, som fritidssyssele og som profilering av Gol som attraktiv bu- og reiselivskommune

Overordna mål for kultur- og informasjonsavdelinga

BIBLIOTEK

1. Biblioteket skal vidareutviklast som lærings- og informasjonsarena
2. Biblioteket skal styrkjast som møteplass og kulturarena
3. Tilbodet av digitale formidlingstenester skal aukast
4. Det regionale biblioteknettverket skal styrkjast og utviklast.

KULTURVERN

1. Gol kommune skal profilere seg og bygge sin identitet på synleggjering av kulturminne og lokalhistorie og skal bidra til å spreie kunnskap om kulturarven vår
2. Gol kommune skal bygge opp under det frivillige kulturvernarbeidet
3. Gol kommune vil inngå i forpliktande samarbeid med andre kommunar der dette kan styrkje og auke kvaliteten på kulturvernarbeidet.

KULTURFORMIDLING

1. Kultur skal brukast aktivt i sentrumsutviklinga og som omdømmebyggjar for Gol
2. Gol kommune skal byggje opp ein moderne kulturarena på Hallingmo som kan stimulere til kulturell eigenaktivitet og gi tilbod til alle om kulturopplevingar i form av utstillingar, konsertar, teater, dans, kino og litteratur.

KULTURSKULE

1. Kulturskulen skal vera eit kulturpedagogisk ressurscenter i kommunen og skal støtte, hjelpe og samarbeide med andre aktørar, som barnehage, skuleverk, det frivillige kulturlivet, næringslivet og andre aktørar
2. Kulturskulen skal stimulere og utvikle barn og unges kreativitet gjennom eit undervisningstilbod som omfattar eit mangfald av kulturelle uttrykk
3. Kulturskulen bør arbeide for å etablere eit skulekorps.

BARN OG UNGDOM

1. Barn og ungdom i Gol skal ha eit variert fritidstilbod prega av gode møteplassar, rusfrie arenaer og meningsfulle aktivitetar
2. Barn og ungdom skal få ansvar og delta i demokratiske prosessar
3. Det skal utviklast aktivitetsanlegg som er tilpassa barn og ungdoms behov for spennande utfordringar og uorganisert fysisk aktivitet.

LAG OG ORGANISASJONAR

1. Kommunen skal leggje til rette for og stimulere til eit rikt og mangfaldig organisasjonsliv ved hjelp av økonomiske tilskot, rettleiing og informasjon
2. Frivillige organisasjonar og kommunen skal samarbeide om eit allsidig kulturtilbod som er ope for alle.

IDRETT OG FRILUFTSLIV

1. Barn og unge skal ha tilbod om deltaking i idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet i skular, SFO, barnehagar og på fritida i nærmiljøet sitt

2. Samarbeidet mellom kommune og idrettslaga må vidareutviklast, både gjennom samarbeid om prosjekt og gjennom drifting av idrettsanlegg.

INFORMASJON

1. Gol kommune skal framstå som ein brukarorientert kommune med godt tilgjenge og god informasjon om kommunale tenester i fyrstelina
2. Dei kommunale nettsidene skal utviklast som eit ledd i å realisere "døgnopen forvaltning" for å gi innbyggjarane betre innsyn i behandlinga av sine saker.

Økonomiplan 2010-2013

INVESTERING - Kultur- og informasjonsavdelinga sitt framlegg:

| Budsjettkap. | NYE tiltak og endringar | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 |
|--------------|---|------|------|--------|--------|
| 3510.3701 | Utbygging av Gol bibliotek – jf. UKL-sak 27/06. | | | 20 000 | |
| 3510.3701 | Skifte/oppgradering av nedslitt inventar | 160 | 200 | | |
| 3531.3801 | Hallingmo idrettspark – rehabilitering av fotballbane og løpebane | | | | 8 000 |
| | Tiltaket utløyer tilskot frå spelemidlane | | | | -2 200 |
| 3540.2311 | Oppgradering av aktivitetsområdet ved samfunns-huset med innkjøp av nye rullebrettelement | 80 | | | |
| | Prosjektet utløyer tilskot frå spelemidlane med inntil 50 %. | -40 | | | |
| | Sentrumsparken/Tusenårsstaden – fullføre opparbeidinga av parken. | 200 | | | |
| | Sentrumsparken/Tusenårsstaden – skulptur | | | | 1 000 |
| 3580.3831 | Gol kulturskule – renovering av undervisningsrom | 60 | | | |
| 3580.3831 | Gol kulturskule – innkjøp av spesialutstyr til dans/teater/musikk/visuell kunst/matkultur og musikkstudio | 30 | 30 | | |
| 3580.3831 | Gol kulturskule – installering av alarm | 100 | | | |
| 3580.3831 | Gol kulturskule – forprosjektering ifh til utviding av konsertlokalet i underetasjen | | | 45 | |

Kommentar til investeringstiltak i økonomiplanperioden 2010-2013

Det ligg ikkje inne investeringar for Kultur- og informasjonsavdelinga i gjeldande økonomiplan.

- Utbygging av Gol bibliotek
Biblioteket blei utvida i 1987. Sidan då har boksamlinga auka med 40 %, og bruksbehovet er endra med nye media, internett, andre arbeidsmetodar i skulen mm. Inventar og golv er nedslitt, innvendig tak skapar støy, og det er dårleg ventilasjon. Styrking av biblioteket som møteplass og kulturarena og utvikling av biblioteket som lærings- og informasjonsarena vil krevje større og meir moderne lokale. Nytt bibliotek vil vera ein sentral del av Hallingmoprosjektet.
- Skifte/oppgradering av nedslitt inventar
Inventaret er 20 år gammalt, nedslitt og blir gradvis øydelagt. I påvente av Hallingmo-prosjektet er det nødvendig å få skifta ut og oppgradert stolar, bord, etc. for publikum.
- Hallingmo idrettspark – rehabilitering av løpebanen
Anleggsutvalet i Norges Friidrettsforbund har påpeikt at dekket på løpebanen er svært slitt. Utvalet tilrår at nytt dekke blir sprøytta oppå det eksisterande. Dekket på fotballbanen tek også til å bli nedslitt. Det bør vurderast om dette er prosjekt som bør gjerast samtidig.

Tiltaket utløyer tilskot frå spelemidlane og kan etter særskilt vurdering få tilskot på opp til 2,2 mill kroner.

- Aktivitetsområde for barn og ungdom
Det er stor aktivitet i rullebrett-parken ved samfunnshuset, og området må utviklast og oppgraderast for å imøtekoma forskjellige behov og ferdigheitsnivå.
- Sentrumsparken/Tusenårsstaden – fullføre opparbeiding
Jf. K-sak 44/01. Gol samfunnshus med Sentrumsparken blei utpeikt til Tusenårsstad i 2000. Den parkmessige opparbeidinga er enda ikkje fullført slik som i vedtatt plan. Det som gjenstår, er hellelegging, asfaltering av parkeringsplass og belysning.
- Sentrumsparken/Tusenårsstaden – skulptur
Ein skulptur vil gi parken og Gol sentrum eit ekstra løft. Arbeidet med finansiering av skulptur og val av kunstnar bør starte opp.
- Gol kulturskule – renovering av rom
Det er behov for renovering og tilrettelegging av undervisningslokala i form av betre belysning, betre lydisolasjon, utviding av undervisningsrom, lager og garderobeplass o.a.
- Gol kulturskule – innkjøp av spesialutstyr til dans/teater/musikk/visuell kunst
Det er behov for opprusting og innkjøp av instrument og utstyr til bruk i undervisninga og ved framsyningar og utstillingar.
- Gol kulturskule – alarm
Kulturskulen har hatt innbrot og har blitt fråstole utstyr. Skulen har mykje dyrt utstyr/instrument, og det bør derfor installerast alarm slik at ein unngår fleire innbrot.
- Gol kulturskule – forprosjektering
Prosjektering av utviding av konsertlokalet i underetasjen for å kunne bruke salen til større konsertar/forestillingar/arrangement og undervisning i dans, biletkunst og andre kunstuttrykk.

DRIFT - Kultur- og informasjonsavdelinga sitt framlegg:

| Budsjettkap. | NYE tiltak og endringar | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 |
|--------------|--|------|------|------|------|
| 3500.3851 | Venskapskommunetreff | 75 | | | |
| 3510.3512 | Auke bemanninga ved biblioteket med 50%, for m.a. å styrke bibliotekfaglege tenester til barn/ungdom | 200 | 200 | 200 | 200 |
| 3531.3801 | Auke investeringstilskot til idrettsanlegg, jf. sak K 97/08 | 90 | 110 | 140 | 140 |
| 3531.3802 | Tilskot til Hallingdal Fotballklubb, jf. Sak K 24/09 | 35 | 35 | 35 | 35 |
| 3540.2311 | Rusførebyggjande arbeid, jf. sak K 03/08. | 100 | 100 | 100 | 100 |
| 3560.3772 | Auke tilskotet til Hallingdal teaterverkstad | 26 | 26 | 26 | 26 |
| 3560.3773 | Oppsetjing av konsert/dans/teater | | 100 | 100 | |
| 3580.3831 | Gol kulturskule – auke pedagogisk ressurs | 250 | 500 | 750 | 900 |
| 3580.3831 | Gol kulturskule – auke administrativ ressurs 50% | 250 | 250 | 250 | 250 |
| 3580.3831 | Innkjøp av korpsinstrument | 50 | 50 | 50 | |

Kommentar til driftstiltak i økonomiplanperioden 2010-2013

- Venskapskommunetreff
Gol kommune skal vera vertskap for venskapskommunetreff med våre nordiske venskapskommunar. Det betyr utgifter til tilrettelegging, overnatting, bevertning, aktivitetar med mer.
- Auke bemanninga ved Gol bibliotek
I 1992 reduserte kommunen bemanninga på folkebiblioteket frå 2 til 1,67 stilling. Bemanninga er den same no i 2009. Dette gjer at det ikkje er mogleg å følgje opp samarbeidsavtala med grunnskulane i Gol om litteraturformidling og lesestimulerande- tiltak, skape nye aktivitetar osb. Ei

brukarundersøking utført av Asplan Viak syner at særleg barn og unge ønskjer fleire aktivitetar og auka opningstid ved biblioteket. Norma tilseier ca.1 årsverk pr.1 500 innbyggjar. Situasjonen er som følgjer i fire av hallingdalskommunane:

| | |
|--------------------------------------|---|
| Gol har 0,55 årsverk per 1.500 innb. | Hemsedal har 0,75 årsverk per 1.500 innb. |
| Ål har 1 årsverk per 1.500 innb. | Hol har ca. 0,75 årsverk per 1.500 innb. |

- Auka investeringstilskot til idrettsanlegg
Kommunale midlar avsett til investeringstilskot til anleggsprosjekt i regi av lag og organisasjonar er svært låge og utgjer ved større prosjekt berre ein liten prosentdel av dei totale utbyggingskostnadene. I K-sak 97/08 vedtok kommunestyret å vurdere ein gradvis auke av tilskottet til 160 000 kroner i 2010, 180 000 kroner i 2011 og 210 000 kroner i 2012. Tilskottet er i dag 70 000 kroner.
- Tilskot til Hallingdal Fotballklubb
Gol kommunestyre vedtok i sak K24/09 å avsetje inntil 35 000 kroner i budsjettet til kulturavdelinga til dekning av treningstid for Hallingdal Fotballklubb på Hallingmo kunstgrasbane.
- Rusførebyggjande arbeid
Jf. K sak 03/08 Rullering av Rusmiddelpolitisk handlingsplan. Her blei det vedtatt at overskotet frå sals- og skjenkegebyr i si heilheit skal setjast inn på ein eigen konto som UKL skal disponere til førebyggjande arbeid mot rusmiddelmissbruk. Dette er ikkje gjennomført.
- Auke tilskottet til Hallingdal teaterverkstad (HTV)
Hallingdal teaterverkstad (HTV) har søkt om auke i bidraget frå kommunane i Hallingdal. Samla tilskot frå kommunane er i dag 132 000 kroner, og tilskottet har vore uendra dei siste 15 åra. Med utgangspunkt i den generelle løns- og prisauken og teaterverkstaden sitt behov for auka inntekter, søker HTV om at samla bidrag blir justert til 210 000 kroner. Som vertskommune dekkjer Gol kommune 1/3 av tilskottet, som må aukast frå 44 000 kroner til 70 000 kroner.
- Oppsetjing av konsert/dans/teater
Kulturskulen ønskjer å gjennomføre ei stor lokal oppsetjing á la "Oliver" i samarbeid med frivillige organisasjonar kvart 4. år. For at det frivillige kulturlivet skal våge å satse på eit slikt prosjekt, er det viktig at kommunen er økonomisk garantist.
- Gol kulturskule – auke av administrative og pedagogiske ressursar
Kulturskulen har i dag ein ressurs på 40 % til rektor, og med over 170 elevplassar og 10 lærarar er det behov for større administrasjonsressurs. Opplæring innan korpsinstrument krev auke av pedagogisk ressurs, samtidig som det er behov for å utvide undervisningsressursane til lydstudio, samspelprosjekt og til andre nye tilbod som musikkteknologi, matkultur, samspell og bandtrening. Kulturskulen har og behov for å utvide pedagogisk ressurs for å bli kvitt ventelistene innan m.a. gitar, sang og dans.
- Innkjøp av korpsinstrument
I tillegg til pedagogisk ressurs må kulturskulen ha den nødvendige instrumentparken for å få til eit skulekorps.

3.0 MÅLOPPNÅING

3.1. STAB

Økonomiavdelinga
Løns- og personalavdelinga
Sekretariatet
Plan og utvikling
 IKT-avdelinga
 Skulefagleg rådgjevar
 Kommuneplanleggjar

3.2. NATUR OG NÆRING

| | | |
|---------------------------------|------|----|
| 3.2.1. Næringsavdelinga | side | 89 |
| 3.2.2. Utbyggingsavdelinga | side | 90 |
| 3.2.3. Kommunalteknisk avdeling | side | 91 |

3.3. KULTUR OG LEVEKÅR

| | | |
|--|------|-----|
| 3.3.1. Gol barnehage | side | 92 |
| 3.3.2. Herad skule | side | 93 |
| 3.3.3. Gol skule | side | 94 |
| 3.3.4. Gol ungdomsskule | side | 95 |
| 3.3.5. Gol vaksenopplæring | side | 95 |
| 3.3.6. Omsorgsavdelinga | side | 97 |
| 3.3.7. Sosialavdelinga | side | 99 |
| 3.3.8. Barnevernet | side | 99 |
| 3.3.9. Helseavdelinga | side | 99 |
| 3.3.10. Kultur- og informasjonsavdelinga | side | 106 |

3.2.1 NÆRINGSAVDELINGA 2003 - 2008

NÆRINGSUTVIKLING

Måloppnåing 2003-2008:

- * Gjennom opprettinga av Hallingdal Etablerarsenter har ein utvikla eit profesjonelt tilbod om etablerarretteiing i Hallingdal.
- * Masterplanen og kommunedelplanen for Golsfjellet gjev klare føringar på prioriterte utviklingsområde og legg opp til aktivt samspel mellom landbruks- og reiselivsnæringa i område.
- * Utviklingsplanen for Gol tettstad gjev klare føringar på prioriterte utviklingsområde i Gol sentrum.
- * Gol ligg på topp 5 på landsstatistikken over detaljomsetning pr. innbyggjar.

JORDBRUK

Måloppnåing 2003-2008:

- * Prosjektet "Lys i alle glas" er i gang, og set fokus på busetjing på fråflytta bruk.
- * Handlingsplanen for landbruket som er vedteken i 2003 er under revidering i 2008. Fleire tiltak i planen er sett i gang, nokon er gjennomført og nye kjem.
- * Kommunen har fått tildelt bra med midlar til ulike kulturlandskapstiltak og er blant dei fremste i fylket på området. Kommunen var saman med Nes kommune vertskap for tre dagars kulturlandskapssamling for fylke og kommunar i 2007.
- * Gol er og ein av kommunane i fylket som nyttar seg mest av tilskotsordninga "Regionale miljøtilskudd i landbruket".
- * Talet på søknader om produksjonstilskot er redusert i perioden. Det er ei vridning mot færre men større driftseiningar, og total mjølkekvote er auka i kommunen dei siste tre åra. Tal stolar i drift er 29 i 2008. Sauenæringa er imidlertid i nedgang. Tilgjengeleg areal til slått og beite er stabilt.
- * Dyrka og dyrkbar mark og beiteområde er i liten grad blitt omdisponert til andre føremål enn landbruk.
- * Omlegging til økologisk drift av jordbruksareal aukar, og er i 2008 18 % av det totale jordbruksarealet. Dette er over den nasjonale målsetjinga.
- * Gjennom kasjmirgeit prosjektet på Golsfjellet har ein styrka samarbeidet mellom reiselivet og landbruket.

SKOGBRUK, VILT- OG FISKEFORVALTNING

Måloppnåing 2003 – 2009:

- * Hovudmåla i skogbruksplanen vart innarbeida i handlingsplanen for landbruket.
- * Hogstkvantumet for tømmerlevering har i fleire år vore stabilt på om lag 30.000 m³, medan det har vore noko mindre skogplanting enn ynskjeleg.
- * Arbeidet med miljøregistreringar i skog (MIS) vart slutført i 2004.
- * Produksjon av pellets er etablert gjennom Hallingdal Trepellets i Kleivi
- * Aktiv deltagelse i Hallingskog. Hallingdals skogforum.
- * Avholdt 1 skogdag for alle 9 klasser i hallingdal og 1 familieskogdag hvert år siden 1999. Gjennom hallingskog.
- * Avholdt årlige årsmøter i hallingdal skogeierlag med dertil faglig og aktuelle tema i forkant av årsmøte.
- * Avholdt en dag på rundreise i hallingdal for å se på bioenergiprojekt + fjellsnaret
- * Tynningslag opprettet i hallingdal.
- * Mer fokus på ungsog og foryngelse gjennom ansettelse av prosjektleder, med dertil arbeidskraft.
- * Gjennom ulikt planarbeid har det vore eit prioritert område å hindre nedbygging av produktive landbruksareal og område for vilt, fiske og truga artar.
- * Hjorteviltet har påført skogen store beiteskader, men avskytinga i høve til avskytingsmåla på elg- og hjortestamma har betra seg frå tidlegare år.
- * Viltkartet er revidert, og vert politisk handsama i 2006.
- * Det er utarbeida driftsplan for Hallingdalselva.

NATURFORVALTNING OG MILJØVERN

Måloppnåing 2003-2009:

- * Tilslutnaden til Lokal Agenda 21 og Fredrikstaderklæringa vert følgt opp gjennom revidering av avfallsplan for Hallingdal og i utarbeiding av energi – og klimaplan.
- * Det er utført kartlegging av viktige naturtypar for å kunne ivareta det biologiske mangfaldet i kommunen.
- * Det er innført kildesortering og etablert lokalt kildesorteringsanlegg, jf. omtale frå kommunalteknisk avdeling.
- * Produksjon av pellets er etablert gjennom Hallingdal Trepellets i Kleivi.
- * Kravsdokument i samband med revisjon av konsesjonsvilkåra for Hemsil er overlevert NVE i 2007.
- * Det er utarbeida forprosjekt på bioenergi i Gol sentrum i 2007.
- * Det er starta opp registrering av nedgravde oljetankar i Gol i 2009.
- * Arbeidet med å registrere og føre tilsyn med næringsavfall vart igangsatt i 2006 og avslutta i 2009.

3.2.2 UTBYGGINGS-AVDELINGA

Måloppnåing og gjennomførte tiltak 2010 – 2013:

MERKANTILT:

- * Opplæring servicetorget, eigenerklæringar konsesjonsfritiakt og planopplysningar til meklarar
- * Bedre fakturerings og purre rutiner
- * Inngått BTV samarbeid, rammeavtaler for arkitekt, prosjekterings- og rådgivingstenester
- * Vidareført regionalt samarbeid innan plan og byggesak

GEOGRAFISKE INFORMASJONSSYSTEM.

På veg inn i ein digital kvardag: For å yte fullgod service til brukarane og publikum har det vore nødvendig å etablere kart og geografiske informasjonssystem.

- * Opplæring og kursing GIS/LINE, ulike modular og felles applikasjon for ajourhald av kartdatasett.
- * Overgang til ny matrikkel
- * Scanna ytterlegare 20 reguleringsplanar innan heile Gol og slik at desse kjem på digital form
- * Etablert og ajouhalde digitalt planarkiv
- * Regionalt samarbeid om felles geodataløysing (Hallingkart.no).
- * Gjennomført matrikkelkontroll i forkant av konvertering til ny matrikkel.
- * Geovekstprosjekt, Overgang til nytt datum, EUREF 89
- * Engasjert GIS medarbeider i 40% stilling for 5 år

BUSTADBYGGING

Gjennom planskildring og føreseger for kommunedelplan for Gol tettstad har kommunen lagt til rette for:

- * Differensiert tilbod på bustadtypar.
- * Meir konsentrert utnytting i sentrumsnære område.
- * Avsett nye framtidige bustadområder med utbyggingsrekkefølge.
 - Gol vest, 4 område.
 - Gol nord Petterbråten.
 - Gol aust, 3 område, inklusiv Vikojordet.
- * Fokus på bustadmiljø og ulike bustadtilbod tilpassa marknaden.
 - Stadfesta Reguleringsplan Rolvshus/Viko – 9 nye tomter
 - Reguleringsendring Golbergremmen, rekkehus og konsentrert utnytting
 - Reguleringsendring, Gorolie, rekkehus, terrassehus og meir konsentrert utnytting
 - 2 reguleringsendringar Petterbråten, tilsaman 12 nye bustadeiningar
 - Oppstart planarbeid bustadområde Hagaskogen

ANDRE REGULERINGSPLANAR

- * Stadfesta reguelringsplan Rundkøyering rv7/rv51/rv52

- * Sanering av planoverganger Eikle
- * Reguleringsplan Kremmartunet kjøpesenter

Bustadområda er gjennom kommunedelplanen nummerert. Utbyggingsrekkefølge for større og nye bustadområde skal vera i samsvar med nummerering på plankartet. Bustadområde b1, b2 og b3 kan utbyggast pararellt. Kommunen kan vedta parallell utbygging av fleire nye bustadområde. Bustadfeltet b4, b5, b6 og b8 blir ikkje tillatt utbygd før det er utarbeidd ein felles analyse av trafikale konsekvensar på fylkesveg/riksveg.

FRITIDSHUSVÆRE/HYTTEBYGGING

Framtidig hyttebygging skal lokalisert og utformast med vekt på landskap, miljøverdiar, ressursbruk og estetikk. Kommunen vil sikre store samanhengande areal utan store tekniske inngrep, særleg i høgareliggande fjellområde.

I sakshandsaming av reguleringsplanar for hytter og reiseliv har kommunen lagt slike føringar:

- * Lagt til grunn soneringstankegang i forhold til kostnader til infrastruktur og miljøkonsekvensar.
- * Respektert overordna nasjonale prinsipp for hyttebygging.
- * Unngått nedbygginga av kulturlandskap og hyttebygging på stølsvollar.
- * Godkjende planar for hyttebygging/ reiseliv og utvikling:
 - Vedteke reguleringsplan for Gardhammar med fortetting av eksisterande hyttetomter.
 - Vedteke plan for busetnad for Einarset, 15 nye tomter.
 - Vedteke plan for busetnad for Hallinggolf B1, 25 nye tomter og leilighetsbygg.
 - Vedteke reguleringsplan for Svilestølane Varhovd, 91 tomter.
 - Vedteke reguleringsplan for Grøset, 9 tomter.
 - Vedteke reguleringsplan for Brøto, 22 tomter.
 - Vedteke reguleringsplan for Frøysokstølane, 3 tomter.
 - Vedteke reguleringsplaner for Bualie – Ørterstølen, 148 tomter + 30 % av utbyggingsvolum til utleige.
 - Vedteke reguleringsplan for Teinehølvegen, 8 tomter.
 - Vedteke reguleringsplan for Kamben, 107 nye tomter + 30 % av utbyggingsvolum til utleige.
 - Vedteke plan for busetnad for F6, Kamben 35 nye tomter + 65 eiingar for Utleige
 - Vedteke reguleringsplan for Skutuset, 67 nye tomter
 - Vedteke reguleringsplan for Golsfjell fjellstue, 5 nye tomter for fritidshusvære og 4 for turisbedrift/Utleige
- * Prinsippsak om bruk av Utbyggingsavtale i samsvar med Plan- og bygningslova § 64a.
- * Godkjend Utbyggingsavtaler for samtlege hytteplaner
- * Prinsippsak – Næringsføremål – sal eller utleige – ulike modellar.
- * Godkjend og tatt i bruk mottakskontroll av arealplaner.
- * Vedteke nytt gebyrregulativ i samsvar med mal for regulativ utarbeidd av KS

3.2.3 KOMMUNALTEKNISK AVDELING

Måloppnåing og gjennomførte tiltak 2002 – 2009:

VATN OG AVLØP

- * Hovudplan avløp er vedteken. Hovudplan vatn er revidert i perioden.
- * Tiltak i hovudplanar for vatn- og avløp som er gjennomført er mellom anna:
 - Etablering av ny reservevassforsyning for Gol tettstad.
 - Utbygging av Golsfjellet avløpsrensaneanlegg.
 - Årlig sanering og rehabilitering av ledningsnett inkl. avløpspumpestasjonar.
 - Fastsetjing av nye klausuleringssoner og restriksjonar for areala kring Gol vassverk.
- * Utbygging/rehabilitering av Gol vassverk Eiklid og hovudledning Herad er under gjennomføring. Det samme med hovudledning langs rv52 Hesla bru- Heslasvingen.
- * Internkontrollsystem og tenestebeskrivingar av tenestene er innført.
- * Vaktordning for kommunale vass- og avløpsanlegg er etablert.
- * Gol kommune har 100% økonomisk dekningsgrad på kommunale vass- og avløpstenester.
- * Det er innført nytt gebyrsystem og regulativ for vass- og avløpstenesten f.o.m. 2008.

- * Vasskvaliteten i hovudvassdraga og Tisleifjorden er i innanfor kommunens miljømål.
- * Nytt driftskontrollanlegg vatn og avløp er etablert i 2007.
- * Digitalt ledningskartverk er etablert i perioden.
- * Gol vassverk Eiklid er i 2007 godkjent av Mattilsynet i.h.t. *forskrift om vassforsyning og drikkevatt* av 04.12.2001 nr. 1372

RENOVASJON

- * Kjeldesortering med hente- og bringeordning er innført.
- * Etablering av lokalt kjeldesorteringsanlegg i Leirhaugen industrifelt.
- * Revidering av avfallsplanen for Hallingdal er gjennomført i 2007.

VEGSEKTOREN- KOMMUNALE VEGAR

- * Økonomiske bevilgningar er ikkje i samsvar med måla om tilfredstillande vegstandard.
- * Gol kommune ivaretek investeringane i Gol sentrum med bra vedlikehald.
- * Oversikt og handlingsplan for kommunale vegar og bruer er utarbeida. Utbetring og asfaltering av kommunale vegar i tråd med årlig prioritering og tildelte rammes.
- * Rutiner og system for inspeksjon/kontroll av kommunale bruer er innført.
- * Trafikktryggleiksplan for Gol kommune er revidert i 2006
- * Driftssentral på Glitre for kommunalteknisk avdeling blir etablert i 2009

3.3.1 GOL BARNEHAGE

BARNEHAGEPLASSAR

- * Kommunen oppfyller lovkravet om rett til barnhageplass til alle som fyller 1 år før 1. september. Det er eit fleksibelt tilbod sjølv om alle halve plassar er tatt vekk.. Nokon får ikkje tilbod der dei ynskjer pga. kapasiteten ved einskilde avdelingar. Det er oppretta nok plassar slik alle som ynskjer plass kan få tilbod etter kvart som dei søkjar.
- * Omorganisering i Gol kommune resulterte i endra barnehagedrift frå fem barnehagar til ein; Gol barnehage, med fem avdelingar fysisk plassert som tidlegare. I 2009 er barnehagen utvida til sju avdelingar, med to ny avdelingar i sentrum.
- * Utvida plasskapasitet med naudsynte fysiske utbetringar er gjennomført i 2005 – 2009. Breidokk har utvida med ny fast avdeling og 12 plassar pga. utvida barnegrupper. Vesterhuset har også utvida med 6 heile plassar ved ei avdeling. I tillegg er det 24 nye plassar i mellombels ny avdeling Fagerlund. Det er nå utvida med 126 heildagsplassar over 3 år i perioden 2005-2009.

SPEIALPEDAGOGIKK OG TILRETTELAGT TILBOD FOR FLEIRKULTURELLE

- * Alle barn med sakkunnig vurdering får spesialpedagogisk hjelp eller andre tilrettelagte tiltak. I tillegg blir det sett inn ekstra støtteressusar på krevjande barnegrupper og einskildbarn sine behov.
- * Gjennomført prosjekt i norsk språkstimulering for minoritetsspråklege i 2005, 2006 og 2007. Fått innvilga ekstra økonomiske midlar frå Fylkesmannen i Buskerud i 2005 og 2006.
- * Nytt prosjekt fokus på foreldresamarbeidet med dei fleirkulturelle foreldra i regi av Fylkesmannen og NAFO med oppstart hausten 2007 ved Breidokk og Vesterhuset. Avslutta mai 2008.

FORELDRESAMARBEID

- * Brukarundersøking på barnehageområdet blei gjennomført i 2005, 2006 og 2007. Resultatet var gjennomgåande positivt, men med noko variasjon for dei ulike avdelingane. Resultatet blir følgt opp i vidare planar og opplæring. Ny undersøking 2009, som ikkje er avslutta.
- * Brukarundersøking på opnings- og lukketida til barnehagen i 2005. Førte til at foreldre/ føresette kan søkje om utvida opningstid innafor ramma kl. 07.00 – 17.00. Dei fleste søknadene vert imøtekome.
- * Ny måte med foreldrevaluering våren 2008. Styrar og assisterande styrar har hatt samtale med ei gruppe foreldre frå kvar barnehage. Dette var ein positiv oppleving, som er tenkt gjennomført annakvart år. Tilbakemeldingane blir vidareformidla til de andre foreldra på foreldremøta om hausten. Personalet ved kvart hus får tilbakemeldingane og brukte det i vidare utvikling og planlegging.

PEDAGOGISK UTVIKLING

- * 3-årig kvalitetssatsing frå BFD avslutta. Gol barnehage har laga eit forpliktande arbeidsreiskap for kvalitet når det gjeld arbeid i barnehagen - delt i indre og ytre kvalitet - med mål og metodar for barn, foreldre, organisering og tilsette.
- * Gjennomført studietur for alle dei tilsette i Gol barnehage i 2005 og 2007 i tillegg til anna opplæring som har vore spesielt retta mot innføring av ny Rammeplan for barnehage frå august 2006.
- * Sterk satsing på språkutvikling i 2008 og 2009. Ulike kurs gjennom 2008 og 2009 til heile og delar av dei tilsette. Dette arbeidast det veldig bra med ved alle hus.

PERSONALET

- * Fått utvida administrasjonstida til dagleg leiar til 15 % per avdeling fast. I 2008 er dette utvida til minimum 20 % ved siste utviding av administrasjonsressusen. Ein noe større prosent er lagt til Breidokk og Vesterhuset, i tillegg har einavdelings med utvida barnegruppe fått auka med 5 %. Alle stillingane for dagleg leiar har fått 10-25 % vikararbeid lagt til stillinga. På den måten er dagleg leiar meir fleksibel til å vere vikar på avdelinga.
- * Dagleg leiar si tid til administrasjon blir kompensert med pedagogisk leiar på avdelingane.
- * Stillingsheimel for pedagog er auka med inntil 1/3 pr. avdeling (no: 1 1/3 per avdeling).
- * Gol barnehage hadde tilsett pedagog i alle faste pedagogisk leiarstillingar (førskulelærar).
- * Alle førskulelærarstillingane er pedagogisk leiar, det vil si at alle har pedagogisk ansvar på den avdelinga dei arbeidar. I 2009 er det stor utviding, så nå må fleire pedagogstillingar bli konstituert av tilsette i fagarbeidar eller assistentstilling for eit år.
- * Oppretta merkantil stilling, som er utvida frå 25 % til 40 %.
- * Oppretta to faste vikarstillingar på til saman 120 %, utvida til 200 % i 2008. Dette for om mogeleg å opprettehalde vanleg drift ved sjukdom, ferie og anna fråver. 110 % av dette er delt på seks dagleg leiarar. I tillegg er det oppretta 10 % til ved den nye Fagerlund.

BYGNINGANE

- * Vaktmeister- og reinhaldsressursen er auka i 2006 som følgje av utvida drift.
- * Gol barnehage har til saman 100 % vaktmeister fordelt på seks eigedomar.
- * På god veg til å få gjennomført naudsynt vedlikehald og oppussing ved dei tre grenda-avdelingane, slik at dei fungerer bra med utvida drift.
- * Hallingmo og Breidokk er total renovert og bygd på slik at alle barnehageplassane er faste.

3.3.2.1. HERAD SKULE

Måloppnåing er relatert til Mål for grunnskulen i Gol, vedteke i Kommunestyret 27.03.07

PERSONALET

- * Lågt sjukefråvær. Generelt er det rett for heile året under eitt, men når ein får to lengre enkeltstående sjukmeldingar, vil det sjølvstgå slå ut på sjukmeldingsstatistikken på ein so liten arbeidsplass. Ingen av desse sjukmeldingane kan relaterast til forhold ved arbeidsplassen.
- * Høg trivsel og arbeidsmoral
- * Utnytting av personlig kompetanse
- * Digitalt kompetente lærarar
- * Innført SOL – "Systematisk observasjon av lesing" på alle trinn
- * Gjennomført omfattande kompetanseheving innanfor dei sentrale utviklingsområda våre

ADMINISTRASJON

- Administrativt datasystem – OPAD - er innført frå 01.01.2009, og vil vere fullt operativt frå hausten 2009
- **Stort sprik** mellom adm.ressurs og behov for nærvær av rektor.

ØKONOMI

- * Skulen har i halde seg innanfor budsjetterte rammer i alle dei siste åra, og hadde eit lite overskot for 2008, men eit underskot på 129 000 kroner for 2008, grunna mellom anna sterk auke i lønnskostnader.

ELEVAR

- * Nye lærebøker etter Kunnskapsløftet i nesten alle fag og trinn
- * Nasjonale prøver:
 - Om lag på landsgjennomsnitt i lesing og engelsk
 - Godt over gjennomsnittet i matematikk
- * Digitale portfolio innført for alle elevane
- * Alle elevane vil få tett oppfølging av leseferdigheitene gjennom SOL
- * PC-dekning på 62 %. Alle elevane har tilgang på PC til ein kvar tid.
- * Elevsamtaler for alle elevane kvar tredje veke
- * Skulekor for alle elevane på 4.-7. trinn
- * Minikor for 1. – 3. klasse
- * PC blir brukt som ein naturleg del av undervisninga i dei fleste fag
- * Gratis frukt til alle elevar
- * EYLP for 1.- 4. trinn.

BYGNINGANE

- * **Det er ikkje funne plass til nytt ventilasjonsanlegg, noko som gjer at arbeidsforholda for lærarar og elevar til tider ikkje er forsvarlege**
Det er ikkje gjennomført solskjerming i klasserom mot riksvegen (jf. rapport frå miljøretta helsevern), noko som og bidreg til dårlege arbeidsforhold

Skulen sine mål for Handlingsprogram 2010 – 2013:

- Innføring av SOL – Systematisk observasjon av lesing – skal gjere elevane våre flinkare til å lese og skrive
- Elevane ved Herad skule skal ligge over landsgjennomsnittet ved nasjonale prøver i alle dei tre faga.
- Oppfølging av Kunnskapsløftet. Den nye reforma er framleis satsingsområde dei neste åra. Dei viktigaste område i reforma er:
 1. Nye læreplanar i alle fag
 2. Styrking av grunnleggande ferdigheiter
 3. Tilpassa opplæring
 4. Lokal handlefridom når det gjeld læringsmetodar og organisering av dagane
 5. Nye lærebøker i alle fag
 6. Moderne digitale læremiddel som SmartBoard og Tablet-PC
 7. Digitale læringsressursar skal vere ein naturleg del av undervisninga i alle fag
 8. Styrke kompetanseutviklinga for lærarar og skuleleiar innan utviklingsområda våre.
- Satsing på eit digitalt prosjekt innan eit av utviklingsområda.
- Vidareutvikling av Digital portfolio herunder læringsplattforma ” It’s learning”
- Samarbeid heim-skule
- Fysisk aktivitet. IL@skolen/Friskliv

3.3.3 GOL SKULE

Det blir vist til Årsmelding 2008.

3.3.4 GOL UNGDOMSSKULE

LÆRINGSUTBYTE

- * Resultat frå skriftleg eksamen i norsk viser at Gol ungdomsskule ligg litt under snittet i fylket.
- * Resultat frå munnleg eksamen viser at skulen gjer eit bra arbeid.
- * Skulen gjennomfører nasjonale prøvar i september i lesing, rekning og engelsk. På desse prøvane var skulen blant dei beste i fylket.

LÆRINGSSTRATEGIAR

- * Læringsplattforma Its learning vert bruka som arbeidsreiskap.
- * Alle elevane jobbar etter arbeidsplanane for to veker om gongen. Planane vert og bruka som informasjonkanal til foreldra.
- * Det vert gjennomført planlagte elev- og foreldresamtalar for å gi tilbakemelding om den faglege og sosiale utviklinga.

LÆRINGSMILJØ

- * Gol ungdomsskule har gjennom deltaking i [IL@skolen](#) prosjektet fått mykje merksemd.. Dei fleste er imponerte over samansetjinga fysisk aktivitet og tilbodet om gratis frukt. Skulen har og erfart at dette har positiv innverknad på elevmiljøet..
- * Alle elevar med sakkunnig vurdering får tilbod om spesialpedagogisk hjelp.
- * Brukarundersøkinga Elevinspektørene viser at elevane på skulen trivst godt saman med lærarane og med skulearbeidet sitt. Her er resultatata for Gol ungdomsskule blant dei beste i fylket.
- * To dagar i veka har elevane tilbod om organisert leksehjelp etter skuletid.
- * Elevane ved skulen får tilbod om gratis skulefrukost. Dette er ein del av Frisklivs-prosjektet ved skulen. Alle elevane nyttar seg av dette tilbodet.
- * Gol ungdomsskule har elevkantine
- * Alle lærarane og assistentane disponerer eigen PC.
- * Gol ungdomsskule er ein aktiv medspelar i førebyggjande ungdomsarbeid gjennom deltaking i MOT.
- * Skulen har innarbeidd handlingsplan mot mobbing.
- * Innkjøp av datautstyr har gjort at vedlikeholds- og driftsutgiftene har auka. Skulen har ikkje klart å drifte datautstyret godt nok med ei tilgjengelege ressursane.

3.3.5 LÆRINGSSENTERET GOL VAKSENOPPLÆRING

Måloppnåing og gjennomførte tiltak 2004-2009

INTRODUKSJONSPROGRAM FOR FLYKTNINGAR.

Alle deltakarar som har gjennomført programmet er anten i fast arbeid eller i vidare kvalifisering. Deltakarane får norskopplæring i kombinasjon med praksis ute på ein arbeidsplass. Tilbodet blir gitt i tråd med lov om Introduksjonsordning for nyankomne innvandrere.

GRUNNSKULEOPPLÆRING

Skuleåra 2004-2005 og 2005-2006 vart det gjennomført grunnskuleopplæring for vaksne. 2006-2007 var det ikkje tilbod om grunnskuleopplæring. Skuleåra 2007-2008 og 2008-2009 var det gjennomført grunnskuleopplæring for vaksne.

To deltakarar gjennomførte kvart sitt fag, men utan å gå opp til eksamen. Tre elevar gjennomførte dei fem faga som er naudsynt for å få godkjent grunnskule for vaksne. Dei vart då med i trekkordinga for eksamen, og skulle gå opp til ein skriftleg eksamen og ein munnleg eksamen. Alle tre var oppe til skriftleg eksamen i norsk og munnleg eksamen i matematikk.

Alle tre har fått vitnemål med fullført grunnskule og har dermed rett til vidaregåande opplæring.

Tilbodet er eit samarbeid mellom alle kommunane i Hallingdal, men det er ingen gjensidig forpliktande avtale som regulerer samarbeidet. Kommunane dekkjer sin del av kostnaden etter deltakartal. Undervisinga blir gitt i tråd med Opplæringslova §4A-1 og læreplan for grunnskuleopplæring. Frå

1.8.09 er det inngått ein gjensidig forpliktande avtale med Nes kommune om grunnskuleopplæring for vaksne.

NORSKOPPLÆRING

Kommunane Nes, Hemsedal og Gol samarbeider om norskopplæring for innvandrarak. Ein periode var Ål kommune med i samarbeidet. Elevtalet varierer sterkt:

| | |
|-------------|------------|
| 31.12.04: | 52 elevar |
| 31.12.05: | 59 elevar |
| 31.12.06: | 47 elevar |
| 31.12.07: | 46 elevar |
| 31.12.08: | 59 elevar. |
| Våren 2009: | 56 elevar |
| 01.08.09: | xxx |

Elevtalet endrar seg gjennom året. 36 elevar har slutta i løpet av anten vår- eller haustsemesteret. Nokon fordi dei har oppfylt plikta si på 300 timar, nokon fordi dei går opp til og består norskprøve. Det er mange elevar som kjem til i løpet av eit semester.

Det blir oppretta nye grupper/ justert på grupper etter som behovet endrar seg

Undervisninga blir gitt etter Lov om norskopplæring. Det er utarbeidd eigen læreplan for norskfaget. Den statlege tilskotsordninga er under endring. For å få ei kvalitativt tilfredstillande undervisning i tråd med læreplan, er det ein føresetnad at kommunane kjem med eigne midlar i tillegg til det som kjem av statleg tilskot. Samarbeidsavtalen mellom kommunane tek høgde for dette. I 2008 ga staten eit øyemerka basistilskot til kommunane Gol, Hemsedal og Flå. Dette er midlar som skal gå til norskopplæring, og som er ein kompensasjon for underdekning pga ny finansieringsordning, og i påvente av ei ny justert finansieringsordning som er venta i 2009.

- * Norskprøve. Om lag 70% (19 av 26) av deltakarane som avsluttar opplæring har gått opp til norskprøve. Prosenttalet som har gått opp til prøve har gått litt ned dette året, men resultatata på dei som går opp til prøve er gode.
- * Norskprøve 2 resultat februar og juni 09:
 - Munnleg: 8 gått opp til prøve: 100% bestått (0 stryk)
 - Skriftleg: 13 gått opp til prøve: 92 % bestått (1 stryk)
- * Norskprøve 3 resultat februar og juni 09:
 - Munnleg: 11 gått opp til prøve: 100% bestått (0 stryk)
 - Skriftleg: 7 gått opp til prøve: 71 % bestått (2 stryk)

SPESIALUNDERVISNING OG LOGOPEDIBEHANDLING

Om lag 20 personar har til ei kvar tid tilbod om spesialundervisning etter Opplæringslova §4A-2. 8 deltakarar har slutta i løpet av skuleåret. Andre kommunar kjøper tenester etter behov. I 2008-2009 kjøper kommuane Flå og Hemsedal slike tenester. Det blir gjort enkeltvedtak og utarbeidd eigen individuell opplæringsplan for kvar einiskild elev.

LÆRINGSUTBYTE

Gjennomført avsluttande prøver/gjennomført introduksjonsprogram kan vera eit mål på læringsutbyte. Det er gjort greie for dette ovanfor.

LÆRINGSSTRATEGIAR

- * Det blir arbeidd ut individuelle opplæringsplanar for alle deltakarar som har spesialundervisning.
- * For deltakarar på norskopplæring blir det arbeidd ut individuelle planar. Det same gjeld for deltakarar på introduksjonsprogram.
- * Det er tidfesta elevsamtaler/drøftingsmøte for alle elevane 1 –2 gonger i skuleåret.
- * Veiledningsmetodikk er gjennomgåande i heile organisasjonen.

LÆRINGSMILJØ

- * Skuleåret 2008-2009var det seks grupper på framandspråk. Desse har mellom 5 og 11 deltakarar. Tal grupper varierer med elevtalet og kompleksiteten i elevmassen. Gruppene blir sett saman etter læringsfart (skulebakgrunn) og norsknivå. Det er eit mål å gjera gruppene mest moglegele homogene. Ideelt sett bør det til ei kvar tid vera 3 nybegynnargrupper (spor 1, 2 og 3) og

3 vidaregåande grupper (spor 1, 2 og 3) på framandspråk. Elevar som kjem til kommunen har rett på opplæring etter 3 månader. Det blir difor sett i gang grupper i løpet av skuleåret.

- * Det er ei gruppe på grunnskule.
- * Alle elevar med spesialpedagogisk tilbod har sakkunnig vurdering frå PPT
- * Det er omfattande bruk av digitale verkty i opplæringa.
- * Skulen disponerer 25 berbare PC ar til elevbruk. I kontoravdelinga er det innstallert trådløst nettverk. Det er planlagt installering av trådløst nettverk i dei andre delane av byggen som vaksenopplæringa disponerer.
- * Gol vaksenopplæring har omfattande pedagogisk programvare både for framandspråk og spesialundervisning. Programvaren er dels knytt opp mot sentrale terminalar nasjonalt, dels mot terminalar lokalt eller på den einskilde PC. Programvaren blir jamleg oppdatert og fornya.
- * Alle lærarane disponerer berbar PC. Alle lærarane har sin eigen kontorarbeidsplass i to lærararbeidsrom.
- * Vedlikehald: Nokre av toaletta er pussa opp.

ARBEIDSMILJØ

- Det blir gjennomført arbeidsmiljøundersøking mellom dei tilsette annankvart år.
- Det er eit mål å ha årlege medarbeidarsamtaler med alle tilsette.

LÆRINGSSENTERET

Frå 12. juni 2009 er Læringsssenteret Gol vaksenopplæring – Folkeuniversitetet Hallingdal etablert.

Gol kommune og Folkeuniversitetet Buskerud, Vestfold, Telemark har ein samarbeidsavtale om Læringsssenteret Gol vaksenopplæring – Folkeuniversitetet Hallingdal. Læringsssenteret har undervisningslokale og administrasjon i Gamlevegen 2 B, på Gol

Læringsssenteret– Folkeuniversitetet Hallingdal har eigen avdelingsleiar

2.3.6 OMSORGS-AVDELINGA

Måloppnåing 2002-2009

Visjon Gol 2010

Gol – trivselskommunen – med trygge oppvekstvilkår, godt utbygd helse- og sosialtilbod, gode livskvalitetar og stor breidde og kvalitet i tilbod om barnehage, skule, arbeid, livsutfalding, kultur- og fritidsaktivitetar.

Folketalsutvikling

Framskrivning av befolkningsprognosane tilseier at innsatsen på området eldreomsorg kan haldast tilnærma konstant i perioden. Ein vil truleg merke ein aukande etterspurnad på aktiv behandling og rehabilitering med tanke på samhandlingsreformen og meir ansvar til kommunen.

Måten å yte mykje av dei reine pleietenestene på, vil bli endra frå institusjonsbasert omsorg til å yte fleire tenester i mottakaren sin eigen heim. Sjukeheimsplassar vil i større grad bli nytta til aktiv behandling og rehabilitering etter sjukehusopphald.

Veksten i aldersgruppene i yrkesaktiv alder vil ikkje halde tritt med behovet for ny arbeidskraft. Det er viktig å ha plan for rekruttering og utdanning av eigne tilsette.

Måloppnåing og gjennomførte tiltak

- * Det er aukande etterspørsmål frå innbyggjarane i Gol etter alle tenester frå omsorgsavdelinga. Dette har resultert i til dels store ekstrautgifter for avdelinga gjennom fleire år. Budsjettet er ikkje i samsvar med alle lovpålagte tenester som avdelinga må yte, dette har i fleire år vore ein av årsakene til overskridingar på budsjettet. Avdelinga kan ikkje velja bort å gi lovpålagte tenester til innbyggjarane. Det vert kontinuerleg arbeidt med å finne løysingar slik at fleire søkjarar får tilbod innanfor gitte ressursar. Ein ser at det må til ekstra løyvingar for å kunne oppretthalde dei tenestene vi er pålagt å yte.

- * Omsorgstenesta er ei fullt ut integrert teneste. Det vil seie at omsorgstenester vert ytt gjennom heilskapleg integrerte tenester gitt anten i den einskilde sin heim, i omsorgsbustad/bufellesskap eller i institusjon. Områda er delt i fem:
 - område aust
 - område vest
 - område PU/arbeidssenter
 - område kjøkken
 - konsulent funksjonshemma
- * Utarbeidd plan for omsorgstenestene som følgje av RO-prosessen som vart gjennomført i 2007, det er sett på:
 - Framtidig tenestebehov
 - Bustadbehov
 - Demensplan
 - Teneste til personar med utviklingshemming
 - Habilitering og rehabilitering
 - Rekruttering
- * Avdelinga har bidratt til interkommunalt samarbeid, samhandlingsprosjekt Ringerike Sjukehus og Hallingdalskommunane, samt andre samarbeidsfora innanfor Hallingdal.
- * Vore aktivt med i arbeidet med samhandlingsreformen og kva den vil få og seie for Gol og Hallingdal.
- * Gjennomført Coaching-ledelsesutvikling for alle leiarar.
- * Starta deltid sjukepleieutdanning i samarbeid med dei andre Hallingdalskommunane og Diakonhjemmets sjukepleieskule.
- * Revisjonstilsyn frå mattilsynet.
- * Revisjon og tilsyn frå tilsynsfarmasøyt.
- * Vore aktive i å bidra i lag med KS sitt prosjekt om rekrutteringsarbeid innan helsefagarbeidaren.
- * Det er arbeidd med saksframlegg for utgreiing om utbygging ved Helsetunet.
- * Starta arbeidet med evalueringsprosess i.f.t flat struktur.
- * Starta planleggingsarbeidet for opparbeiding og igangsetting av sansehagar.
- * Oppretting av særskilte tiltak i tenesta til personar med utviklingshemming, både butilhøve, bistand/miljøarbeid og tilrettelagte arbeidsplassar. Starta opp med barneavlastning og SFO-ordning.
- * Omsorgsavdelinga følgjer intensjonen som kommunen har som IA-bedrift. Sak 0002/04. Stort fokus på sjukmeldte og tilrettelegging for både dei og seniorar.
- * Bygd to nye bustader i Helsetunvegen (2006), ein nytta som fast bustad og ein til avlastning.
- * Vidareutvikla inndeling i mindre arbeidslag.
- * Alle tenesteområde er knytte til kommunens IT- nett og kan no nytte seg av bl.a. Gerica og IPLOS registrering.
- * Innført pasientjournalssystem for dokumentering innan alle områda, Gerica. Dette gir ei kvalitetsforbetring på alle område når det gjeld dokumentasjon av tenestene.
- * Vidareført og utvida avtale med Hjelp 24 for betre drift av tryggleiksalarmar. Stort kvalitetslyft.
- * Betre gjennomføring av branntilsyn og opplæring i brannforskrifter.
- * **Inngått prosjektsamarbied med Gjensidige og Hallingdal brann og redningsteneste om registrering av brannsikringstiltak hjå burkarar som har heimehjelp.**
- * Oppretta særfunksjonar innan ulike fagfelt både når det gjeld sjukepleiarar og hjelpepleiarar.
- * Vore aktivt med i arbeidet med å starte foreininga Helsetunets venner.
- * Dataprogram for turnus som er knytte opp mot lønssystemet er teke i bruk for å sikre meir nøyaktig oversikt over korleis lønnsmidlane vert brukt. Lettar arbeidet med timelister og fráværingsføring.
- * **Det er gjort vesentlege endringar i oppbygginga av budsjettet. Målet har vore å få eit budsjett som er meir oversiktleg og enklare når det gjeld KOSTRA-rapportering. Det er gjort namneendringar på ansvarsområda**
- * **Tilsett økonomikonsulent i 100% fast stilling.**
- * **Oppretta fagansvarleg i 50% stilling i Helsetunvegen/Arbeidssenter(brukt av eksisterande midlar)**

3.3.7 SOSIALAVDELINGA (NAV)

Måloppnåing og gjennomførte tiltak 2003 - 2009:

- * NAV Gol er etablert
- * Gjennomføring av Kvalifiseringsprogrammet er i gang
- * Oppfølging av sjukmeldte og arbeidsledige slik at dei kjem ut i arbeid. Dette vil redusere utgifter til økonomisk sosialhjelp på sikr.
- * Sosialtenesta har utvikla eit godt samarbeid med relevante samarbeidsinstansar til beste for klientane
- * Sosialtenesta har vore ein pådrivar i rusførebyggjande arbeid i Gol kommune.
- * Det er gjort vedtak om at Gol kommune skal ta imot 15 flyktingar kvart år. Sosialtenesta har følgd opp vedtaket og sørgjer for busetting og oppfølging, der inntektsgivande arbeid er hovudmålsettinga.
- * Det er etablert nye rutinar for internkontroll og sakshandsaming.
- Introduksjonsprogrammet for flyktingar er svært vellukka.

3.3.8 BARNEVERNET

Det blir vist til Årsmelding 2008.

3.3.9 HELSEAVDELINGA

Måloppnåing og gjennomførte tiltak :

HELSEAVDELINGA

2007:

- * Strategi for lokal diabetesomsorg i Gol vedtatt
- * Strategi for lokal tobakksførebyggjande arbeid i Gol vedtatt

2008

- * Grunnlagsdokument for Friskliv vedtatt
- * Plan for sorg og kriseplan vedtatt

HELSESTASJONEN

Felles for alle aldersgruppe

- * Frå 01.01.04 helsesøsterstillingar auka med 75 %, til totalt 225 % stilling.
- * I april 2003 nye eigna lokale.
- * Alle tilsette har eigen datamaskin, og i 2003 har Helseavdelinga tatt i bruk dataprogram for helsesstasjonar. Alle kontaktar blir ajourførte på data.
- * Frå 01.01.06 er psykiatrisk sjukepleiar tilsett i 50 % av øyremerka psykiatrimidlar.
- * Oppdatert journalprogram data haust 2006.
- * Utdanna helsesøster i Marte Meo-metoden i 2007.
- * Utdanna helsesøster og psykiatrisk sjukepleier som MOT-instruktør.
- * Utdanna helsesøster som røykeslutt-instruktør.
- * Om lag 20 % helsesøsterstilling til reisevaksinerings i 2007.
- * Revisjon av "Plan for skolehelsetenesta".
- * Alle MÅ-tenester utført i 2007, samt enkelte BØR-tenester.
- * Helsesøster har vært aktivt med i utviklingen av "Plan for norsk språkutvikling for barn og unge 0-16 år i Gol". Planen ble for øvrig godkjent i UKL i juni 2008.
- * Oppstart med jevnligje samarbeidsmøter med barnevern fra høsten 2007.
- * Frå 2008 auke med 10 % stilling helsesøster

- * Betre lokaler ved Gol skule
- * Større deler av MOT og Sesam er gjennomført enn tidlegare år
- * Tematreff for småbarnsforeldre på helsestasjonen
- * Endra innhald i Svangerskapskurs

Barn 0-5år

- * I 2002 hadde Helseavdelinga valt å skjere ned på helsestasjonsarbeid. I 2003 har avdelinga valt å prioritere helsestasjonsteneste. Helseavdelinga har tatt alle kontaktar som står beskriver i veileder til barn 0-5 år.
- * I 2003 har Helseavdelinga starta med "tematreff". Foreldre og barn 0-1 år treffest på helsestasjon ein gong i månaden for sosialt samvær og aktuelle tema. Dette tilbodet er lagt ned hausten 2006.
- * I 2007 fast tilbod til alle barn 0-5 år, samt individuelle kontaktar utover dette etter behov.
- * Barseltreff.

Barn 6- 15 år

- * I 2004 vart skulehelsetenestetilboda gjenoppretta etter at tenesta hadde "ligge nede" i 2003. Under kartlegginga og planlegginga av lovpålagte oppgåver, såg Helseavdelinga fort at ressursar framleis mangla. Det måtte gjerast prioriteringar og gjevast tilbod til dei skulane som vart vurdert å ha det største behovet.
- * Tenesta er komen godt i gang, men det er ikkje kapasitet til å gjennomføre heile tilbodet.
- * Ein lettversjon av Sesamprosjektet i 6 kl. ved Gol skole er gjennomført i samarbeid med psykisk helse.
- * I 2007 har Sesamprosjektet vorte utvida til 5.-6. kl ved Gol skole og frå hausten 2007 også ved Herad skole.
- * Sesam er gjennomført i sin helhet for 6.klasse ved Gol og Herad.
- * I 2007 MOT på ungdomsskolen
- * MOT er kun delvis gjennomført på alle klassetrinn på grunn av vanskeligheter med å koordinere gjennomføringen med skolen i skoleåret 2007/08

Ungdom 16-19 år

- * Utanom helsestasjon for ungdom har psykiatrisk sjukepleiar vore tilgjengeleg på vidaregåande skule med open treffetid og VIP-opplegget.
- * Frå hausten 2006 har folkehøgskulen fått tilbod om delar av VIP-opplegget.
- * VIP er gjennomført i sin helhet på Gol vgs skoleåret 2007/08
- * Unge frå andre kommunar og land brukar helsestasjon for ungdom aktivt.

HELSESTASJON FOR UNGDOM

- * Frå 2001 - skulelege i samarbeid med jordmor driv ungdomshelsestasjonen med opningstider annankvar måndag.
- * Brukt prosjektmidlar frå staten til å bygge opp Helsestasjon for ungdom frå 1999 til 2002 og eige budsjett frå 2002.
- * Frå 2006 open kvar måndag i samarbeid med skulelege og turnuslege
- * Frå 2007 får inn helsesøster anna kvar mandag
- * Utarbeida eigne plakatar og visittkort.
- * Tilbod om seksualopplysning til 10 klasse.
- * Tilbod om seksualopplysning til 1. klasse på vidaregåande skule i samarbeid med PPT.
- * Eigen informasjon til Russen.
- * Interkommunale møter med andre i dalen som har HFU
- * Rettleiingsgruppe

JORDMORTENESTA

- * Kommunen har svangerskapstilbod til alle gravide. Samarbeid mellom jordmor og fastlegane i kommunen
- * Kommunen har jordmorvaktssamarbeid med Nes, Flå og Hemsedal.
- * Kommunen har svangerskapskurs for vordene foreldre (minikurs). Redusert i 2001 frå seks kveldar til tre grunna kapasitetsmangel.
- * Fått budsjett for 20% jordmorstilling
- * Jordmor er ein del av Helsestasjonen som kom i nye lokale 2003.

- * IT program frå 2003. Oppdatert I 2007.
- * Nytt CTG apparat 2008
- * Akupunkturkurs for jordmødre

FRISKLIV

- * Kommunen har satsingsområde folkehelse og førebyggjande tiltak.
- * Partnerskapsavtale med Fylkesmannen helseavdelinga.
Samarbeidsområda i avtalen knytter seg til følgjande prioriterte områder:
 - Fysisk aktivitet
 - Kosthald
 - Røykeslutt
 - Psykisk helse
- * Partnerskapsavtale med Gol idrettslag.
- * Partnerskapsavtale med frivillige organisasjonar.
- * II@skolen.
- * Trening på resept/Frisklvsresept.
- * Prosjektet er med i universitets-forskning "fysisk aktivitet er lik medisin".
- * Utvikling av helsefremmande arbeidsplassar.
- * Gol kommune har ry i landet som kommune som satsar på folkehelse.
- * Røykesluttkurs, utdanna instruktørar.
- * Helsesamtaler, utdanna instruktørar.
- * Fysisk aktivitet i vaksenopplæringa for framandspråklege.
- * Senior kurs for kommunetilsette.
- * Samarbeid med NAV, Fretex, Vinn as, HaVa BHT.
- * Nettverksmøte Friskliv Hallingdal.
- * Sommerferieaktivitetar for aldersgruppa 9-12, veke 33.
- * Auka fokus på bedriftsidrett.
- * Tilrettelagt trim for psykisk helsevern.
- * Temadag "Frisk i arbeid."
- * Fast stilling fra 01.01.08
- * Styrketrening for godt voksne
- * Aktiv bedrift
- * Kostholdskurs, røyksluttkurs
- * Volleyball turnering for kommunens ansatte
- * Kommunikasjonsstrategi, Hallingdølen
- * Region samarbeid folkehelse i Hallingdal, Gol kommune ansvarlig
- * Nav, Fretex samarbeid om kvalifiseringsprogrammet
- * Informert fylkespolitikere om Friskliv
- * Søknad om nærmiljøanleggs penger, Gol skule
- * Folkehelse inn i planverket
- * Søkt ekstra midler
- * Lagd annonse til turistforeningens sommeravis om Gol kommune

FYSIO- OG ERGOTERAPITENESTA

- * Ergoterapeut er tilsett i kommunen frå 01.09.07.
- * Databasert journalsystem, ProMed, er tatt i bruk frå 2006.
- * Nye lokalar blei tatt i bruk i 2005. Her er det gode arbeidstilhøve for dei tilsette og for brukarane. Lokala er base for kommunalt tilsette ergo- og fysioterapeutar og blir leigd ut til to fysioterapeutar med driftstilskot.
- * Ventetida for fysioterapibehandling har stort sett ligge på eit akseptabelt nivå, (1-3 veker) men har i enkelte tilfelle vore oppe i 2-3 md. På grunn av redusert kapasitet (pasientbehandling utan driftstilskot er redusert) vil ventetida kunne auke utover hausten 2007. Personar som er sjukemelde, eller har behov for opptrening etter skadar og operasjonar, blir prioriterte.
- * Fysioterapeut har deltatt som instruktør i trening på "Frisklvsresept" i Frisklvsprosjektet.
- * Tilbod om vedlikehaldstrening i små grupper for personar med kroniske lidningar etablert i 2006.

2008-2009

- * Arbeid med organisering av fallførebyggjande tiltak for eldre starta hausten 2007.

- * Trening i små grupper for born med ulike bevegelsesvanskar har blitt gjennomført etter behov i samarbeid med skule og barnehage
- * Initiativ til samarbeid for å sjå den faglege breidda i fysioterapitilbodet i Gol i samanheng med tilbodet i andre kommunar i Hallingdal.
- * Arbeid med å etablere gode samarbeidsrutiner med samarbeidspartnarar; spesielt omsorgs-avdelinga, helsestasjon, skule og barnehage.
- * Bassengtrening på Elverhøy Nesbyen kvar onsdag, (ikkje sommar) med tilbod om transport.
- * Trening i smågrupper for vaksne og eldre med varige funksjonsvanskar er i gang
- * Turnuskandidat frå 15.august gav noko auka ressursar til kommunal fysioterai
- * Godt samarbeid med vaktmestertenesta etablert i forhold til hjelpemiddelttenesta
- * Journalprogram ProMed blir brukt av ergoterapeut, kommunefysioterapeut og privatpraktiserande fysioterapeut
- * Faglegeoppdatering innan folkehelse, overvekt, hjerte- og lungerehabilitering, hjerneslag og barnefysioterapi

MILJØRETTA HELSEVERN

2002

- * Godkjenning av 9 barnehagar og skular etter Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skoler; barns arbeidsmiljølov som kom i 1997.

2003

- * Godkjenning av 21 barnehagar og skular etter Forskrift om miljørettet helsevern i barnehagar og skoler.
- * Tilsyn med 28 bassengbad (symjebasseng, boblebad) i forhold til vatnkvalitet, hygiene, tryggleik, dagleg drift etc. .
- * Kontroll av 14 solstudio i forhold til reinhald, merking, røyrttype, oppslag om solvett etc.
- * Tilsyn med campingplassars sanitæranlegg.
- * Bistått Gol og Hol kommune med gjennomføring av radonkartlegging.
- * Gjennomført støykartlegging av område rundt skytebane. Spørjeundersøking i nabolag. I overkant av 100 spørjeskjema vart utdelt og analysert.
- * Støykartlegging på ungdomsklubber/diskotek i samarbeid med Arbeidstilsynet. Det vart gjort målingar av støy og gitt råd og rettleiing.

2004

- * Tilsyn ved 15 frisør- og hudpleiesalongar.
- * Tilsyn/systemrevisjon av 51 skuler og barnehagar (29 barnehagar og 22 skuler). Det vart fokusert på vilkår frå tidligare godkjenning, internkontroll, tryggleik, utforming og innreiing og inneklimate.
- * Tilsynsbesøk ved 85 serveringsstader i juni i samband med innføringa av ny røykelov.
- * Tilsyn med campingplassar i forhold til reinhald/hygiene.
- * Kontroll av 14 badeplassar i Hallingdal. Prøver av vatnkvalitet.

2005

- * Tilsyn 27 skoler og 31 barnehagar i Hallingdal i 2004-2005.
- * Røykelov, kontroll 30 serveringsstader.
- * Kontroll campingplassar/hytter ved behov og ved konkrete førespurnader.
- * Rapport om eigne rutinar for kontroll av kjøletårn og andre installasjonar som kan smitte legionellabakterier.
- * Kartlegging av alle større bygg for kjøletårn, alle butikkar for kjøleanlegg over fruktdiskar, alle bensinstasjonar for bilvaskeanlegg.
- * Utarbeiding av IK-system til alle verksemder med dusjanlegg.
- * Støysaker.
- * Auke når det gjeld førespurnader om inneklimateaker.
- * Uttale til kommunane i saker om utslipp av avløpsvatn i hytteområde.
- * Koordinering av kampanjen om radonmålingar.

2006

- * Tilsyn av 27 badeanlegg (symjebasseng, boblebad) i forhold til vatnkvalitet, hygiene, tryggleik, dagleg drift etc.
- * Godkjenning av barnehageavdelingar/nye barnehagar.

- * Kontroll campingplassar/hytter.
- * Arbeid med fleire store støysaker.
- * Inneklimasaker,
- * Uttale til kommunane i saker om utslipp av avløpsvatn i hytteområde.
- * Systematisering av samtlege radonkartleggingar i Hallingdal. Oppdatering av database med målingar.
- * Koordinering av bestilling av radonmålarar i Hallingdal.

2007

- * Ei mengde uttaler til kommunane vedkommande ureiningsrisiko av drikkevatt ved utslepp av avløpsvatn i hytteområde.
- * Arbeida med fleire store støysaker, ei av sakene er løyst.
- * Oppdatering av radondatabase med målingar, samt formidling av sporfilmar for nye målingar.
- * Utarbeiding av "nye retningslinjer for avfallsbehandling frå storhushaldningar". Alle storhushaldningar i Hallingdal blir informert i løpet av året.
- * Godkjenning av barnehageavdelingar/nye barnehagar.
- * Tilsyn med campingplassar i høve til reinhald/hygiene.

2008

- * Tilsyn solarier.
- * Inneklimasaker

I perioden 2002-08 er det også gjeve råd og rettleiing til offentlige og private verksemder, privatpersonar, skuler og barnehagar. Råd omhandlar til dømes inneklima, fukt/muggsopp, radon, tryggleik m.v. MHV har samarbeida med andre kommunale etatar ved til dømes deltaking på møte og fora etc. Det er blitt gjeve uttale til plan- og byggesaker m.m.

LEGEKONTOR

- * Alle medborgarar i kommunen har tilbod om fastlegeordning.
- * Brukarundersøking på legetenestetilbodet vart gjennomført i 2004. Resultatet var gjennomgåande positivt, og resultatet blir følgt opp i vidare planar.
- * Det er kort ventetid på legetime.
- * Stabil legedekning.
- * Nytt legekantor i april 2003.
- * Legevaktssentral på Hallingdal sjukestugu 2005, interkommunalt samarbeid.
- * Beredskapsplan for helse i 2005.
- * Ultralydapparat leasing avtale over tre år.

2007

- * Nytt røntgenapparat.
- * 50 % sjukepleiarstilling frå april.
- * Nytt INR-apparat.
- * Kvalitetssikringsprogram for legar og sjukepleiarar.
- * Utdanna sjukepleiar som røykeslutt-instruktør.
- * Fokus på røykeslutt, trening, vatn og frukt for tilsette

2008-2009

- * Fjernkontroll røntgenapparat
- * Ekstrahjelp i ekspedisjonen
- * Ny server
- * Nytt Afininon-apparat (us av crp, mikroalbuminuri, HbA1c)
- * Skilt med lys ved innkøyring frå Gamlevegen som viser veg til lege
- * Nye pc'ar med tilgang for kommunalt nett for alle tilsette
- * Ledigheit fastlegeliste
- * Auke i resepsjonen med legesekretær 50 % stilling frå 01.01.09
- * Auke i legestilling frå 60 til 100 %

LEGEVAKT

- * Legevaktsentral Hallingdal sjukestugu.
- * Arbeidsplan.
- * Stabil legedekning.
- * Nye funksjonelle lokale i 2003 - framtidretta med fokus på arbeidstilhøve, sikkerheit og tryggleik.
- * Frå jan 2008 Nattlegevakt på Hallingdal sjukestugu kl.23-08 med medhjelper tilstades

PSYKISK HELSEVERN

- * Kommunen bidreg i dag til at menneske med psykiske problem / lidningar og som har behov for samansette tenester, får koordinert sine tenester frå Psykisk helsevern.
- * Dei får i tillegg tilbod om ein individuell plan og ansvarsgruppe.
- * Klientar som har psykiske problem, og som treng oppfølging over tid, får tilbod om støttesamtaler.
- * Miljøarbeidertenester for menneske med psykiske lidningar er oppretta (3 stillingar x 75 %)
- * Dagtilbodet er reetablert, og det er treff kvar torsdag og laurdagskveld.
- * Psykisk helsevern samarbeider godt med omsorgsavdelinga, sosialtenesta, barnevern, helsestasjon, legetenesta, PPT, skule, vaksenopplæring, barnehage, vidaregåande skule, trygdekontor, A-etat, Vinn, Fretex, Hallingdal Folkehøgskule, Hallingdal sjukestugu, psykiatrisk avdeling på Lier sykehus.
- * Psykiatrisk sjukepleiar er til stades på Gol vidaregåande skule 2 timar kvar veke.
- * Nettverkskafe på Gol vidaregåande skule.
- * Utgitt "Veiviser for psykisk helse".
- * Årleg markert 10. oktober.
- * VIP prosjekt på Gol Videregåande skule.
- * Veileder støttekontaktar, miljøarbeidarar som har klientar som har ei psykisk lidning.
- * Plan-pro er dataverktøy for dokumentasjon og utarbeiding av individuelle planar.
- * Brukarundersøking hausten 2005.
- * 50 % psykiatrisk sjukepleiar på Helsestasjonen 2006.
- * Miljøarbeidarane flytta administrativt frå Omsorgs- til Helseavdelinga.
- * Styrking støttekontakt barn og ungdom 67.000 kroner.
- * Styrking av Friskliv mot psykisk helse.
- * Nytt Grøn-omsorg tenester
- * Bygget i Valdresvegen er beisa.
- * Måla enkelte rom og kjøpt inn nye møblar i Valdresvegen.
- * Overtaking av åtte leilegheiter i Furuvegen til psykiatribustadar i 2007.
- * Auka psykiatrisk sjukepleiarstilling i psykisk helsevern frå 30 til 50 % i 2007.
- * Auka frå 20 % stilling til 50 % i Friskliv i 2007.
- * 75 % stilling miljøarbeidar i 2007.
- * Utdanning av MOT-instruktørar.
- * Vedtatt psykiatriplan 2008-2011 i kommunestyret 27.03.07 sak 9/07 .

2008-2009

- * Tilsett 50 % ruskonsulentstilling ved sosialtenesta.
- * Grøn omsorg auke frå 100 000 til 200 000 kroner.
- * Leasing av 1 bil
- * Ny koordinator tilsett
- * HMS-tiltak: Toalett for tilsette
- * Bytte av journalsystem til Geric
- * Rettleging frå Distrikts Psykiatrisk Senter (DPS)
- * Vedtak skrive for alle brukarar med miljøarbeiderteneste
- * HMS-tiltak: Oppussing av inngangsparti, venterom og nedgang til underetasjoen i Valdresvegen

3.3.10 KULTUR- OG INFORMASJONSAVDELINGA

Det blir vist til Årsmelding 2008.